

Jærstrendene

landskapsvernområde

med biotopfredningar og naturminne

Forvaltningsplan del 2
Forvaltnings skjema og sonekart



Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga

April 2010

Bilete forside:

Naust – O.I Worse

Barn på strand – O.I. Worse

Øybilde med fugle- og planteliv – P.K. Austbø

Tareskog – R. Svendsen

Storskarv – R.S. KArslen

Sommefugl – P.T. Haaland

Sanddyner – A. Lundberg

Orkide purpurmarihand – P. K. Austbø

Sau på naturbeite – O.I Worse

Utforming forside: Odd Inge Worsøe

Sats: Trond Thorsen



Fylkesmannen i Rogaland
Pb 59
4001 STAVANGER Tlf: 51 56 87 00
www.fylkesmannen.no/rogaland

Forvaltningsplan for Jærstrendene landskapsvernområde med biotopvern og naturminne

Jærstrendene utgjer eit nasjonalt og internasjonalt eineståande natur- og kulturlandskap, med veksling mellom sandstrender, rullesteinstrender, morekyst og bergstrender. Naturtypene, med plante- og dyreliv på land og i dei grunne sjøområda, er blant dei rikaste i Nord-Europa. Her lever ei rekke sjeldne og truga artar. Somtrekk- og overvintringsområde for ti-tusener av fugl er Jærkysten kjent over heile verda. Låg-Jæren med strendene utgjer også eit nasjonalt geologisk typeområde, som viktig kjelde for kunnskap om dei siste istidene.

Det karakteristiske kulturlandskapet er i første rekke prega av landbruk og sjøbruk gjennom mange tusen år til denne dag, med særskilde rike kulturminne. Dette landskapet har stort særpreg og identitetsverdi for grunneigarar og folk på Jæren. Natur- og kulturverdiane er på ein eineståande måte knytt saman til ein heilskap, noko som i høg grad blir verdsatt som opplevingskvalitet for fleire hundre tusen friluftsbukarar gjennom heile året.

Jærstrendene landskapsvernområde vart første gang verna ved kongeleg resolusjon 2. september 1977. Nytt revidert vern kom 12. desember 2003. I følgje verneforskrifta skal det utarbeidast forvaltningsplan for verneområdet. Planarbeidet vart meldt oppstarta i 2006. Med landskapsvern på land og i sjø, 8 fuglefredningsområde (internasjonale Ramsar-status), 9 plantefredningsområde, 4 naturminne, samt svært mange kulturminne og bruksinteresser, er området blant dei mest komplekse og utfordrande i landet.

Føreliggande plandokument er to-delt.

Første plandel kap.1 gjer greie for bakgrunn, føremål, juridisk rame og planprosess. Kap. 2 gir generell beskriving av verneverdiar, bruksinteresser og inngrepsstatus, medan kap. 3 har overordna mål, utfordringar og strategiar for forvaltninga. I kap. 4 vert prinsippa for soneinndeling gjort greie for, herunder prinsippet om differensiert forvaltning i dei 37 sonane. Kap. 5 gjer greie for dei mange bruksinteressene i høve praktisering av regelverket, i hovudsak landbruk, andre private interesser og allmen friluftslivbruk. Vidare i kap. 6 – 9 vert det gjort greie for prinsipp og handlingsplanar for skjøtsel, tilrettelegging og informasjon, overvaking og forskning, og tilsyn.

Andre plandel er ei konkretisering av plandel 1; med mellom anna verdiar, bevaringsmål, bruksinteresser og tiltak innafor dei 37 forvaltningssonane.

Fylkesmannen i Rogaland er forvaltningsstyresmakt for verneområdet og har hatt ansvaret for utarbeiding av planen. I dette arbeidet har ein hatt viktig hjelp frå medlemmene i det rådgjevande utvalet for Jærstrendene, og frå mange møte og synfaringar med kommunar, grunneigarar og organisasjonar.

Innhald

Innleiing	5
Oversiktskart/sonekart.....	6
Overordna bevaringsmål.....	7
Samla oversikt forvaltningssonar 1 - 37.....	9
Vegetasjonskartlegging og verdivurdering.....	10
Forklaring forvaltningsskjema og sonekart.....	12
Forvaltningsskjema 1 -37.....	14
1 Randarbergbukta.....	14
2 Randarbergbukta - Tungevangen.....	16
3 Tungenes-Sandebukta.....	17
4 Sandebukta - Børaunen.....	20
5 Børaunen.....	22
6 Ytre Bø – Vistevågen.....	25
7 Ytre skjærgard.....	29
8 Kolnes.....	31
9 Solavika.....	33
10 Sola plantevern.....	36
11 Trælastranda-Ølbør.....	37
12 Vigdel.....	39
13 Vigdelsveten.....	41
14 Vigdelsvika-Veggevika.....	42
15 Hellestø-Byberg.....	44
16 Skarasanden-Byberg.....	46
17 Byberg – Sele.....	48
18 Sele hamn.....	50
19 Bore.....	52
20 Hodne-Reve hamn.....	54
21 Reve hamn-Orreosen.....	56
22 Naturminna Reve/Orre.....	61
23 Orreosen – Vik.....	62
24 Vik-Skeie.....	64
25 Skeie og Refsnes.....	66
26 Nærland-Hå.....	68
27 Obrestad.....	71
28 Obrestad-Reime.....	73
29 Reime - Bodle.....	75
30 Varhaug-Husvegg- Madlandshamn.....	77
31 Madland-Stavnheim-Hårr.....	79
32 Hårr-Kvassheim.....	81
33 Kvassheim-Kvalbein.....	83
34 Kvalbein - Raunen.....	85
35 Brusand.....	87
36 Varden-Osen.....	90
37 Ognasanden.....	93
Sonekart 1 - 37.....	95

Innleiing


Denne **Del 2** av forvaltningsplan for Jærstrendene inneheld forvaltnings-skjema med tilhøyrande foto-kart for kvar av dei 37 sonene. Bakgrunn, mål og prinsipp for inndeling i sonar er gjort nærmare greie for i *Forvaltningsplan* del 1 kap. 4, som igjen bygg på nasjonale føringar (DN: 17, 2001/nytt utkast 2008).

Det ligg føre store mengde eldre og nyare kunnskap om verneområdet, både om natur- og kulturverdiar, men ikkje minst om brukstradisjonar. Samstundes er verneområdet eit av dei mest besøkte og brukte i landet, der det er ei kontinuerlig utvikling av nye aktørar, aktivitetar og tiltak til dømes innan kultur, reiseliv og friluftsliv. Det er uråd å fange opp detaljane i alt dette gjennom planarbeidet. På kart og i forvaltnings-skjema har vi derfor lagt vekt på det som er mest relevant i høve verneføremålet (natur- og kulturverdiar), aktuelle tilhøve for friluftsliv og landbruk, samt dei fysiske areal-avklaringane som verne-reglane krev (t.d. vegar og gjødsling).

Fylkesmannen tek sikte på at både skjema-innhald og tilhøyrande kart etterkvart skal bli kontinuerlig oppdatert og utvikla gjennom ein eigen database for verneområdet, og såleis bli eit aktivt brukt arbeids-dokument for forvaltninga, med web-basert innsynsløysing for grunneigarar og andre brukarar.

Forvaltningsplan for Jæren landskapsvernområde

Forvaltningssoner



FIGUR 1.

Overordna bevaringsmål



FIGUR 2. Strandberg på Tungenes, «grå lavsone» med innslag av urter og naturbeite. Foto P.K. Austbø

Det overordna bevaringsmålet er å ta vare på verdiane som er nedfelt iverneføremålet § 2 i verneforskrifta for Jærstrendene, herunder mangfaldet av natur- og kulturlandskap, med kulturhistoriske element, dyre- og planteartar, naturtypar med eleveområde, samt dei geologiske naturminna. Mange av kulturminna er no tilgjengeleg på Riksantikvarens heime sider www.kulturminnesok.no.

Det er også eit overordna mål å la naturprosessane og biologisk mangfald få utvikle seg så langt som råd naturleg, men med viktige omsyn til sentrale bruksinteresser som til dømes landbruk.

Der det måtte vere «motstridande» verneinteresser (til dømes skogmark kontra open naturmark) skal det leggest til grunn såkalla «robust representativitet», det vil seie at verneverdiar som er godt representert i nokre sonar må vike for andre meir truga verdier i andre sonar.

I 2010 vert det utarbeida nasjonale malar for bevaringsmål i verneområde, i regi av DN, og med fagleg grunnlag i mellom anna *Naturtyper i Norge* www.naturtyper.artsdatabanken.no. Jærstrendene har nokre av dei nasjonalt mest verdfulle og truga kyst-naturtypene, så som naturbeitemark, kystlynghei, sanddyner, stein- grus og sandstrand, og rike grunne sjøområde. Under feltarbeid i 2008 og blei det alt i alt registrert 100 vegetasjonstypar i naturtypene i verneområdet (AL 2010). Det vil vere eit sentralt og overordna bevaringsmål å opprett-



FIGUR 3. Strandberg i «gul sone» med messinglav og diagnoseartar som strandnellik. Foto P.K. Austbø

halde talet, omfanget og kvaliteten på dei mange natur- og vegetasjonstypene langs Jærstrendene, og såleis også det store og internasjonalt viktige artsmangfaldet som lever innafor desse. Eit særskilt omfattande kartleggings- og rapporteringsgrunnlag frå vernetidspunkt 1977/2003 og til i dag utgjer konkret såkalla referanseverdier og tilstandsvariablar (sjå forlaring nedanfor).

I bilda ovanfor vises døme på naturtypen strandberg, frå Tungenes og frå øyene i vest. Her vil bevaringsmål vere å oppretthalde populasjonar med sjeldne plante- og dyrearter, sikre mangfaldet i vegetasjonstypar og sonering, og oppretthalde gamle bruksformer. Tilstandsvariablar :spesifikke artar, areal, grad av påverknad (forstyrning, forureining, omdisponering/inngrep).



FIGUR 4. Orkideen islandsgrønkurle. Prioritert art i sanddyneeng. Kritisk trua. Foto A. Steinnes



FIGUR 5. Østersurt -diagnoseart for steinstrender i god stand. Foto A. Lundberga

Nokre forvaltningsord:

Tilstand: Omtalar den faktiske tilstanden til naturverdiane som god, dårleg, eller usikker.

- God - Ein veit sikkert at tilstanden er betre enn referanseverdien (god og svært god tilstand)
- Dårlig: Ein veit sikkert at tilstanden er dårlegare enn referanseverdien (moderat, dårleg og svært dårleg tilstand).
- Usikker: På grunn av manglande data og annan kunnskap om referanseverdiar, veit ein ikkje om bevaringsmålet er nådd.

Trend: Omtalar endring i naturtilstand over tid som betre, uendra eller dårlegare enn referanseverdiar.

Bevaringsmål: Naturkvalitetane i eit verneområde skal ha eit definert bevaringsmål som seier kva for tilstand som er ønskt i verneområdet.

Tilstandsindikator: Målbar eining for å overvaka ein tilstand, til dømes kjemiske parameter, areal, artsmangfald.

Referanseverdi: Det konkrete målet for ein tilstandsvariabel ved eit gitt tidspunkt.

Prioriterte artar: Artar som kan knyttast til bevaringsmål (j.f naturmangfaldsloven). Tre kategoriar:

- Artar som står på raudlista og er definert som trua
- Norske ansvarsartar – artar kor ein stor del av bestanden er i Noreg
- Konvensjonsartar – artar Noreg har forplikta seg til å ta vare på internasjonalt

Diagnostiske artar: Artar som vert brukte til å vurdere tilstanden til ein naturtype. Kvar naturtype må ha eigne artslister med diagnostiske artar.

Samla oversikt forvaltningssonar 1–37

Sone	Kat.	Tilstand	Trend	Prior.
1 Randbergbukta	B	Dårleg	Usikker/dårleg	*
2 Randbergbukta - Tungevågen	B	God	Dårleg	**
3 Tungenes-Sandebukta	B (C)	God.	Stabil/dårleg	***
4 Sandebukta - Børaunen	A (C)	Usikker	Stabil/usikker	**
5 Børaunen	A	God	Usikker	***
6 Ytre Bø – Vistevågen	B/A	God	Stabil	**
7 Ytre skjærgard	A/B	God	Stabil	**
8 Kolnes	A	God	Usikker/dårleg	***
9 Solavika	C	God	Betre	***
10 Sola plantevern	A	God	Stabil	**
11 Trælastranda-Ølbør	B	God	Stabil	*
12 Vigdel	C	Usikker	Stabil/usikker	***
13 Vigdelsveten	B	God	Betre	*
14 Vigdelsvika-Veggevika	B	God	Usikker	**
15 Hellestø-Byberg	C	God	Usikker	***
16 Skarasanden-Byberg	A	God	Betre	***
17 Byberg – Sele	B	Dårleg	Usikker	**
18 Sele hamn	C	Betre	Stabil	*
19 Bore	B	God	Betre	***
20 Hodne-Reve hamn	B	Usikker	Stabil	**
21 Reve hamn-Orreosen	A/C	God	Betre	***
22 Naturminna Reve/Orre	A	God	Stabil	**
23 Orreosen – Vik	B	God	Usikker	**
24 Vik-Skeie	A	Dårleg	Stabil/dårleg	***
25 Skeie og Refsnes	B	Usikker	Usikker	***
26 Nærland-Hå	A/C	Usikker	Usikker	***
27 Obrestad	B	God	Stabil	**
28 Obrestad-Reime	A	God	Betre	**
29 Reime - Bodle	B	God	Stabil	**
30 Varhaug-Husvegg- Madlandshamn	B	God	Stabil	**
31 Madland-Stavnheim-Hårr	B	God	Usikker	**
32 Hårr-Kvasheim	A	God	Usikker	***
33 Kvasheim-Kvalbein	B	God	Stabil	*
34 Kvalbein - Raunen	B/A	God	Stabil	***
35 Brusand	A	God	Usikker	***
36 Varden-Osen	B/A	God	Betre	***
37 Ognasanden	A	God	Stabil	***

Sone: sjå oversiktskart s. 3, og sonekart

Kat.: sonekategori A, B og/eller C, jamfør kap. 4 Soneinndeling i Forvaltningsplan del 1 **Tilstand/trend:** sjå beskriving nedanfor.

Prioritet: samla vurdering av verdier, utfordringar og truslar (jfr. soneskjema 1- 37, DN 2007-1 og prioriteringskriterier i kap. 6.6 Forvaltningsplan del 1, og AL 2010).

Vegetasjonskartlegging og verdivurdering




FIGUR 6, 7 OG 8. Eit utval av det rike karplantelivet. Bittersøte til venstre, orkideen jærflangre øverst til høyre og klokkesøte. Foto A. Lundberg

Det følgjande er henta frå prof. Anders Lundberg si naturtypekartlegging (2010). Det er tidlegare aldri vore gjennomført ei systematisk kartlegging av naturtypar og vegetasjonstypar i Jærstrendene landskapsvernområde og det er først no ein ser det fulle og heile mangfaldet av naturtypar langs jærstrendene. Under arbeidet med rapporten har det kome fram at det er store naturkvalitetar i landskapsvernområdet, men desse er levande og

dynamiske system som er i kontinuerleg endring. Ei viktig årsak til denne endringa er at områda blir brukte til ulike føremål, til turgåing, til ridning, til vindsurfing, til sandvolleyballspel, til beiting, til dumping av stein og avfall, til beiting, til gjødsling og mange andre ting. Nokre av desse aktivitetane er positive for naturkvalitetane, som moderat beite, mens andre bidrar til å erodere naturkvalitetane, som tung gjødsling og sterk slitasje frå folk.


Talet på karplanter i eit område, ei forvaltnings-sone, har i stor grad samanheng med talet på habitat eller naturtypar i området. Talet på vegetasjonstypar er derfor ein god indikasjon både for mangfaldet av naturtypar og det biologiske mangfaldet, artsmangfaldet. Det er høgast i forvaltningssone 36 Varden-Osen, med 31 registrerte vegetasjonstypar. Det er derfor ikkje overraskande at dette området også er det mest artsrike. Færrast vegetasjonstypar er det i Reve og Orre naturminne, med berre to vegetasjonstypar (kulturbeitemark og planteskog). Om ein ser vekk frå desse sterkt kultiverte kulturmarkene, er det Vigdelsveten og Randabergbukta som har færrast vegetasjonstypar, høvesvis fem og sju.



FIGUR 9.

Talet på karplanter i forvaltningssonene i høve til talet på vegetasjonstypar. Punktet nedst til venstre representerer forvaltningssone 22 (naturminne Reve-Orre); punktet øvst til høgre representerer forvaltningssone 36 (Varden-Osen). Figuren viser at det er ein klar og positiv korrelasjon mellom talet på vegetasjonstypar og talet på artar. Jo fleire

vegetasjonstypar i ei forvaltnings-sone, desto fleire artar. **Den praktiske, forvaltningsmessige konklusjonen på dette er at den beste måten å sikre det biologiske mangfaldet på, er å ta vare på alle vegetasjons-typane som er i eit område.**



FIGUR 10.

Figuren viser korleis raudlisteartane (karplanter, mosar, sopp, lav og kransalgar) fordeler seg på dei 37 forvaltningssonene. Flest raudlisteartar finn ein i forvaltningssone 21 Reve hamn-Orreosen (37 in-takte artar + 4 utgåtte), 35 Brusand (26 artar + 2 utgåtte), 9 Solasanden (18 artar + 8 utgåtte) og 36 Varden-Osen (22 artar + 4 utgåtte). Flest utgåtte raudlisteartar finn me i forvaltningssone 9 Solasanden, med åtte utgåtte artar. Det utgjør 31 % av dei kjente raudlisteartane i forvaltningssona.

Mange av artane som løftar verdien av Jærstrendene til dei store høgdene i internasjonal målestokk er sårbare og i tilbakegang. Det same gjeld nokre av vegetasjonstypane som kjenneteiknar sanddynene og baklandet. For å kunne sette inn relevante verkemiddel for å ta vare på dei, er det nødvendig med kontinuerleg overvaking.

Forklaring til forvaltnings skjema og sonekart

I det følgjande vert det kortfatta gjort greie for innhaldet i dei ulike tema på kvart forvaltnings-skjema og tilhøyrande sonekart-sjå skjema og sonekart i det følgjande.

Sone XX

Dei 37 sonene er nummerert forløpande frå Sone 1 i Randaberg til Sone 37 lengst sør i Hå.

Verneform og sonekategoriar

Fire vernformer er aktuelle: landskapsvern, plantefreding, fuglefreding (også RAMSAR-status) og/eller geologisk naturminne. Sonekategori A = spesielt store verneverdiar, B = vanleg kulturlandskapsone, og C = spesiell tilrettelegging og tiltak (kan utgjere mindre delar innanfor A eller B). Jamfør kap. 4 *Forvaltningssonar* i plandel I.

Gnr.bnr.

Oppstilling av alle kjende gards- og bruksnummer i verneområdet.

Omtale

Hovudtype landskap og naturtypar (AL 2010). I tillegg karaktertrekk av kultur i sona, inkl. nyare og eldre anlegg.

Tilstanden for verneverdiane vert vurdert som **god** (lik eller betre enn referanseverdi), **usikker** eller **dårleg**. **Referanseverdiane** er tilstanden ved 1977- og 2003-vernetidspunkt, samt anna dokumentasjon (jfr. dei viktigaste referansar nemt nedanfor). Vidare vert **trenden** gjort greie for som **betre** (> 25 % av referanseverdi), **stabil**, **usikker** eller **dårlegare** (< 25 % eller meir).

Utfordringane vert punktvis lista opp og vurdert vidare i underliggjande tema som bevaringsmål, skjøtsel, friluftsliv og oppsyn/ overvaking.

Spesielle verneverdiar

Konkretisering av verneføremålet og verneverdiane i den aktuelle sona. Jærstrendene har eit einestående natur- og kulturlandskap, m.a. med dei finaste sanddynestrendene i landet. Det finst ei rekkje særprega lausmasseformasjonar m.a. med strandvollar. Viktige naturtypar er strandenger, havstrand og sanddyne-vegetasjon. Utanom virvel-

dyr er det påvist rundt 55 raudlista karplanter (AL 2010). I alt er 122 raudlisteartar («R-artar») påviste i Jærstrendene plantefredingsområde og landskapsvernområde til saman. Det er berre to verneområde i landet som har meir enn dette (Maridalen LVO og Kolsås-Dælivann LVO ved Oslo). Meir informasjon finn ein i dei rikholdige kjeldene som omhandlar området.

I tillegg til eksisterande kunnskap ved miljøvern-avdelinga er ei rekke andre referansar nytta jfr. referanseliste (plandel I), her eit sentralt utval:

Alle verdjar:

1) FM 1995: Revidert verneplan. 2) Thomsen 1996 og 2004: Kongevegboka. 3) Artsdatabanken 2008

Geologi/landskap:

1) Anundsen & Sollie 1987, 2) Knudsen G. C. 2006, 3) Prøsch-D. & Selsing 2009

Vegetasjon:

1): Vegetasjonskartlegging (v/Dagestad -FM 2000,database)- med arealavgrensing (og artsfunn)av alle verdifulle vegetasjonstypar. 2) Biologisk mangfald i Randaberg (Mangersnes 2003). 3) Eldre raudliste-registreringar (FM 2008: GIS-prosjekt), 4) Supplerande naturtype/raudlisteartarkartlegging (AL 2010), 5) Norsk Botanisk forening veg.rapport 1973: Planlegging vern Jærstrendene, 6) K. A. Lye 1973: Verneverdige strandområde i Rogaland.

7) Moen, A. 1975: Myrundersøkelser i Rogaland.

Fauna:

1) Vinterfugltellingar (NINA mange år), 2) Stavanger Museum (mange år): div. artiklar og oversiktar. 3) Hekskande fugl i Jærstrendene lvo. (FM 2001: v/Folvik, NOF,4) – prioriterte artar i **utheva** skrift (verdi 1 -6 (høgaste)). 5) Insektfauna: 1) FM 2008: GIS-prosjekt, 2) Nilsen T. 1988 og 1997, 3) NINA-rapport 500-2009, 4) Løvbrekke H. 2007

Kulturminne/brukstradisjonar:

1) Automatisk freda kulturminne (FM 1994: v/ Kallhovd, FK-kultur), 2) Bang-Andersen, A. & Thomsen, H. 1993, 3) Riksantikvaren: www.kulturminnesok.no/

Bevaringsmål

Tema bevaringsmål er under nasjonal utvikling i 2009, som metodisk overvåkings- og forvaltningsreiskap i høve verneføremål. Bevaringsmåla er di-



FIGUR 11.
Kystlynghei i sone 14. Bevaringsmålet her er å vedlikehalde open kysthei og artsrikt naturbeite, med diagnoseartar som røsslyng. Foto A. Steinnes

rette retta mot verneverdiane, og gjer greie for den tilstand ein ønskjer at desse skal ha. Måla for kvar sone samsvarar såleis med verdibeskrivingane, tilstand og utfordringar, og framlegg til tiltak i same sone. **Bevaringsmål** er definert på følgjande måte: den tilstanden ein ønskjer at ein natur- og kulturminnekvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål kan formulerast i høve til:

- **areal** (kor mykje areal av ein bestemt type ein har som mål å sikre, restaurere eller utvikle) eller soneringar
- **strukturar eller prosessar** - kva dynamiske og levande prosessar ein har som mål å sikre. Det kan vere geomorfologiske prosessar (t.d. aktive strandvollar) eller suksesjonsprosessar (t.d. sikre marehalm sin funksjon som sandbindande, for å stabilisere sanddyner og hindre omfattande sandflukt)
- **førekost av bestemte artar**: prioriterte (rødlista, ansvarsartar), diagnostiske (forteller om tilstanden for naturtypen), og forvaltningsartar (nasjonal overvaking)

Det er eit krav at bevaringsmåla skal vere målbare og etterprøvbare og dei skal vere realistiske. For at formulering av bevaringsmål skal vere meningsfullt, må det vere tilgjengeleg verkemiddel som kan sette bevaringsmåla ut i livet. Relevante verkemiddel kan vere skjøtselstiltak eller restaurering, det kan vere overvaking eller tilsyn og oppfølging av eventuelle avvik.

Skjøtsel

Jamfør definisjonar, prinsipp og mål i *plandel I kap. 6 Økologisk skjøtsel og landskapspleie*.

«RMP» = Regionalt miljøprogram.

«SMIL» = Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Sjå info om desse tilskota på Fylkesmannen i Rogaland sine nettsider, landbruk.

«Steintipp nr. xx» = Referanse til FM 2003: Stein- og massetippa i Jærstrendene, rapport I/II

Bruksinteresser

Innhaldet er retta mot private og offentlege grunneigarar/rettshavarar med aktuelle konkrete behov, ønskjer, avklaringar og forvaltningsmåli høve vernereglane, jfr. plandel 1 kap. 5 *Bruksinteresser*.

Friluftsliv/almenne bruksinteresser

Verneområdet er inndelt i ferdselskategoriar 1 – 5, jfr. DN-rapportar 1996-4/2006-27, der 1 har mest aktiv tilrettelegging; deretter gradering til kategori 5 -som inneber ferdslsreguleringar. Også samordna med tilsvarende kategoriar i Rogaland Fylkeskommune, fylkesdelplan «FINK» 2004. Inneheld også *forvaltningsmål* og tiltak – dvs. andre mål for forvaltninga som er samordna med *bevaringsmål*.

Anna

I første rekke framlegg til oppsynsoppgåver for SNO, samt spesielle overvaksingsbehov for verneverdiane.

Forvaltningszone-skjema 1–37

Sjå forklaring til dei ulike skjema-omgrepa i teksten ovanfor.

Fuglenamn i utheva skrift er prioriterte hekkeartar i verneområdet (Folvik 2001)

A.L = Anders Lundberg (2010)

FIGUR 12.

Sone 1 Randa-
bergbukta, sett
sør mot Me-
kjarvik. Eit sær-
smalt og slitasje-
utsett sanddyne-
belte. Naust og
moloar. Foto A.
Lundberg



FIGUR 13.

Sone 2 med
fleirårig gras/
urte-tangvoll,
høgurt-ut-
forming med
krushøymole
(*Rumex cris-
pus*), strand- og
skogsbeite. Foto
A. Lundberg



Sone 1 Randbergbukta, Randberg kommune

Verneform: Landskapsvern. Sonekategori: B (vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr.

51/12; 52/10; 53/1, 2, 10, 15, 31, 42, 45, 59, 60, 64, 69, 109

Omtale

Havstrand med naturtypene sanddyner og tangvollar. Om lag 1/3 av stranda er sandstrand (den søre delen), resten er grus- og steinstrand. Sanddynene er låge, men elles fine. Ytre og midtre delar av soneringa er representert, dei indre delane er dyrka. Tradisjonelt naustmiljø. Seks hytter. Stor campingplass. Moloanlegg.

Tilstand, trend og utfordringar

Tilstand: Dårleg/redusert verdi. Trend: usikker/dårlegare. Utfylling av steinmoloar etter 1977-vernet. Særsmalt verneområde er under sterkt press frå camping, opplag avbåtar og flytebrygger, ferdelsslitasje, nye båtplassar og utvida hageareal. Fragmentering av verdifulle plantesamfunn/artar.

Spesielle verneverdier: Landskap	Ope, storskala kulturlandskap med restar av sanddynestrand og ugjødsla beitemark og fint utforma gruntvassbukt.
Vegetasjon:	<i>Naturtypar:</i> Sanddyner, tangvollar. Registrert 7 vegetasjonstypar, verdivurdering C (A.L. 2010), med <i>artsfunn:</i> Kjeldegras(nær trua), strandrug, sandstarr, froskesev, tangmelde, strandmelde, saltbendel, strandarve, tiggarsoleie (mindre vanleg), engstorkenebb, gulmaure. Flikmelde (sterkt truga, på 53/10 i tangvoll/forstrand i 2006). Vegetasjonen i den sørlege delen, ved sandstranda, er velutvikla, med naturlege overgangar frå forstranda med tangvollvegetasjon til låge dyner med strandrug og marehalm. Den nordre delen med dels steinfylling, dels strandvegetasjonen med små fragment av strandeng med saltsev. Tangmelde og strandmelde opptre spreidd. Fragmentert med høgt innhald av ugras.,
Fauna	Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): Sandlo , løvsangar <u>R-liste:</u> Sumarfuglen sandstrandfly
Kulturminne	Fornminne: 53/2, 51/12: del av veganlegg; 53/1, 53/42:2 nausttufter frå jarnalder
Brukstradisjonar	Nyare kulturminne: Iflg fylkesplan for kulturminne båtnaust <i>J4601</i> på 53/1. Det står også to fine naust på 51/12.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Bevare preget av tradisjonelt kulturlandskap, havstrand og grunnvassbukt, utan nye forstyrrende element. ■ Eldre og nyare (naust, båtstøer) kulturminne skal vedlikehaldast i samråd med grunneigar. ■ Oppretthalde arealomfanget for nevte naturtypar og tilknytte R-arter, utan vidare fragmentering
Skjøtsel Restaurering/ utbetring Kontinuerlig skjøtsel	<ul style="list-style-type: none"> ■ Etablere samarbeid med grunneigarar om restaurering og vedlikehald av naust, tufter, båtstøer i tradisjonell byggestil. ■ Tiltak steintippar (FM 2003): lok. 1 og 2. Smal steintipp nord i området kunne vore lødd opp/utbeta til steingarde. I 2004 gjennomførte FM prosjektmed fjerning av div. avfall i sona. ■ Kanalisere ferdslar utanom primærdyner og bakdyner ■ Ekstensivt beite på ugjødsla naturbeitemark (RMP/SMIL)
Bruksinteresser (grunneigar/ rettshavar)	Grunneigar av landbrukseigedom har rett til bruk av traktortraséen til landbruksføremål, langs heile vika. Vedlikehald av vegen skal skje i samråd med forvaltningsstyresmakta. Ingen vidare utbygging eller utviding av hagar. Ved behov for hagegjerder mot beitedyr skal det brukast vanleg husdyrgjerde (meter-not eller el-gjerde), ikkje stakitt, hekk o.l. Brenning av St. Hans-bål på 53/15 krev nærmare dispensasjonshandsaming. Løyve til flytebrygger og vinteropplag båtar kan ikkje påreknast.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1 -5. Forvaltningsmål	<u>Ferdskategori 3</u> (Enklare tilrettelagt vernesone): Parkeringskapasiteten utanfor verneområdet er svært god (ferjekaien på Mekjarvik). <u>Forvaltningsmål:</u> Oppretthalde opplevingskvalitetane for eit aktivt friluftsliv. Ferdsslitasje i sanddynene skal sterkt reduserast, med kanalisering utanom primærdyner/bakdyner. I samråd med grunneigarar etablere merka sti søraust på 53/2 (frå Mekjarvik), vidare trasé forbi 53/45 for å redusere markslitasje. Informasjonsskiltbør settast opp ved Mekjarvik kai/vernegrensa i aust. Infotiltak/skilt om verdier og omsyn for strandbrukarane/camping.
Anna t.d. oppsyn, overvaking	Oppsyn for å hindre uønska tiltak/inngrep i vernesona. Betre arealkartlegging og overvaking av truga vegetasjonstypar og artar.

Sone 2 Randbergbukta - Tungevågen, Randaberg

Verneform: Landskapsvern. Sonekategori B (vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr.	52/3, 6, 7, 9, 10, 11, 15, 16, 2653/60, 69
Omtale	Havstrand med naturtypene strandberg (dominerer, fylittberg), rullesteinstrand/leirstrender og strandeng. Baklandet plante-felt med mykje buskfuru og dyrka, gras-dominert beite. Seks hytter, mindre brygger og moloar.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: God. Trend: dårligare <ul style="list-style-type: none"> ■ Tilgroing av planta buskfuru(før 1977) og anna 1.generasjon busk- og lauvtre i tidlegare open kysthei. ■ Gjødslingspress. Viktig å vedlikehalde aktivt ugjødsla beite, ikkje minst på ugjødsla mark. Unngå overbeite. ■ Behov for nærmare dialog om hytteaktivitetar og anlegg.
Spesielle verneverdiar: Landskap	Eit variert og til dels godt bevart kulturlandskap med høgdedraga Galten og Håbakken som sentrale element. Storslått utsyn mot indre og ytre Ryfylke. Sona er oppdelt i fleire landskapsrom, med svaberg, kysthei, lysåpen furuskog, kulturbeite med steingardar (spes 52/9) og tuete fuktmark.
Vegetasjon:	<i>Naturtypar:</i> Strandberg, rullesteinstrand, strandeng. Registrert 20 vegetasjonstypar, verdivurdering B (A.L. 2010). Dominerande strandbergvegetasjon er lav-arter, med spreidde førekomstar av strandkjempe, fjørekoll og tare-saltgras. Større parti ugjødsla/lite gjødsla naturbeitemark, halvøpe skogsbeite, fukteng og tørreng. Fragment av strandeng og driftvollsamfunn i austre del. Lyng-dominert kysthei og strandberg. To lokalitetar solblom (sårbar) og jærsev (nær trua) i fuktig NV av Galten (52/10). Engstorkenebb lodnestorkenebb (52/10), kusymre (52/11). Heilt vest i sona: grunnlendt kysthei, fint myrparti dominert av duskull, dvergsmyle, tveskjeggveronika og (forvilla?) akeleie. Kystlinja har strandkvann og haremat.
Fauna	Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): ærfugl, raudstilk, kråke, gråtrast, raudvingetrast, svarttrast, gulspurv, løvsangar.
Kulturminne www.kulturminnesok.no	Fornminnefelt på Galten 52/10: 5 gravrøyser, rydningsrøys, gardfar, innhegning.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Oppretthalde heilskap og variasjon i kulturlandskapet, natur- og kulturmark, med ein mosaikk av habitat og naturtypar. ■ Ta vare på og prioritera felt med opne fuktigheit og fuktig beitemark med truga vegetasjon og sjeldsynte artar på spesielt gnr.bnr. 52/10, men og andre eigedommar. ■ Fornminne og sjeldsynt vegetasjon/arter skal bevarast og skjermast mot inngrep og uheldig påverknad.
Skjøtsel Restaurering/ utbetring Kontinuerlig skjøtsel	I samarbeid med grunneigarar og kommune (SMIL/RMP-aktuelt): Fjerning av einer, gran og buskfuru frå større areal, tynning andre stader (Håbakken). Fortsatt beite i tørreheit og fuktigheit. Naudsynt inngjerding og rydding (RMP/SMIL).
Bruksinteresser (grunneigar/ rettshavar)	Storfe-beite. Grunneigarar kan ta ut skog til eige husbehov, i samråd med Fylkesmannen. Sonekart syner godtkjent gjødsla beite, dyrka mark og køyretrasear. Unngå overbeite og oppgjødsling.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1 -5. Forvaltningsmål	Ferdelskategori 3 (enklare tilrettelagt vernesone): Spesielle ferdselsomsyn i høve aktiv landbruksdrift med beitande storfe og sau. Merking/kanalisering bør vurderast for å unngå brukskonfliktar. God parkering i Tungevågen, her bør det settast opp infoskilt.
Anna t.d. oppsyn, overvaking	Båt- og bryggeopplag avgrensast/stoppast. Prioritert registrering av verdifulle vegetasjonstypar og sjeldsynte artar.



FIGUR 14.
Sone 3 Tunge, med tusenårig bruk og kulturlandskap, rik havstrand på fyllittberg. Foto A. Lundberg



FIGUR 15.
Sone 4 Sandebukta er regionalt friluftsområde med fuglefredning. Sterkt behov for skjermende tiltak i sanddyner. Foto A. Lundberg

Sone 3 Tungenes-Sandebukta, Randaberg

Verneform: Landskapsvern. Sørlig del er fuglefredning (Ramsar-status).
Sonekategori B (vanlig kulturlandskapsbruk) / C Tungenes fyr - Tungevågen.

Gnr./Bnr.	52/1,3,4,5,6,7,12,17,18, 20, 23, 25, 28; 53/4, 7, 8, 17,50,57, 66, 70,72, 73,74, 75, 76, 77, 79, 80, 90, 91, 106
Omtale	Bergstand og beitemark, med naturtypene strandberg, tangvoll-vegetasjon, strandeng, grasmark og lynghei. Fornminnefelt, freda Tungenes Fyr, kulturlandskap med steingardar. Rik og tildels sjeldsynt vegetasjon. I Holmavika finst ein fin strandsump i mosaikk med strandeng og fleirårig tangvoll. I 2009 i ferd med å øydeleggast pga overbeite ! Fleire massetippar, mange hytter og bryggeanlegg.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: God. Trend: stabil/dårligare: Omlag 20 hytter, naust og bryggeanlegg pregar kysten frå Sandebukta til Gunnarskjæra. Uheldig plasserte steintippar, søppel og skrap. Truga vegetasjon/planteartar i høve spesielt intensiv gjødsling og altfor hardt storfebeite (Holmavika spesielt). Krevjande sambruk landbruk/ friluftsliv. Tilgroande kysthei, spesielt i sør.

<p>Spesielle verneverdier: Landskap</p>	<p>Variert fylitt-kyst av spesiell geologisk interesse. Storslagen utsikt mot Alstein og Kvitsøy, nærleik til sjøen, beitedyr og markvegetasjon gir store opplevingskvalitetar.</p>
<p>Vegetasjon:</p>	<p><i>Naturtypar:</i> Strandberg, tangvoll-vegetasjon, strandeng, grasmark, lynghei. Samla 22 vegetasjonstypar registert, verdi-vurdering B(AL 2010). Strandsona vekslar mellom sterkt eksponerte strandberg utan samanhengande vegetasjon av høgareståande planter og meir beskytta vikar og bukter, med tang og tare som gir opphav til tangvollvegetasjon. I nokre av buktene er det fint utvikla strandenger (saltenger). Strandberg og ugjødsla kysthei med tusenfrydenger og soleie-fuktenger er karaktertrekk. Fragment av strandenger og kalkrike tørrenger og skjellsand-bankar vekslar med fattigmyr og lyngdominert fukt- og tørrhei. Strandsump/takrøyrsump. Ugjødsla naturbeitemark har svært rik vegetasjon. <i>Artsfunn:</i> Myrsaulauk, dvergsmyle, fjøresaltgras, taresaltgras, bogestarr, sverdlilje, berghøymole (sårbar), vass-slirekne, vasspepar, saltbendel, saltarve, knoppsmåarve, kystarve, blodtopp, engstorke-nebb, gjeldkarve, bogeminneblom, klourt, vassmynte, åkermynte, gulmaure, steinstorkenebb, vårrubloom, blåfjør, sandarve, dvergsmyle, lodnestorkenebb og kystløvetann i beitemark på (52/1, 52/4), grisenestorr og duskstorr (52/4 og 52/7). Bustsmyle (sterkt truga) og tungekurle-mose (sårbar) er kjent frå området mellom Holmavika og fyret (52/4 og 52/6) I området er det også kjent trefingersildre (vest for golfbanen og på 52/23 - sør). I den søre delen av området finst lyngheier, både tørre og fuktige variantar. Dei er i ferd med å invaderast av buskar og tre som spreier seg frå tilgrensande plantefelt.</p>
<p>Fauna</p>	<p>Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001):Kystsonen: Steinvendar hekker einskilde år på N-neset Holmavika (52/4). Sandlo, ærfugl, tjeld, skjærepipelerke, gråmåke, vipe, raudstilk, svarttrost, løvsangar, tornsangar. Overvintrande kvinand, havelle, sjøorre, ærfugl, stokkand.</p>
<p>Kulturminne www.kulturminnesok.no</p>	<p>Fornminnefeltmed fleire gravrøyser frå jernalder vest for fyret, dei fleste lite synlige. Det finst også ein del fornminne innanfor vernegrensa på Sande: gravrøyser og nausttuffer + spor av urne-branngravfelt frå stein- og bronsealder. Usikker status. Nyare kulturminne: Freda Tungenes fyr. Gamle seilingsmerke. Naust i Holmavika og Sandebukta nord. Mange gamle steingardar viser at området har vore brukt som beitemark i lang tid.</p>
<p>Bevaringsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Bevare eit ope og variert natur- og kulturlandskap, med vekt på ugjødsla og ekstensivt beita vegetasjonstypar. ■ Vedlikehalde eldre og nyare kulturminne. ■ Restaurere verdifulle restar av ugjødsla vegetasjonstypar, m.a: <ul style="list-style-type: none"> • Restaurere grunnlendt beite aust for fyret m.o.t gjødselssvake tørrbakkeartar. • Restaurere kystlynghei i sør (53/17) • Sikre sjeldsynte planteartar (t.d. åkermynte, trefingersildre) i våtmark/strandsump (52/18)



FIGUR 16.
Fuglefrednings-
område i sørleg
del av sone 3 er
internasjonalt
Ramsarområde.
Her overvin-
trer ender som
denne kvinanda
i store mengder.
Foto R.S. Karlsen

<p>Skjøtsel Restaurering/ utbetring Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Vurdere utbetring/fjerning av eit par steintippar (kat. 3 og 4). Nyryddingsrøyser bør fjernast. I 2004 gjennomførte FM prosjektmed fjerning av div. avfall i sona; krev oppfølging. Mykje avfall på eigedommar i Holmaviga, bør ryddast i samarbeid med grunneigar. Aktuelle landbruksretta tiltak (SMIL/RMP-aktuelt): Grunnlendt beite på 52/1 aust for fyret har potensiale til å bli urterik tørreng ved gjødslingsstopp; likeså fleire andre innmarksbeiteareal. Stimulere til fortsatt aktivt beiting av kulturlandskapet, men for hardt storfe-beite på 52/7 øydelegg verdifull strandeng i 2009. Målrretta lyngheiskjøtsel og skogrydding tildømes på 53/17. Framande treslag bør fjernast. Tiltaksplan for hamn på 53/7 bør utarbeidast (opprustning pågår haust/vinter 2006). Kanalisere ferdsle frå slitasjesvake areal.</p>
<p>Bruksinteresser (grunneigar/ rettshavar)</p>	<p>Godkjent gjødsla beite og dyrka mark, samt køyretrasear, jamfør sonekart. Unngå tilkøyring av massar til grunnlendt mark. Hyttene bør haldast i nøytrale fargar. Bygg og hagar skal ikkje utvidast. Fasade-endingar berre etter samråd med forvaltingsstyresmakta. Framande treslag rundt hyttene kan normalt hoggast utan vidare.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1 -5. Forvaltningsmål</p>	<p><u>Ferdelskategori 1 Tungenes fyr-området:</u> «Utstillingsvindaug for kystkultur»-Nasjonalt fyrmuseum, «Ein kjede av fyr». Stort potensiale for vidareutvikling av fyret og fyrområdet med si historisk forankring og stor-slagne kystlandskap. God parkering og enkel tilkomst til fots frå Tungevågen. Potensiale for rundturløype, forsiktig merking, gjerdeklyv, fjerning av stengle. <i>Forvaltningsmål:</i> Bidra til vidareutvikling av informasjon om verne- og opplevingskvalitetar ved fyret, i nært samarbeid med kommune og Kystverket. <u>Ferdelskategori 3, resten av sona:</u> Enkelttilrettelegging/passiv skjerming med utgangspunkt ilandbruksinteresser, private hytteeigedommar og fugleinteresser.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn, overvaking</p>	<p>Spesiell fokus på nyare uheldige tiltak knytt til hytter og inngrep i stranda i sørlege delar. Karfesting verdifull vegetasjon.</p>

Sone 4 Sandebukta - Børaunen, Randabergkommune

Verneform: Landskapsvern, fuglefreding (Ramsar). Sonekategori: A og C

Gnr./Bnr.

53/4, 5, 10, 11, 13, 14, 22, 26, 29, 30, 38, 39, 40, 41, 51,52, 53, 54, 56, 58, 61, 73, 74, 95, 96, 97, 98, 108; 54/4, 5, 7

Omtale

Bergstrand, sandstrand og blokkstrand, med naturtypar som sandstrand, sanddyner, tangvollar. Sjølve Sandbukta nord harunderliggjande morene, der steinane i morenen dempar bølgekrafta og skapar vilkår for artar og vegetasjonstypar som ikkje toler sterk eksponering. Rikt fugleområde. Viktig regionalt friluftsområde, med toalett og parkering. Fleire dominerande moloar ved småhamner. Hytter og naust. Strandsone er delvis nytta som kulturbeite.

Tilstand, trend og utfordringar

Tilstand: god Trend: stabil/dårleg: Dynene er sterkt prega av slitasje. Fleire stader dyrka ned til strandflata. Tippar og moloanlegg pregar landskapet i vesentleg grad. Betydelig uroing av fugleliv (laushundar, stor heilårleg ferdslle, vannsport). Verdiforringande ferdsslitasje. Forureina Bø-kanal.

Spesielle verneverdiar: Landskap

Havbuk med storslått ope landskapsrom, stor rekreasjonsverdi. I sør og nord representerer eldre og nyare naust og molohammer ein sær gamal kystkultur.

Vegetasjon:

Naturtypar: Tangvoll, sanddyner, sandstrender. Registrert 7 vegetasjonstypar langs sanddynekysten, verdivurdering B (AL 2010). Nordleg/midtre del: Takrørsump rett aust for moloen. Driftvollsamfunn med tiggarsoleie på strandflata ved 55/98. Dyneforstrand har enkelte år fint utvikla meldesamfunn. Går over i marehalmdyner og fragment av dyneeng. Dansk sandslirekne (kritisk trua) er funne her på slutten av 1980 talet. Artsfunn: Strandrug, mindre marehalm, storkvein, kjeldegras, sandstarr, tangmelde, strandmelde, tiggarsoleie, nordsjøreddik, gulmaure, blåmunke. Blåmunke (regionalt sjeldsynt) og akutt trua av slitasje frå ferdslle. Dyneengene er generelt artsfattige, tydeleg utarma av slitasje. *Sørleg del:* Registrert 10 veg.typar (AL 2010). *Artsfunn:* Storkvein, fjøresaltgras, sandstarr, tangmelde, strandmelde, tiggarsoleie. Cf. sandslirekne.

Vegetasjonen er ikkje samanhengande, men opptre i større flekkar og mosaikk med stein og grus. I den ytre delen av soneringa finst små fragment av strandeng, fin variasjon av artar som fjøresaltgras (ytst, med mest markert saltvasspåverknad), saltsev (like innanfor) og fjøresevaks (der det kjem litt ferskvass-sig frå baklandet). Nokre stader havsevaks, ein typisk brakkvassindikator. Midtre stranddel har flate parti med sand, med eittårig tangvollvegetasjon med tangmelde og andre artar. Sigevatn frå baklandet og gir opphav til ferskvasspåverka driftvollar med strandbalderbrå og tiggarsoleie. Større rullesteinar skapar meir stabile tilhøve. Her finn ein fleirårige driftvollar, dels med strandkvann, dels med strandrug, dels med kveke. Indre del er ugjødsle sauebeite med kulturmarksartar. Mot Børaunen rullesteinstrand med belte av strandkvann, hundekjeks, strandrøyr og strandrug.

Fauna

Sona inngår i større fuglefredingsområde (Ramsar), gjennom sone 5 og delar av sone 6, ned til Einervika. Stor overvintrande bestand av kvinand, havelle, sjøorre, **ærfugl**. Lange periodar vinter når stokkand dominerer. Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): Knoppsvane, **steinskvett**, **ærfugl** (6), løvsangar, **sandlo** (?), **tjeld**.

Kulturminne

www.kulturminnesok.no

Brukstradisjonar

Fornminne på 54/7, Indre Bø: Bautastein og gravrøys (jernalder). Runestein og gravrøys (jernalder). Naust og småbåthamner er nyare uttrykk for sær gamal kystkultur. Strandsone er delvis nytta som sauebeite.

Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Bevare sanddynene som karakteristisk landskapselement. ■ Restaurere samanhengande marehalmdekke i dynene ■ Aktiv skjerming av spesielt overvintrande fugl. Ivareta internasjonale verdi som fuglebiotop og Ramsar-krav. ■ Oppretthalde verdi for prioriterte fugleartar. ■ Auke førekomstar av regionalt sjeldsynte artar som blå-munke, kystfrøstjerne, blodstorkenebb og gulmaure (min. 10 populasjonar av kvar). La marehalm bli dominerande i samanhengande (ikkje fragmenterte) felt i dei kvite dyne felt.
Skjøtsel Restaurering/ utbetring Kontinuerlig skjøtsel	<ul style="list-style-type: none"> ■ I nord kanalisere ferdsla til forstranda, vekk frå kvite dyner og dyneenger. Sanddynene har framleis vegetasjonspotensiale som skal restaurerast (SNO-slått bakdyner 2009). Mot sør fjerne/utbetre Sona eldre steindeponi/moloar, fleire i form av moloar (ref: FM- 2003: Stein- og massetippar, fjerning tipp 10 (54/7). Stimulere vidare ekstensivt beitebruk (SMIL/RMP-aktuelt). Utbetring av ureint vatn i Bøkanalen. Fjerning gamle straumkablar.
Bruksinteresser (grunneigar/ rettshavar)	Areal med godkjent dyrk og gjødsla mark kan drivast som før, fleire godkjende køyretreasear jfr sonekart. Alt vidare arbeid på moloar/fyllingar må berre skje etter kontakt med forvaltningsstyresmakta.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking.	Ferdskategori 2 - midtre/nordleg del: mindre omfattande tilrettelegging for å ivareta verneverdiane. Sanddyneområdet er innkjøpt til friluftsføremål og er ein populær bade- og utferdsplass. Ut frå fuglefredinga i området, og slitasprega sanddyner er det ikkje ynskjeleg med auka bruk av området. Det er parkering, informasjonsskilt, toalett. Kanaliseringsbehov forbi hyttefelt i vest for å redusere ferdselulempar for hytteeigarar. Ferdskategori 3: enklare tilrettelegging. Aktiv skjerming av fugleliv i bukta og mot Børaunen. Ferdsestiltak mot sør må også ivareta grunneigaromsyn. Samarbeid med kommunen i 2008 om nye informasjonsskilt i Bøhamna og styring av ferdsle opp til veg (skjerming Børaunen). Bandtvang heile året i heile sona.
Anna t.d. oppsyn, overvaking	Oppfølgjande registrering av fugleliv og planteliv. Skilta forbod mot bølgesurfing/brettseiling 1/10 - 31/3. Strengare oppsyn laushundar, forsøpling, ulovleg køyring.

FIGUR 17.
 Sone 5 Børaunen tilhører dei 12 bruka på garden Ytre Bø, med kvar sin inngjerda del. Dyra frå kvart bruk blei losa til sin teig. Foto A. Lundberg



Sone 5 Børaunen, Randaberg kommune

Verneform: Landskapsvern, fuglefreding, geologisk kulturminne og plantefreding.
Sonekategori A (spesiell vernesone). RAMSAR-område. Referanseområde

Gnr./Bnr	54/2,7,9;55/2,3,4,5,6,8,9,10,13
Omtale	<p>Strandtypen vekslar mellom svabergkyst, blokkstrand, rullesteinstrand og mudderbotnstrand. Sjølve Børaunen er ein aktiv strandvoll (naturminne), under stadig bearbeiding av havet. Området sørvest i Børaunen er eit nettverk av steingardar etter utskifting av fellesbeite. Her ligg også restane av eit gammalt sildesalteri.</p> <p>Børaunen inngår i «Jæren våtmarkssystem» med internasjonal vernestatus (RAMSAR-konvensjonen) som overvintrings- og trekkområde for fugl. Ei rekke sjeldnare natur- og kulturmarkstypar, herunder sjeldsynte artar er grunnlag for plantefredinga.</p>
Tilstand, trend og utfordringar	<p>Tilstand: God. Trend: God, men utsett: Området er sårbart, både i høve til fugleliv (hekkefugl, trekkfugl, overvintrande fugl) og i høve til sårbar vegetasjon. Omfattande friluftsliv medfører forstyrning for fugleliv (trekk, overvintring og hekking). Børaunen er blant dei største aktive strandvollane i Europa. Det er ei utfordring å la dei naturlege prosessane få halde fram utan inngrep og uheldige følgjer for landbruket innanfor. Det særprega steingard-systemet må jamnleg vedlikehaldast. Likeså ekstensivt husdyrbeite tilpassa det freda plantelivet. Tidvis mykje drivsøppel. Molo-området treng opprydding.</p>
Spesielle verneverdiar:	<p>Børaunen og landskapet rundt har natur- og kulturkvalitetar som landskapsmessig er heilt unike, i nasjonal målestokk. Naturminnet Raunen er i stadig endring, og illustrerer korleis dei mange større strandvollsystema austover i kommunen vart danna i samband med landhevinga. Dette særprega naturminnet, kombinert med det enorme arbeidet som har blitt lagt ned i bygginga av små, snorrette geilar over strandeng og grunnlendt beitemark, gjev landskapet eit særprega og nasjonalt representativt preg. Børaunen er eit arkaisk landskap, ein levande rest frå ei svunnen tid, og er derfor eit svært spesielt og verdifullt kulturlandskap. Verdien av dette spesielle landskapet kan knapt overdrivast.</p>
Landskap	

Vegetasjon	<p><i>Naturtypar:</i> Sandstrender, strandberg, steinstrand, tangvoll, strandsump, naturbeitemark. Det er registrert 24 vegetasjonstypar, verdivurdering A (AL 2010), der mangfaldet er tilpassa stor variasjon i miljøtilhøva, herunder variert beitebruk, over korte avstandar. <i>Artsfunn:</i> dvergsmyle, dunhavre, kjeldegras, fjøresaltgras, strandrug, havsevaks, pollsevaks, blåstarr, salturt, saltbendel, strandarve, engstorkenebb. Talrik førekomst av honningkarse (<i>Cardaria draba</i>). Godt utvikla melde-dominert driftvollsamfunn i nord. Overgang til gjødsla beite og fint utvikla strandenger, i sør med fint utvikla salturtforstrand. Fragment av kalkrike tørrenger på skjellsandbankar. Kysthei med pollsevaks-sump. Naturbeitemark og tusenfrydeng. På austsida av sjøve Børaunen ligg langstrakt tangvoll/driftvoll med strandmelde, tangmelde, bruskmelde og andre. Strandsump (pollsevaks, havsevaks) i le for vestavind og bølger. Børaunen sør-aust har også ein liten, men relativt stabil tangvoll, med viktig funksjon forvade- og sporvefugl under trekket. Salturtforstrand og salturtpanner med krypkvein, saltbedel, strandstjerne, fjøresauløk. SV for Børaunen finn ein grisnestorr og rik bestand av honningskarse, her ein av dei få permanente naturlege førekomstane i landet. Avsnørt frå sundet, mellom Bøhalvøya og Børaunen ligg brakkvasspollar (Bøpollane). Området rundt har fukteng-preg og vert beita av storfe. Rundt geilsystemet (Bøhalvøya/Sundet) finn vi naturbeitemark; fragmentert, ugjødsla saue- og storfebeite med ein del brakkvassdammar. Omfattar også ein pollsevaks-sump. Rett innanfor ligg Børaunen sørvest med strandeng og strandsump. Ugjødsla strandeng beita av sau/storfe. Desse naturtypane finn vi også heilt sør i sundet. Inst i sundet ligg ei stor undervasseng som blir overfløymt ved flo. Slambotn med algevegetasjon. Sørøst i sundet mot vernegrensa finst naturbeitemark beita av sau, mindre påverka av sjøsprøyt. Regionalt sjeldsynte artar som er kjent frå området: Grisnestorr, pollsevaks, salturt, dansk skjorbuksurt, strandkål og askerstorkenebb.</p>
Fauna	<p>Svært viktig beite- og rasteområde fugl, spesielt vadarar under vårtrekk. Børaunen er eit av dei to viktigaste overvintringsområda for vadarar og ender i Rogaland, 200 ulike artar er registrert. Freda sidan 1942. Bøskinane er heilårig rasteområde for andefugl. Vanlegaste artar er ærfugl, stokkand, havelle. Ein del kvinand, svartand, sjørre og tidvis gråstrupedykkar. Heile Sandebukta og Børaunen: Stor overvintrande bestand av kvinand, havelle, sjørre, ærfugl. I periodar mykje stokkand. Nordenden av Raunen, og vidare strandsona og skjera som grensar til Sandbukta, er spesielt rik på vadarar og sjøfugl både haust og vinter, og er særst sårbar for forstyrring frå ferdsel. Viktig område for hekkande fugl (Folvik, 2001): Gravand, ærfugl, sandlo (5), tjeld, vipe, raudstilk (5), steinvendar, raudnebbterne, linerle, skjærpiplerke, løvsangar, steinskvett. Hekkekoloni av terner 2007.</p>
Kulturminne www.kulturminnesok.no Brukstradisjonar	<p>Steingardar/geilar på Børaunen (J8002) representerer gamle middelalderske teigstrukturar frå før utskiftsloven frå 1821, i dag særst sjeldan. Flotte steinvardar (seilingsmerke) vert jamnleg vedlikehaldne. Kulturbetinga eng- og heivegetasjon, der vegetasjonen i dei ulike teigane speglar ulike bruk. På Tangen heilt sør på Ytre Raunen ligg restar av sildesalteri, frå store sildefiskeperiodar på 1800-talet, i drift fram til 1850-talet. Tre nausttuffer.</p>

<p>Bevaringsmål</p>	<p>Ivareta området sin internasjonale verdi som fuglebiotop, oppfylle Ramsar-krav. Oppretthalde verdi 5/6 for hekkande sandlo/raudstilk. Oppretthalde dagens varierte landskap med høg biodiversitet slik det er dokumentert gjennom kryssliste og flyfoto, mellom anna rik ugjødsla naturbeitemark/strandeng (15 % av arealet). La det geologiske naturminne i størst mogleg grad få utvikle seg naturleg. Vedlikehalde steingardsstrukturar og andre synlege kulturminne.</p>
<p>Skjøtsel Restaurering Kontinuerlig skjøtsel</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Legge om turtraséen til austre delar av området, utanom viktige fuglerastestader (spesielt nordre del) og sårbar vegetasjon, m.a. med honningkarse. - Hindre gjengroing gjennom moderat beite (RMP/SMIL-aktuelt). - Vidareføre avtalar om vedlikehald av steingardar/geilar og vardar. - Rydding av strandsøppel (lokal avtale) - Aktiv skjerming av evt. hekkekoloniar. Evt. minkefangst.
<p>Brukarinteresser grunneigar/rettshavar</p>	<p>Innafor plantefredinga er det godtkjent køyre-trase ut til Børaunen, samt eit lite areal dyrka i nordaust. Innanforliggande areal er berre fuglefreda, der landbruk kan drivast som før i samsvar med vernereglane.</p>
<p>Friluftsliv/ allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking.</p>	<p><u>Ferdskategori 4</u>: Passivt skjerma, med omsynsskilt ved registrert hekking. Området har etter måten stort besøk. Tilrettelegging for friluftsliv i sona er ikkje ynskeleg grunna fugle- og planteliv, men pågåande nært plansamarbeid med kommunen om informasjon like sør (ved bunkers) og nord (ved Bø-hamna), med kanalisert ferdsle opp langs bilveg i aust. Organiserte turar/undervisningsopplegg/ arrangement skal berreskje i samråd med forvaltnings-styresmakta. Vurdere aktiv skjerming/ferdselsrestriksjon nordleg del. Dersom likevel fortsatt auka ferdsle/aktivitet på sjølve Børaunen vil fylkesmannen måtte vurdere å tilrå ferdselsreguleringar for Direktoratet for naturforvaltning (ferdskategori 5). Heilårleg bandtvang.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn, overvaking, forskning</p>	<p>Børaunen er eit av referanseområda i Jærstrendene landskapsvernområde. Dette, saman med Ramsar-status tilseier prioritert registrering og overvaking av fugle- og planteliv. Spesielt behov for oppsyn i høve laushundar.Besøkstellingar.</p>



FIGUR 18.
Sone 6 Kulturlandskap på Ytre Bø, med ugjødsla naturbeitemark, steingardar og rike fornminne. Foto A. Lundberg

Sone 6 Ytre Bø - Vistevågen, Randaberg

Verneform: Landskapsvern, samt fuglefreding sør til og med Einarsviga.

SonekategoriB/(A) - vanlig kulturlandskapsbruk/fuglefredingsområde (Ramsar)

Gnr./Bnr	55/3,5,6,7,11,12,13,33,42,44,50,51,52,55,68,69; 56/1,5,18,24; 57/1, 2, 3, 6, 14, 60, 64, 69, 72, 73
Omtale	Dominerende opne bergkyst (strandberg) med blokkstrand og mindre bukter med sand/mudderbotn (viktige habitat). Naturtypar strandberg og tangvol- lar. Kulturlandskap med vekslende kulturbeite, lite gjødsla natur-beitemark og ugjødslakysthei. Mange eldre og yngre kulturminne. Fugle-biotopvern- område (Ramsar) nord for Einarsvika. To småbåthamner, fleire steintippar.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: God. Trend: Stabil. <ul style="list-style-type: none"> ■ Fleire skjemmaende steintippar -enkelte også problem i høve biotopar (td. strandeng) og fornminnene. På nokre eigedommar problem med deponi/ avfall/bålplassar m.m. ■ Stadvis sterkt privatisert strandsone –fjerne ulovlege hinder.
Spesielle verne- verdier: Landskap	Fleire bukter og nes gir storskala-landskapet variasjon, saman med dei rike kulturminna og fuglelivet. Innslag av sand- og rullesteinsstrand med driftvol- lar av tare (for eksempel ved Ytre Bø vest). Geologiskinteressante overgangar mellom fyllitt og glimmergneis ved Ytre Bø. Ved Vistnes banda gneis som sv- arberg, steinblokker med fine detaljar av kjemisk forvitring. Stor tidsdjupne; fornminne frå bronse- og jernalder, fleire nyare kulturminne samt spor etter både småskala- og industriprega landbruk. Naust og småhamner, i kombi- nasjon med kysthei og jordbrukslandskap representerer den minst 4000 år gamle fiskarbondetradisjonen/kystgardane betre enni dei fleste sonene langs Jæren.

Vegetasjon:

Naturtypar: Strandberg, sandstrand, tangvoll, kysthei, naturbeitemark. Registrert 25 vegetasjonstypar, verdivurdering B (AL 2010). Strandeng og fleir-årig tangvollvegetasjon i viker med sand og steinstrand. Uvanleg velutvikla lav-flora med klare soneringar frå sjø og innover. I baklandet er det veksling mellom naturbeitemark (raudsvingel/engkvein/ gulaks), kulturbeitemark (raigras/ engsvingel) og fulldyrka eng. Grunnlendt lyng- og grasdominert kysthei, dominert av røsslyng har stor botanisk verdi som regionale restareal. *Artsfunn:* dvergsmyle, kjeldegras, fjøresaltgras, taresaltgras, kveke, strandkveke, strandrug, havsevaks, sandstarr, blåstarr, knortestarr, kystarve, tiggarsoleie, strandkål, nordsjøreddik, blodtopp, engstorkenebb, karve, østersurt. Einervika sør-vest har også innslag av flekkmarihånd, marimjelde, kattefot, kystmyrklegg og heiblåfjær. Vistnes vest har mykje røsslyng, men også innslag av flekkmarihånd, heiblåfjær, kystmyrklegg, myrklegg, rome, tettegras, soldugg, duskull, hårsveve, aksveronika, enghumleblom og sverdliilje. Mykje av arealet består også av naturbeitemark med varierende gjødselpåverknad. Hestebeitet i Molvika er kraftig og jevnt beita; tørt og næringsfattig med rik flora (strandkvann, stankstorkenebb og strandsmelle er vanlige artar). Fine fylittformasjonar med mykje lav. Sauebeita (Ytre Bø vest, Einervika sør) har lettare beitepress, også relativt svakt gjødselpåverka, ofte med innslag av myr og røsslyng; ned mot svaberga strandeng-preg. Storftebeitene meir nitrogenrike og fuktige med innslag av myr. Vistevågen; kvitkløver, kystmyrklegg, kystmaure, heiblåfjær, hårsveve, kattefot og åkerdylle. Vistnes storftebeite; store mengder engblomar: Blodstorkenebb, heiblåfjær og hårsveve. Enkelte beiteareal har store mengder tusenfryd (tusenfrydenger). Intakte myrområde med duskull, soldogg og tettegras finst på Vistnes nord (Vistevågen), tidvis i mosaikk med kysthei og naturbeitemark. Av regionalt sjeldsynte artar er musekløver registrert ved Einarsvarden, og blodstorkenebb ved Vistnes.

Fauna:

Fuglefredinga har hovudverdi som rasteområde for vadefugl, dykkarar, sjøfugl og ender. Tareviker og driftvollar spesielt viktige for strandfugl. Vanligaste artar **ærfugl**, stokkand, havelle. Ein del kvinand, svartand, sjørørre og tidvis gråstrupepydkkar. I Vistevågen beitar storskarv og andefugl. Islom og smålom. Alke, lomvi og alkekonge. Følgjande to del-område inngår i «område 1, spesielt viktige hekkeområde for fugl» (Folvik, 2001): **Ytre Bø: Ærfugl, tjeld (5), vipe (5), songlerke**, linerle, gravand, **steinskvett**. **Vistevågen: Ærfugl, sandlo, tjeld (5), vipe (5), raudstilk, storspove, raudnebbterne, fiskemåke, svartbak, songlerke**, linerle, skjær-piplerke, **heiplerke, tornsangar, steinskvett, tornrisk**. Dammar med liten salamander i den sørlege delen av sona (Vistnes).

Kulturminne
www.kulturminnesok.no

Sona har spesielt store fornminneverdiar. Av dei meir framtrédande er **Løn(d)shaug** på Ytre Bø (55/6), ei rund gravrøys (bronsealder?) av rullestein, kraftig «restaurert» i 1935. **Grøderøysa** (jernalder) på Vistnes (57/14); lang gravrøys, opprinneleg 38,5 m lang, orientert N-S. Restaurert i 1937 (Naturfredningsforeninga, i dag Naturvernforbundet) og er i dag 47 m, største «langhaugen i fylket. Det ligg på 57/14 også restar av ei anna gravrøys i samanblanding med deponi av rydningsstein. **Gnr/bnr 57/3** har også stor rikdom av fornminne, med rundrøys som må ivareta kast ved utbedring av steintipp på eigedommen. Skålgropfelt med over 22 groper vart registrert i 1995. Mulig gravrøys i austre kant. På eigedommen ligg **Revhaug** (gravrøys frå jernalder) med liggande bauta. NNØ for Dønnevik finst det også ein heller (steinalder) på denne eigedommen.

<p>Brukstradisjonar</p>	<p>På langstrakt bergrygg ved <u>Ytre Bø (55/18)</u> ligg ein rund steinlegning frå jernalder. <u>Einarvarden</u> på Ytre Bø (55/12) er i dag lite synlig i terrenget. Rektangulær steinlegning frå jernalder på <u>Ytre Bø (55/13)</u>, lite synlig i terrenget. <u>Børudlå</u> på Ytre Bø (55/12) ligg på gardstun rett utanfor verneområdet. Det skal også vere ei nausttuft frå jernalderi <u>Vistvik (56/1)</u>, sør og i botnen av Vistevågen, med nyare tids naust inntil i vest.</p> <p>Av nyare kulturminne er det bunkersanlegget frå 2. verdskrigen på Ytre Bø som ruvar mest. Det finst også ein mindre bunker ved Einarvarden (56/5,7). Det i dag tre eldre naust, samt to nausttuffer i vika ved Ytre Bø (55/12) To naust på Heiastranda (Heianausta) (57/1,3) er restaurert og i fin stand. Eit naust og to tuffer ved steintipp 11 (55/13). Fleire tarevegar.</p> <p>Det aktive jordbrukslandskapet har driftstradisjonar 4000 år tilbake i tid, og utgjer eit av dei eldste og framleis aktive kulturlandskapa i landet. Naust og småhamner, saman med ein mosaikk av dyrka, gjødsla og ugjødsla kulturmark, er klare spor etter fiskarbondetradisjonen. Stadvis framleis bruk av tare som jordforbetring.</p>
<p>Bevaringsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ivareta nord-området sin internasjonale verdi som fuglebiotop og oppfylle Ramsar-krav. Ivareta biotopfunksjonane til tarevollar og tareviker spesielt. ■ Oppretthalde verdi 5 for hekkande tjeld og vipe (tarevollane!). ■ Sikre landskapskarakteren av tradisjonsrikt kystlandskap, med strandberg, små sandstrender og viktige tarevollar. ■ Oppretthalde verdifulle ugjødsla naturbeitemark, i nært lokalt samarbeid. ■ Halde ved like kystlynghei i sør. ■ Ivareta dei rike kulturminnekvallitetane, evt. med restaurering og formidlingstiltak.
<p>Skjøtsel Restaurering</p>	<p>Sona er lokalt skjemma av ein rekke masse-tippar, jernskrot og anna, men mykje er rydda seinare år gjennom eige FM-prosjekt. Prioriterast: Steintipp 13 (55/12) Ytre Bø nær Stemmen, kat. 3. Bør fjernast. Steintipp 14 Klubben i Vistevågen (56/1), kat. 3. Avgrensa, men skjemma i verdifull naturbeitemark/fuktmark. Bør fjernast.</p> <p>Steintipp 15 Molvikane (57/14), kat. 2, i klar konflikten med Grøderøysa. Steintipp m.m. 16, Molvikane (57/2), kat. 2. Meir omfattande opprydding. Steintipp 18, Gardsenden (57/1), kat. 4, i strandsone/naustmiljø. Steintipp 19, Gardsenden (57/3), kat.3. Konflikt fornminne.</p>
<p>Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>På kystheia i sør (57/3) bør oppslag av sitkagran/buskfuru/lauvtre jevnlig fjernast for å bevare lynghei/myr-mosaikkprega (RMP/SMIL-aktuelt). Samla sett få til beite- og skjøtelsplanar i samråd med grunneigarar/forsøksring: oppretthalde moderat beitepress, minke gjødsling på grunnlendt beitemark. Vedlikehalde steingard- strukturar og naustmiljø etter ønske frå grunneigarar.</p> <p>Vidareføre samarbeid årleg rydding strandsøppel.</p>
<p>Bruksinteresser</p>	<p>Godkjent gjødsla beite og dyrka mark jfr. sonkart.</p>



FIGUR 19.
Raudnebbterna
er ein prioritert
art i sone 6.
Foto R.S. Karlsen

<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking.</p>	<p>Ferdelskategori 3 (enklare tilrettelagt vernesone): Vegetasjonen tåler godt dagens om fattande ferdsle, men fuglefreding (del av Børaunen Ramsar-område) i nord samt aktivt jordbruk krev spesielle omsyn og betre kanalisering/merking. I kommunens (2008) planlegging tursti Viste – Tungenes må merking ta spesielle omsyn i høve biotopvernet (avstand frå stranda). Omlegging av ferdsle ved konflikt hytteteigedomar (m.a. 53/73). Planar om opprusting/informasjoni krigsbunker lengst nord, samt kanalisering opp til veg mot nord (skjerming Børaunen). <i>Forvaltningsmål:</i> God kanalisering av friluftslivet, såleis unngå konflikt i høve landbruk og fugleliv. Sikre og legge til rette for store opplevings- og formidlings-kvalitetar knytt til kystkulturlandskapet. Sona har stort undervisningspotensiale. Skilt ved Grøderøysa (Ark. muséum) er pr oktober 2006 i god stand. Også underplanlegging infoskilt ved start verneområdet Vistnes i sør. Heilårig bandtvang i fuglefredingsområdet.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn, overvaking, forskning</p>	<p>Behov for ny koordinatfesting og oppdatert status for fornminna. Stoppe all vidare deponering av massar og avfall, samt langvarig skjemmande «lagring». Streng handheving av bandtvang i fuglefredinga. Registrere ferdselsmønster og – antal. Fuglelivsovervaking jfr. Ramsar-kriterie.</p>

Sone 7 Ytre skjærgard, Sola og Randaberg kommunar

Verneform: Landskapsvern og fuglefreding

Sonekategori: A (spesiell vernesone) i fuglefredinga, B (vanlig kulturlandskapsbruk, berre landskapsverna areal, samt aust for Vatnet på Rott).

Gnr./Bnr 10/20;12/1,2,3,4,5,6,7,8,9,11,12,15,16,20, 21,26,27,28,29,30,31, 35,36,37,38,39

Omtale Stort samanhengande fuglefreda sjø- og øyrike frå Vistnes i Randaberg til sør for Kjør naturreservat i Sola. Inkluderer også landskapsverna øyer som Alstein i nord, Flatholmen og andre landnære «Tanangerholmar». Utan bygg eller nyare inngrep, med unntak av på Rott (hyttefelt, fast busetnad, landbruk, granskogsfelt) og Flatholmen fyr. Kysthei/lynghei på større øyer som Håstein og vestre Rott. Berggrunn avgrønstein og grønskifer, stadvis med kvartsitt og kalkstein, kalkrik havstrand og grunnvassområde gir interessant flora. Nasjonal/internasjonalt verdi som fugleområde (hekking, trekk og vinter-opphald, søknad om Ramsar-status 2009).

Tilstand, trend og utfordringar Tilstand: God. Trend: stabil.
■ Ulovleg ilandstiging i hekketid, tidvis ulovleg jakt.
■ Redusert tradisjonell kulturmarksbruk, tilgroing
■ Hekkebestandane er/har vore sterkt pressa av villmink.

Spesielle verneverdiar: Landskap Trelaust og ope storskala-landskap med særprega berggrunn. Sjølve Håstein er markert landskapsform, som eldgamalt seilingsmerke synleg over det meste av kysten i fylket.

Vegetasjon: *Naturtypar:* Kysthei, strandberg, sumpmark, naturbeite. Meir sporadisk undersøkt i 1983/1985 (AL 2010), med funn av 7 vegetasjonstypar. Strandberg som går over i gras og lyngdominert kysthei, stadvis fuktigare parti med fattigmyr og fukthei. Fragment av kalkrike tørrenger i form av skjellsandbankar. Guano frå fuglelivet, saman med den næringsrike berggrunnen, gir mange stader svært rikt planteliv, med store mengder rosenrot, strandnellik, strandsmelle og jonsokblome.
Rott: Til dels sterkt kulturpåverka kysthei, naturbeitemark, gjødsla beite og noko fulldyrka areal. Eldre plantefelt av sitkagran og buskfuru. Strandberg, strandeng, sumpmark, fattigmyr og vatn. Verdifull vegetasjon i og ved Vatnet.

Av mindre vanlige arter er kusymre, vårmarihand og blåstarr registrert på Buøy. Strandkål på lille Sandøy. Raudlistearten kystblåfjelllav (VU) er registrert på Håstein, og liten praktkrinslav (VU) er registrert på fleire av øyene her. Frynsehinnelav er i Rogaland bare kjent frå Buøy i Håstein.

Fauna: Sona er blant dei rikaste fugleområde i Sør-Noreg, med store hekkekoloniar av sildemåke, toppskarv, **svartbak**, **ærfugl**, mindre koloniar av terner og **fiskemåke**, i tillegg til teist, havhest, krykkje, lunde og ein rekke vadar-arter. Området er også mykje brukt av gjess som hekkeområde og under trekk. Omkringliggande grunnvassområde er viktige raste- og overvintringsområde for ei lang rekke sjøfuglson skarv, hav-ender, lommar/dykkarar. Viktig sjøområde for tusenvis av mytande **ærfugl**. Hekkekoloni av gråheigre i skogen på Rott (usikker status pr 2007). Sona er opphalds- og kasteområde for steinkobbe havert.

<p>Kulturminne www.kulturminne-sok.no</p> <p>Brukstradisjonar</p>	<p>12/11 Gravrøys, rund. (Holletrevarden);12/5Gravrøys, hustuft; 12/1,2,23Gardsanlegg, hustufter, røyser m.m; Hustuft 12/3 Rundrøys;12/8 Gravminne/steinlegning;Rundrøys Rott var tidlegare spesielt rik på eldre kulturminne, med fleire gardsanlegg, gravfelt, einskilde gravhaugar, nausttufter og båtopptrekk. I dag er berre 11 av 26 registrerte kulturminnefelt bevart, av desse ligg 7 SV på Rott. Nyare kulturminne: Flatholmen fyr frå 1862 på Flatholmen i Sola, med eit enkelt fyranlegg med bolig, uthus og fyrlykt. I tillegg er det et naust ned i stranda. Ruiner av såkalla «hummer-hytter» i Håstein-området. Steingardar og andre driftskulturminne knytt til gardsdrifta på Rott, dessutan eit Jærhus og kystkulturmiljø i Rott hamn. Kysttheiareala må vere blant dei eldste kulturlandskapa i landet, med tradisjonell skjøtsel (brenning, beite) truleg minst 4000 år tilbake, i kombinasjonsbruk med rik fangst- og fisketradisjon, dei seinare hundreåra særlig hummerfangst. På Rott finn ein restar av gamle ærhus etter tida då ærfuglen også fungerte som«husdyr»for øyfolket (dun og egg). Flatholmen fyr</p>
<p>Bevaringsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ivareta dei store fugleverdiane (jfr. dokumentasjon hekkebestandar kvart 3. år), gjennom streng handheving av biotopvernet og evt. framtidig Ramsar-status. ■ Oppretthalde trelaust kystlandskap utan vesentlege inngrep. ■ Oppretthalde drift og tradisjonell skjøtsel av kulturlandskap i første rekke på Rott.
<p>Skjøtsel - Restaurering - Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Evt. fjerning av granskog/buskfuru på Rott, samt einskilde andre øyer (Alstein). Samarbeid med grunneigarar om brenning og ekstensivt beite av utvalde kystthei-areal og anna ugjødsla naturbeitemark(m.a. Håstein og Rott, RMP-og SMIL-aktuelt). Skjøtselsbrenning av lynghei (m.a. Håstein) må berre skje etter nærmare avklaring; då røynsle tilseier uheldig brenning i høve lyng-revegetering. Prioritert villminkbekjemping. Rydding strandsjøppel.</p>
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshavar</p>	<p>Aktivt landbruk og husdyrhald på Rott. Her er større areal dyrka/gjødsla beite godkjent jfr sonekart. Det er ein rekke hytter på Rott. Beite på Allstein med 14 villsau (2009)</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategor 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking.</p>	<p><u>Ferdelskategor 5</u> (ferdelsreguleringar): Ferdelsforbod 15.04 – 31.07 vestre Rott, Kjarten, Flatholmen, Frøsholmane, Hoggja sør, Sandøy, Kvernholmen, Buøy aust og vestre del av Håstein. Ingen tiltak utan verneskilt. <u>Ferdelskategor 4</u> (passiv skjerming): andre delar av øyriket utan Rott aust. <u>Ferdelskategor 3</u> (enklare tilrettelegging): Rott hamn, kystkultur med utvikling av «Saga»-bygget (stiftelse) som kultursenter, informasjon og tilrettelegging, konsentrere turismen til hamneområdet. Hyppig besøkt av lokale frå Tananger og kystseilarar. Enkel sti- og info-tilrettelegging frå hamna og vestover kan vere aktuelt, i samråd med gardbrukarar. Det vert arbeid med å opne Flatholmen fyr for besøkande.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn, overvaking, forskning</p>	<p>Total-telling av hekkande sjøfugl kvart 3. år. Alle områda med ferdelsforbod nymerka våren 2007. Bør supplerast også andre stader utan ferdelsforbod, men med hekkande fugl. Villmink-jakt 2009. Aktiv forskning/overvaking av sel-bestanden i området.</p>

Sone 8 Kolnes, Sola kommune

Verneform: Fuglefredning utan landskapsvern (Ramsar-status)
Sonekategori: A (Spesiell vernesone)

Gnr./Bnr	10/2, 20, 100, 174;11/1, 2, 4, 7, 8, 10; 13/1, 2, 4, 5, 8, 9, 20, 33, 72, 92, 106, 107, 111, 129, 133
Omtale	For det meste rullesteinsstrand, men og noko bergstrand og viker med sandstrand. Samla sett verdifulle habitatvekslingar, mykje ilandreve tare og grunnvassområde. Havstrand på holmane i vest. Rikt fugleliv. Fornminne. Nyare naust og molo.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: god;Trend: Usikker - dårlegare ■ Uhelding ferdslø og anna unødig forstyrrende aktivitet i høve fugleliv (Ramsar-område) ■ Utbetring av steintippar og organisk avfall, opprydding i molo-område/hamner, fjerning av campingvogn og maskinvrak. Nyare inngrep må stog-gast/fjernast (bauta, campingvogn, vrak m.m).
Spesielle verneverdiar Landskap Vegetasjon	Strand- og grunnvassområde med storslått utsikt mot Ytre Skjærgard og storhavet. Godt utvikla driftvollsamfunn. Leir, sand og steinstrand med fragment av strandenger som går over i naturbeitemark og gjødsla beite. Stadvis innslag av tusenfryd. Mindre parti med strandberg og kysthei. Smånesle (NT-nær trua) førekjem enkelte år i rike bestandar i driftvollsamfunn på sand. Granntun-gras (VU), vassveronika (NT), nikkebrønsle (VU) og evjebrodd er også registrert. Av mindre vanlige artar førekjem kjeldegras (NT), havsivaks, knortestarr og saftstjerneblom.
Fauna	Internasjonal fugleverdi (framlegg Ramsar). Store mengder vassfugl og andefugl under trekk. Spesielt stor verdi som overvintrings-område, med dominerande artar som raudstilk , fjæreplyt, steinvendar, skjærpiplerke (truleg viktigaste lokalitet på Jæren), myrsnipe og storspove . Ofte med fleire tusen ender i frostperiodar. Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): <u>Nordre del</u> : Gravand, ærfugl (5), sandlo , tjeld , vipe , raudstilk (5), songlerke , linerle, heipiplerke , svarttrost, sivsangar, tornirisk . <u>Søndre del</u> («område 2 for spesielt viktige hekkeområde»): gravand, ærfugl , sandlo , tjeld , raudstilk (5), svartbak (6, på holmar v/Klumpe-skjær), ringdue, songlerke , linerle, heipiplerke , løvsangar, svarttrost, steinskvett , stær, grønnefink, gråsporv. Holmane i vest er samlingsplass for sel.
Kulturminne www.kulturminnesok.no	Området er rikt på fornminne:11/7 Hamneområde/nausttuft; 11/4 Gardsanlegg – innhegning, rydn.røyser, gardfar 13/20 Gardsanlegg – gravhaugar, gardfar, nausttuft
Brukstradisjonar	Gamal ugjødsla og tre-lauss kysthei/havstrand på Kolnesholmane og i strandsona, samt naust og båtstøer vitner om dei sær lange kystbonde-tradisjonane mest opp til denne dag. Ved Grytnes i sør ligg både eldre og rester av eldre naust. Ved Ådnaberget ligg ein godt bevar kanonstilling frå 2. verdenskrig.

FIGUR 20.
Krikkanda og fleire tusen andre andefugl overvintre i fuglefredningsområde på Kolnes. Det er då viktig med minst mogleg forstyrning.
Foto R.S. Karslen



<p>Bevaringsmål</p>	<p>Oppretthalde og aktivt skjerme fuglelivet og deira livsmiljø/biotopar, herunder ivareta krav til Ramsar-forvaltning. Oppretthalde verdi 5/6 for hekkande ærfugl, raudstilk og svartbak. Stoppe og fjerne nye inngrep og skader i strandsona. Aktiv skjerming av sjeldne plantesamfunn og –artar.</p>
<p>Skjøtsel - Restaurering/utbetring - Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Flytting/fjerning av ulovleg oppsett bautastein. Opprydding av hamn/naustområde Kolnes. Fjerning av organisk halmavfall, campingvogn og maskinvrak på gnr.bnr. 11/8. Det er ei rekke eldre massetippar i sona, til dels som moloar. Prioritert rydding/ utbetring/fjerning (FM-2003 Stein- og massetippar): tipp 21, 22, 27, 24 og 26. Strandsøppel bør ryddast årleg.</p>
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshavar</p>	<p>Godkjent areal med dyrka/gjødsla mark og køyretrasear jamfør sonkart. Samarbeid med grunneigarar rydding av søppel.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking.</p>	<p><u>Ferdelskategori 4:</u> Passivt skjerma utan tilrettelegging. Likevel vurdere universell tilretteleggings-tiltak til strandflata ved SA-grensa av sona, i nært samarbeid med «Strandleiren» og JF. Ingen offentleg sikra friluftareal. Info-skilt om sårbart fugleliv bør vurderast sett opp lengst i sør. Dersom fortsatt auka ferdsle/aktivitet vil Fylkesmannen måtte vurdere å tilrå ferdselsreguleringar for DN. Heilårleg bandtvang.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn, overvaking, forskning</p>	<p>Ramsar-område har prioritert skjøtsel og streng handheving og overvaking, mellom anna bandtvang. Oppfølgjande overvaking av fugleliv, mens også truga planteartar.</p>



FIGUR 21. Sone 9 På Solastranda medfører friluftslivet sterk slitasje i dynene, og behov for omfattende tilrettelegging. Foto A. Steinnes



FIGUR 22. Sone 9 Fuktig dynetrau på Sola nord – nasjonalt truga naturtype. Foto: A. Lundberg

Sone 9 Solavika, Sola kommune

Verneform: Landskapsvern. Sonekategori: C (Spesiell tilrettelegging og tiltak)

Gnr./Bnr	13/1, 2, 11, 14, 22, 33, 35, 46, 49, 53, 56, 61, 84, 90, 131, 132, 133; 14/15, 18, 19, 24, 28, 42, 46, 52, 58, 60, 71, 109, 119, 121
Omtale	Sanddynestrand med smalt dynebelte, men både i nord og sør sær verdifulle restar av bakdyne-eng og dynetrau. Både eldre og nyare kulturminne i sør. Den mest besøkte stranda langs Jærkysten. Hyttefelt i nord og sør, samt eit større areal dyrka i nord. Under sterkt påverknad og slitasjepress
Tilstand, trend og utfordringar	<p>Tilstand: god. Trend: betre, men stort press. Sanddynene er godt utvikla og det same kan seiast om dynetraua som er varierte både med omsyn til vegetasjonstypar og artar. Etter vern i 1977 har det skjedd ei positiv utvikling. Eit viktig tiltak er etablering av p-plassar, samt stenging av vill-parkering.</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Framleis sterk ferdselslitasje i primærdyneområdet. ■ Sola strandhotell inneber skadeleg arealdisponering i sanddynemarka (opparbeiding, anlegg, bilbruk) ■ Utbyggingspress og steinforebyggingar ■ Sommarstid mykje søppel frå strandbrukarar, trafikk-kaos. ■ Ferdsla med hest, større konkurransar og idrettsaktivitet (brettssport, kyting m.m) og arrangement er til tider i konflikt med det ålmenne friluftslivet. ■ Usikker forvaltning av krigsminna (kommune/FK)

<p>Spesielle verneverdiar Landskap</p>	<p>Solasanden representerer eit storskala, imponerende sanddynelandskap med velutvikla primærdyner, dynebakland og dynetrau. Stort utsyn, det første møte med særprega Jærkysten for tusentals tilreisande. Særs fint utvikla primærdyner, dynebakland og dynetrau, utgjer nasjonalt sær sjeldsynte og truga biotopar.</p>
<p>Vegetasjon</p>	<p>Registrert 22 vegetasjonstypar (AL 2010) Solasanden har sær velutvikla sanddyner, spesielt primærdyner dominerte av marehalm og/eller strandrug. Dynetrau er velutvikla både i nord og i sør, men på litt ulike måtar. <i>Artsfunn</i>: Sisselrot (i eldre primærdyner), takrøyr, marehalm, dvergsmyle, kjeldegras, smårapp, strandsvingel (<i>Schedonorus arundinaceus</i>), strandkveke, strandrug, havsevaks, nordlandsstarr, sandstarr, blåstarr, saltstarr, sandsev, sandvier, strandmelde, tiggarsoleie, nordsjøreddik, strandskolm, pusleblom, dverglin, vill-lin, gjeldkarve, temynte, hestehov. I nord ved «Kappellet» havstrand med havsivaks. Nord for hotellet ligg eit av dei finaste dynetraua i landet, med saman-hengande transekt strand - bakland (ny-restaurert): nattfiol, engmarihand, dverglin, slåttestarr, sandskjegg, blankburkne, mykje myrhatt samt typisk sandsev. Utløpet av Hestebekken har nokre år fint utvikla forstrandsamfunn med kjeldegras, taresaltgras, evjebrodd og froskesev, samt kvassstarr. I sør er dynetraua ikkje like våte, og sandsev er meir dominerande. Her finst også store førekomstar av blåstarr. Sjeldne artar: smalsøte, strandmarihand, fjell-marihand, fleire soppartar (<i>Verpa conica</i>, <i>Lactarius contro-versus</i>, <i>Geoglossum cookianum</i>, <i>Sepultaria arenicola</i>), rosett-mose, nordlandsstarr, bitersøte, bakkesøte, engmarihand, nattfiol, bakkestorr og blankburkne. Langs bekken i sør opptre takrøyr, flaskestarr og den sjeldsynte arten nordlandsstarr.</p> <p>Solasanden er i ei særstilling som ein av dei mest artsrike sonene (128 karplanter 2008), og blant dei med flest raudliste-artar og høgast andel utgatte raudlisteartar (8 artar, 31 %). Denne sona har derfor topp prioritet når det gjeld vidare praktisk skjøtsel og andre forvaltningstiltak.</p>
<p>Fauna</p>	<p>Gruntvassområdet er verneverdig overvintrings-område for hav-ender, lommar og andre dykkarar. Spesielt sjeldsynte er islom, gråstrupedykkar og hornedykkar. Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): <u>Nordre del</u> til hotellet: Heiplierke (2), løvsangar, tornsangar, gråtrost, buskskvett, stær, tornirisk, gråspurv. <u>Søndre del</u> («område 3 viktige hekkeområde for fugl»): heiplierke (2), løvsangar, linerle, songlerke, tornirisk(6), stær, makrellterne (v/flystripa), vipe, grønnfink.</p>
<p>Kulturminne www.kulturminnesok.no</p>	<p>Regestranda : 14/46 Forhistorisk hamn/nausttuft (jernalder) vitnar om då sjøen stod innover flyplassområdet, sidan innfylt av sand. Sona inngår i dei såkalla «Flintmarkene på Solasanden», med funn frå steinalder, bronsealder (m.a. Rege-haugane) og jernalder (m.a. nausttuft austre Regestranda). Nyare naust/tufter, samt anlegg frå 2. verdskrig lengst vest.</p>
<p>Bruksinteresser</p>	<p>Avinor har løyve til motorisert ferdsle midt på Regestranda. Likeså har hytteeigarar og eigarar av naust godkjent køyretrase lengst vest på Regestranda. Godkjent dyrka mark, køyre- og ride-trasear. Hytteeigarar på Rægestranda ønskjer samarbeid om skjøtsel, skilting og vegutbetring.</p>
<p>Bevaringsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ivareta opplevingskvalitetane i ei av dei mest besøkte sonene langs Jærkysten, ved å hindre inngrep, forsøpling og forstyrrande aktivitet. ■ Ta vare på eit stort og velutvikla sanddynesystem med store delar av soneringa intakt i nord og sør, frå tangvoll og fordyner til primærdyner og bakdynelandskap med dynetrau og dyneenger. ■ Oppretthalde verdi 2/6 for hekkande heiplierke og tornirisk. ■ Fornminna og naust/tufter skal ivaretakast.



FIGUR 23. Omfattande tilrettelegging er naudsynt på Regestranda. Jæren friluftsråd har lagt ned steinheller som tursti til stranda. Foto P. K. Austbø

<p>Skjøtsel Restaurering/utbe- tring</p> <p>Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Merke/avgrensning stiar gjennom sanddynene til stranda. Gamle bilspor og slitasjespor bør utbetrast/ gjennfyllast. Slitasjeprega dyneareal skal skjermast, evt. nyplantast med marehalm. Sandplastre steinfyllingane i nord. Oppfølging krigsminne (FK/kommune). Fjerning av m.a. lauv- og bartreoppslag og uønska framande planteartar. Dialog Sola strandhotell for å restaurere og unngå arealpress på dynemark.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking. Bandtvang.</p>	<p>Ferdskategori 2 (omfattande tilrettelegging og informasjon): 6 areal er sikra som friluftsområde. Nye info-skilt er sett opp ved hotellet og Rægestranda. Rægestranda: satsa mykje på p-plassar (samstundes stenging av uheldige p-plassar i strandeng), ny steinlagt sti til stranda, nye info-skilt, og ny p-plass for sykklar (FK). AmS har skilta naust-fornminne. Større arrangement må ha eiga godkjenning og skal ikkje vere til hinder eller privatiserande for ålment friluftsliv. Riding på strandflata vil bli nøye vurdert. Ved meir omfattande konflikt vil fylkesmannen vurdere å avgrense bruk av hest på stranda. Kommunens tidlegare ønske om gang- og sykkelveg langs flyplassgjerde kan imøtekommast gjennom dispensasjon, jfr. MD-framlegg til vernevedtak, i samråd med Avinor og Statens vegvesen. <i>Forvaltningsmål:</i> Rægestranda aktuell for «universell tilrettelegging» (tilkomst stranda), også ved «Strandleiren» lengst nord.</p>
<p>Anna</p>	<p>Overvake slitasjeutvikling i primærdynene. Registrere insektfauna i bakdyninger og dynetrau.</p>

Sone 10 Sola flyplass plantevern, Sola kommune

Verneform: Plantefredning, landskapsvern. Sonekategori: A (Spesiell vernesone)

Gnr./Bnr	14/24, 42, 46, 47, 292
Omtale	Biotopfreda planteliv med dynehei og våtmarksenger. Sterkt prega av flyplassdrifta og kanaldrenering.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: God. Trend: stabil ■ Utfordringar knytt til flyplass-drift og -tryggleik. ■ Tilgroing og drenering
Spesielle verneverdiar Landskap Vegetasjon	Det opne bakdyne-landskapet er eit sjeldsynt vitnesbyrd om sandstrand-landskapet frå før oppdyrking og utbyggingar. Vegetasjonstypen er vekslande tørr dynehei og fuktige våtmarksenger. Ein rekke R-arter: smalmarihand, korallrot, sandsiv, engmarihand, grov nattfiol, «nordsjø-marihand», bakkestorr mfl. (x-liste 2006).
Fauna	Truleg rik, men lite undersøkt insektfauna knytt til det opne og florarike dyneheilandskapet. Fuglelivet er sterkt påverka pga nærleiken til flyplassen (avskyting), men er i utgangspunktet rikt på spurvfugl, vadarar og ofte jordugle og tårnfalk. Tidvis svært viktig hekkeområde for terner (6).
Kulturminne www.kulturminnesok.no	Inngår i dei såkalla «Flintmarkene på Solasanden», eit stort område Sola – Ølberg som vart arkeologisk undersøkt allereie på 1800-talet, sidan på 1980-talet, med funn frå steinalder, bronsealder og jernalder.
Bruksinteresser grunneigar/rettshav.	Ein jordbrukskanal går gjennom området, og krev vedlikehald til tider. Avinor harveg langs sørgrensa og behov for vedlikehald av tekniske anlegg.
Bevaringsmål	Bevare biotopkrava til artsrik vegetasjon i feltsjiktet gjennom å hindre jengroing og ytterlegare drenering. Behalde eit ope trelaust bakdynelandskap med høgt grunnvassnivå. Oppretthalde verdi 6 for hekkande terner
Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel	Lukking (røyrlegging) av kanal N-S vil redusere uheldig drenering. Mangeårig fjerning av treoppslag, lupin og tinnved må halde fram med høg prioritet.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser	Sona er avgjerda mot Nordsjøvegen i vest og har strengt ferdselsforbod som ein del av restriksjonane knytt til flyplassen. Ingen aktuelle friluftsliviltak.
Anna	Vegetasjonsundersøking i 2006 (kryssliste) må følgjast opp, spesielt i høve truga/særs sjeldsynte planteartar, og insektliv. Nærmare areal-kartfesting av sjeldsynt planteliv.



FIGUR 24.
Sone 11 Engstorkenebb pyn-
ter opp i stranda
ved Ølbør. Foto
A. Lundberg

Sone 11 Trælastranda – Ølbør, Sola kommune

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr	20/4,7,8,9,11,13,30,32,40,44,45,49,50,57,63,65,83,84,111,122,133
Omtale	To-delt sone med mellomliggende Ølberg hamn. Havstrand og svabergkyst med noko blokkstrand/rullesteinsviker. Kulturlandskap med dominerande kulturbeite, ugjødsla naturbeitemark og artsrike steinstrender. Mindre parti med granskog. Større bunkersanlegg. To mindre hyttefelt.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: god. Trend: stabil. Vegetasjonstypane er slitesterke. Gjødsla areal med stort innhald av ugras som reduserer beiteverdien (knereverumpe, vassarve, landøyda og andre). Godt intakte naturbeitemarka, strandberga, sandstranda og steinstrendene. <ul style="list-style-type: none"> ■ Stadvis gjødslingspress på naturbeitemark. ■ Spreiing granskog. Jernskrot i strandsona.

<p>Spesielle verneverdiar Landskap</p>	<p>Storskala-landskap med særprega klippekyst, Interessant geologi: 400 mil. år gammalt skyvedekke-berg med sær illustrerende skråstilt utforming av glimmerskifer og glimmergneis. Store opplevingskvalitetar med utsikt frå Ølbergneset og Store Trælen. Vekslande jordbrukslandskap med gjødsla beite, havstrand og mindre gjødsla kysthei.</p>
<p>Vegetasjon</p>	<p>Registret 14 veg.typar, verdivurdering B (AL 2010). Steinstrendene er tangpåverka og artsrike, med sjeldsynte artar som engstorkenebb, knortestarr m.fl. I bergsprekkene finst typiske strandbergartar som dvergsmyle, kystarve, bitterbergknapp, kystbergknapp, rosenrot, smørbukk, fjørekoll og strandkjempe. Innslag av sandstrand med grovkorna, kalkrik skjelsand med tilhøyrande sandvegetasjon. Her og der finst små lyngheifragment. Rester av ugjødsla kysthei og meir artsrike, lite gjødsla, tørrbakkar. <i>Artsfunn</i>: Dvergsmyle, strandkveke, havsevaks, småsevaks, sandstarr, knortestarr, sandsev, kystarve, tiggarsoleie, jåblom, blodstorkenebb (nær grensa til Vigdel), flekkgrisøyre.</p>
<p>Fauna</p>	<p>Delar av strandsona og grunnvassona har verdi som rasteområde under trekk og overvintring. Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): «Område 3 for viktige hekkeområde for fugl»: Ærfugl, raudstilk, fiskemåke, hettemåke, tjeld, vipe, linerle, skjærpiplerke (5), heipiplerke, svarttrost, ringdue, fuglekonge, kråke, gråtrast, grønfink, tornirisk, stær, steinskvett, gulsporv, bokfink, gjerdsmett.</p>
<p>Kulturminne www.kulturminne-sok.no</p>	<p>20/7 Tidlegare gravminne – TAPT.Trælaneset og -stranda har namn etter trælane til Erlings Skjalgson. Sona inngår i ei kyststripe med stor kulturhistorisk djupne frå 3000 år gamle helleristningar til 60 år gamle krigsminne. Sona inngår i dei såkalla «Flintmarkene på Solasanden».</p>
<p>Bevaringsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Oppretthalde og restaurere kystlandskap med strandberg og beita grasmarker. ■ Oppretthalde verdi for hekkande fugleartar.
<p>Skjøtsel - Restaurering/utbetring - Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Opprydding av mindre mengder «tysker-jarnskrap» (20/9). Utbetring av steintipp 30 (kat. 3) vest på Trælestranda (20/9), og ein mindre steintipp på 20/11 (kat. 4). Utbetring og sikring av krigsminne-anlegg. Vurdere fjerning av sitkaskog i Nadavika. Dyrka mark og gjødsla beite på offentleg areal i sør (gnr.bnr. 20/111) skal tilbakeførast til ugjødsla naturbeitemark. Hindre ekspandering av granfelt, evt. fjerning/treslagsskifte. Oppmoda om vidare moderat beiting og redusert gjødsling på aktuelle areal (RMP/SMIL-aktuelt). Årleg fjerning av strand-søppel i viker.</p>
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshav.</p>	<p>Godkjente store areal gjødsla beite og køyretrasear jfr. sonkart. Granskogsteigar kan fritt fjernast, men utan nyplanting av framande treslag.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1 -5.</p>	<p><u>Ferdelskategori 3</u> (enklare tilrettelegging): Sola kommune har merka tur-trase langs strandsona. Ny-merking skal avklarast med forvaltningsstyresmakta (uheldig malingsbruk). Aktivt landbruk og husdyrhald tilseier varsemd. Parkeringsplass i Ølberg hamn, ved Regestranda og Vigdelstranda. <i>Forvaltningsmål</i>: Statlig sikra «Rosenbergeigedom» i aust har stort undervisningspotensiale og burde vore utvikla i så måte gjennom felles offentleg samarbeid.</p>

Sone 12 Vigdel, Sola kommune

Verneform: Landskapsvern.Sonekategori: C (Spesiell tilrettelegging og tiltak)

Gnr./Bnr	20/11, 111;21/10, 26, 45;22/1,3
Omtale	Havstrand/sanddynestrand med primærdyner, dynetrau, dynehei, dyneeng og naturbeitemark.Tilrettelagt og mykje nytta friluftsområde.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: god. Trend: stabil/usikker. Dyneengene er noko prega av fragmentering og i nokon grad av artsutarming pga. slitasje. Tilvekst av tre og lupin langs skråning i sør.
Spesielle verneverdiar Landskap	Representativt småskala-landskapmellom høgdedrag i sør og klippekyst inord. Bakdynelandskapet er betre utvikla enn mange andre stader langs Jærestrendene og særleg er dynehei fint utvikla. Sandstrand er den dominerande naturtypen, men i nord og i sør er det berg og knausar med artsrik vegetasjon. Få andre stader er alle stadium i soneringane frå ytterstrand til bakland så godt representerte som her.Tilgrensande naustmiljø og jordbrukslandskap gir eit inntrykk av tradisjonelt kystgard/-landskap.
Vegetasjon	<i>Naturtypar:</i> Sanddynelandskap med primærdyner, dynetrau, dynehei, dyneeng. Naturbeitemark i nordaust. Registrert 10 veg.typar, verdivurdering A (AL 2010). <i>Artsfunn:</i> Sisselrot, takrøyr, marehalm, dunhavre, kjeldegras, strandkveke, strand-rug, sandstarr, blåstarr, sandsev, strandarve, tiggarsoleie, kyst-frøstjerne, dvergmispel, blodtopp, blodstorkenebb, gulmaure. Frontdyner på sjøsida går bratt over i velutvikla primærdyner dominert av marehalm, strandrug mindre vanleg. Deretter samansette dyneenger, med artar som raudsvingel, gulmaure og andre. Dynetrau med innslag av sandsev og blåstarr. I den indre delen av soneringa, mot Vigdelsveten, overtar dynehei. Denne er særst fint utvikla med ei heilt spesiell artssamansetjing. Krekling er ein subdominant art, men med innslag av både andre heiartar (som røsslyng, reinlav og heigråmose, sisselrot og fjørekoll, og sanddyneartar (som marehalm og sandstarr). Bekken igjennom området bidrar i stor grad til variasjon. På sørsida av denne er dynehei dominert av røsslyng, også der med kombinasjon av heiartar og sanddyneartar. Takrøyr langs kanten av bekken, saman med mannasøtgras og andre. Ved utløpet oppstår eit spesielt brakkvassmiljø med innslag av driftmateriale.Der trivst kjeldegras i lag med tiggarsoleie og froksesev.I den nordaustre del av sona naturbeitemark med raudsvingel, gulaks og engkvein, pluss ulike urter.
Fauna	Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): Tjeld, heipiplerke, tornirisk (4), sivsangar, ærfugl (4), fiskemåke (3)
Kulturminne www.kulturminnesok.no	Sona inngår i ei kyststripe med stor kulturhistorisk djupne frå 3000 år gamle helleristningar til 60 år gamle krigsminne.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none">■ Å bevare sanddynene som intakte og dynamiske landskapselement.■ Restaurere og utvikle dyneheiene.■ Sikre førekomsten av ferskvasspåverka tangvoll-samfunn og våtmark langs og ved utløpet av bekken.■ Oppretthalde verdi for hekkande tornirisk (Ølberg-Rundeholane), fiskemåke (Ølbørneset) og ærfugl (Ø.hamn-Vigdelsvika)



FIGUR 25.
Sone 12 Vigdelstranda er regionalt friluftsområde med store planteverdier, men og for mykje slitasje. Foto A. Lundberg

<p>Skjøtsel -Restaurering/utbetring - Kontinuerlig skjøtsel</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ La bekken renne fritt og open gjennom heile området ■ Fleirårig fjerning av tre og lupiner i skråninga mot Vigdelveten. ■ Om mogleg redusere gjødslingsgrad på mark nordaust (RMP/SMIL-aktuelt), samt fjerning av storfe-beite i sanddynene, i nært samarbeid med grunneigar. Offentleg areal i nordaust skal tilbakeførast til ugjødsla naturbeitemark. Sterk kanalisering for å redusere slitasjeskader. Vedlikehalde halv-ope preg på sumpmark i aust.
<p>Bruksinteresser (grunneigar/rettshavar)</p>	<p>Godkjent køyretrase til stranda frå vest. Godkjente mindre areal dyrka og gjødsla beite.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking.</p>	<p><u>Ferdelskategori 2/3:</u> Det meste av sona er offentleg sikra friluftsområde, med opparbeida parkeringsplass, toalett og renovasjon. Nytt informasjonskilt er sett opp i 2009. Svillesti til strandflata må vedlikehaldast. Omfattande kanaliseringstiltak (informasjon/slitasjeutbetring, sti-stenging) for å reparere slitasjeskader. <i>Forvaltningsmål:</i> Tilrettelegge og ivareta opplevingskvalitetar som viktig friluftsområde. Lette tilkomsten til Vigdelsveten for å kanalisere noko av ferdsla dit.</p>
<p>Anna</p>	<p>Overvake slitasjeutvikling i sanndyneområde. Utvida plante- og insektsundersøkingar.</p>

Sone 13 Vigdelsveten, Sola kommune

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr	21/7, 26;22/1, 2, 4, 8, 9
Omtale	Vigdelsveten er ca 70 m høg, delvis skogkledd med sitkagran og buskfuru, men og større areal med myrlendt mark, kysthei og naturbeitemark. Fornminne og krigsminne.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: god. Trend: betre ■ Behov for omfattande hogst etter ny skjøtselsplan. ■ Aktiv rydding av treoppslag og lupiner på opne areal.
Spesielle verneverdiar Landskap Vegetasjon,	Høgda er eit markert landskapselement, med storslått utsikt, utan vesentlege nyare inngrep, men gamal skogplanting. <i>Naturtypar:</i> Natureng, lynghei, dynehei, plantefelt. Registert 5 veg.typar (AL 2010), verdi C. Kalkrik sandmark gir interessant og artsrik flora på opne naturbeiteareal over heile høgda, med dynehei (krekling) i nord-skråning som mest verdifulle vegetasjonstypen. <i>Artsfunn:</i> marehalm, dvergsmyle, knegras, sandstarr, blodtopp, gjeldkarve, klokkeling, røsslyng, raudknapp, kattedot, kystgrisøyre, skjermvæve. Varmekjære planter som kusymre, lind, blodstorkenebb, vårmarihand, fager- og kyst/svartknoppurt i sør.
Fauna:	Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): Tornirisk , løvsangar, bokfink, gulsporv, heipilerke , fuglekonge, rødstrupe, kråke, gjøk, brunsisik, svarttrost, gråtrost, tidvis rovfugl-obs.
Kulturminne www.kulturminnesok.no	22/6 Rundrøys (gravrøys) på toppen av høgda. Sona inngår i ei kyststripe med stor kulturhistorisk djupne frå 3000 år gamle helleristingar til 60 år gamle krigsminne.
Bevaringsmål	■ Tilbakeføre heile sona til tradisjonell open kysthei, ugjødsla naturbeite og dynehei med store natur- og friluftslivkvalitetar. ■ Oppretthalde open og artsrik beitemark ved beiteavtale.
Skjøtsel -Restaurering/utbedring - Kontinuerlig skjøtsel	Fylkesmannen har i fleire år gjennomført omfattande skogrydding og fjerning av tre- og lupinoppslag. Dette skjøtselsarbeidet prioriterast, i samsvar med skjøtselsplan som også ivaretek det store friluftslivpotensiale. FM vil ta initiativ til avtale om ekstensivt beitehald med tilstøytande grunneigar (RMP/SMIL-aktuelt). Forsvarsverk under opprydding haust 09.
Bruksinteresser grunneigar/rettshav.	Vestre skråning har godkjent gjødsla beite. Tilgrensande gardbrukar bruker statseigedommen til storfe-beite pr. 2008.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1-5.	<u>Ferdelskategori 3</u> (enklare tilrettelagt): Gjerdeklyv og sti frå Vigdel-p-plass. <i>Forvaltningsmål:</i> Aktuelle tiltak (forutan skogrydding) er merking av sti til toppen og infotavle om natur- og kulturverdiar, evt. enkel rasteplass.
Anna	Overvake vegetasjonsutvikling på skogrydda areal.

Sone 14 Vigdelsvika-Veggevika, Sola kommune

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr	22/1, 2, 3, 6, 7, 9, 10;23/2, 3, 8, 9, 13, 26, 29, 31
Omtale	Svabergkyst med relativt breitt jordbrukslandskap i bakland. Uvanleg stor og variert kystlynghei, med mange vegetasjons-typar. Mindre parti med dyrka mark og gjødsla beite. Naustmiljø i Vigdelvika. Området inneheld hytter og nyare forsvarsanlegg.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: God. Trend: stabil men under press: <ul style="list-style-type: none">■ Betydeleg gjødslingspress på artsrik naturbeitemark/kysthei i nord og sør.■ Trua salamanderlokalitet■ Tilgroing og ekspansjon av skog
Spesielle verneverdiar	Sona utgjer den sørlegaste delen av klippekyst, før berget igjen kjem fram i dagen ved Oгна på Sør-Jæren. Eit representativt storskala-landskap, der dei mange små vikene gir småskalapreg og variasjon i den karakteristiske klippekysten. Uvanleg stort og variert kystheibakland.
Landskap	
Vegetasjon	Registrerte naturtypar: kulturbetinga engvegetasjon, lynghei, vasskantvegetasjon, vassvegetasjon, strandeng, tangvoll, fordyne, strandberg; med 24 vegtypar, verdi B (AL 2010). <i>Artsfunn</i> : takrøyr, dvergsmyle, hestehavre, fjøresaltgras, strandrug, småsevaks, fjøresevaks, sandstarr, blåstarr, knorte-starr, pors, hassel, bekkestjerneblom, blodtopp, gjeldkarve, røsslyng, kusymre, raudknapp, flekkgrisøyre. Velutvikla strand-lavsamfunn og -soneringar. Steinstrender med tare og små strandenger, med artar som strandkvann og knortestarr. Særs variert naturbeite og kystlynghei, tildels artsrike. Gul frøstjerne og engstorkenebb ved Hellestø hamn. Raudlisteartar av karplanter, sopp og lav. Det sentrale forsvarsområdet er dominert av kystlynghei i ulike utformingar, til dels ganske artsrike. Dette er eit av dei største og mest varierte kystlyngheiene i Jærestrendene. I dalsøkka finst mindre ferskvatn og myr. I overgangen mellom strandsona og kulturbeitemark opptre naturbeitemark i form av frisk fattigeng.
Fauna:	Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): Ærfugl, tjeld, vipe, skjærpiplerke, heipiplerke, løvsangar, linerle, torsangar, buskskvett, steinskvett (4), ravn, stær, bergirisk, tornirisk. I små dammar/vatn i strandsona (22/9) er det i 2006 registrert gode førekomstar av raudliste-arten liten salamander.
Kulturminne www.kulturminnesok.no Brukstradisjonar	22/3 Bergkunst, hellristningsfelt (Kvernavik); 22/9 Gravrøys – skada. Sona inngår i ei kyststripe med stor kulturhistorisk djupne frå 3000 år gamle helleristingar til 60 år gamle krigsminne og fiskarbondemiljø opp til nyare tid, med naust på Vigdel.



FIGUR 26.
Sone 14
Vigdelsvarden-
Veggevika med
eit av dei største
kystheiareal i
verneområdet,
og sær mange
krigsminne. Foto
A. Steinnes

Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Vedlikehalde open kysthei og artsrik naturbeitemark. ■ Sikre salamander-lokalitet. ■ Gjødsla beite på offentlig areal skal tilbakeførast til naturbeitemark. ■ Sikre raudlista planteartar ■ Oppretthalde verdi 4 for hekkande steinskvett, samt anna rik småfugl-fauna.
Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel	Stopp i all gjødsling på alt statleg areal, samt næringsavrenning til salamander-lokalitet. Fjerning/utbetring av avfall/metallskrot/ tippar: Steintipp 33, 34, og 35. Ta initiativ til beiteavtalar (SMIL/ RMP-tilskot). Hindre gjengroing og ekspansjon av skog.
Bruksinteresser grunneigar/rettshav.	Grunneigar på 22/1 kan vidareføre gamal praksis med St.Hans-bål ved Vigde-stranda, jfr. verneregel. Godkjent gjødsla beite og dyrka mark på privat mark kan drivast som før.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1-5.	<u>Ferdelskategori 3</u> (enklare tilrettelegging): Må følgjast opp med eigen plan for økologisk skjøtsel og tilrettelegging/formidling/informasjon. <i>Forvaltningsmål</i> : Skjøtte og tilrettelegge forsvarseigedom etter DN-overtaking (eigen plan). Utvikle potensiale for friluftsliv med undervisning og formidling av dei store verneverdiane.
Anna t.d. oppsyn, overvaking	Status for liten salamander må kartleggast nærmare og overvakast. Kartlegging av biotopar, plante- og insektliv.

Sone 15 Hellestø-Byberg, Sola kommune

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: C (Spesiell tilrettelegging og tiltak)

Gnr./Bnr	23/8, 9, 10, 15, 16, 20, 23 24/4, 20, 31, 34, 35, 36, 37, 38, 40, 41, 57, 62, 72, 73; 25/37
Omtale	Sanddynestrand med velutvikla aktive dyner og breitt bakdynelandskap. Ein av dei mest besøkte strendene. Ei rekke hytter. Betydeleg slitasje.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: God; Trend: stabil. Sanddynesystemet er godt intakt, men det er behov for å overvake og kanalisere slitasjen. <ul style="list-style-type: none">■ Konfliktdemping ulike brukargrupper (hest/hund/turgåarar)■ Uheldig hundelufting-område i høve hekkande fugl.■ Fjerning framande planteartar (lupin, tinnved, hagerose)■ Omfattande sanddyneslitasje – kanalisering og utbetningsbehov■ Uheldig gjødslingseffekt frå grøfteløp i bakdynene
Spesielle verneverdiar	Storslått og sær s velutvikla sanddyne-landskap med samanheng frå sjøen, via primærdyner, til bakdyner og skog. Sandkysten-dynamikk erosjon/akkumulasjon svært instruktivt her. Nadaskjeret og Veggeviksholmen har sær eigen geologi, med vulkansk amfibolitt og kjemisk forvitring-spor.
Landskap	
Vegetasjon,	Naturtypar: Sanddyner med tangvollar, fordyner, primærdyner, dynetrau, strandberg. Ulike utformingar av dynegraseng. Registrert 10 veg.typar, verdi-setting A (AL 2010). <i>Artsfunn</i> : marehalm, kjeldegras, smårapp, strandkveke, strandrug, sandstarr, sandsev, sølvmelde, tiggarsoleie, lodnerublom, nordsjøreddik, strandskolm, vill-lin, gjeldkarve, sandnattlys, gulmaure, flekkgrisøyre I fordynene er strandkveke dominerande i fordynene. Arten er ekstremt viktig for å stabilisere sandflukt. Bak primærdynene på Bybergsanden er det lågare dyner med sandvier og fine dynetrau med sandsev og andre artar. Bakdynelandskapet er heller artsrikt med innslag av sjeldsynte artar. Ved bekkar og ferskvass-sig blir det utvikla ferskvasspåverka, driftinfluerte vegetasjonstypar med kjeldegras og tiggarsoleie. Sanddynevegetasjonen på Bybergsanden utgjer eit heile, ein mosaikk av forskjellige, men samanhengande delar, som samlautgjer eit nasjonalt svært sjeldsynt og truga natursystem.
Fauna	Bakdynelandskapet til og med skogen er spesielt viktig område for ein rekke sporvefugl, og jaktande rovfugl (jfr. sone 18). God hekkebiotop for heipiplerke . Truleg er dei blomsterrike areala også viktige for insektliv.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none">■ Sikre eit storskala sanddynelandskap med intakte soneringar frå tangvoll og fordyner til primærdyner og bakdynelandskap med dynehei og dyne-eng■ Sikre eksistens og utvikling av sjeldsynte artar; sandnattlys og lodnerublom skal ha robuste bestandar.■ Sikre hekkebiotop for småfugl.



FIGUR 27. Sone 15 Hellestøstranda er et av dei viktigaste friluftsområda, med universell tilrettelegging. Omfattande sanddynesystem av nasjonal verdi. Foto Jæren friluftsråd

<p>Skjøtsel Restaurering/utbe- tring</p> <p>Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Hytte på 23/34 (eigd av DN) vart fjerna i 2008, dyneareal naturleg restaurert. Om mogleg innløyse og fjerne hytte i primærdyne på 24/35. Aktiv skjerming av slitasjeutsette dyner, stimerking/kanalisering i bakdyner. Omfattande skogrydding siste del av 1990-talet. Prioritert bekjemping av tinnved, åkertistel og lupin.</p>
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshav.</p>	<p>Disp. av 17.08.94 til gnr.bnr. 24/4 sommarparkering på dyrka/beite nord for p-plass Hellestø kan vidareførast på gjeldande vilkår. Godkjent dyrka areal og traktortrasear jfr. sonekart.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking. Bandtvangsbestem- melsar.</p>	<p><u>Ferdelskategori 2</u> (Relativt tung tilrettelegging): Ein av dei mest nytta strendene for heilårleg friluftsliv, ulike arrangement. Omfattande offentlege natur- og friluftareal, forvalta av JF. Godt tilrettelagt med p-plass, toalett, renovasjon, infoskilt og svillesti til strandflata. Godkjent arrangementområde på strandflata nedanfor svillesti. <i>Forvaltningsmål:</i> Ivareta og legge til rette for området som eit av dei viktigaste friluftsområda i fylket. Prosjektområde for universell tilrettelegging. Behov for enkel merking av sti i bakdynerne og stenging av uheldige sti-mønster. Nytt infoskilt sett opp i 2009. Redusere konflikter knytt hundehald i høve andre brukarar, avfall, slitasje og reduserte faunakvalitetar i bakdyner. Avgrense/stoppe hest i sanddyneareal.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn, overva- king,</p>	<p>Oppsyn hundehald og hesteriding. Slitasjeovervaking. Overvaking framande planter. Biologisk mangfald (insekt, planteliv) bør registrerast nærmare.</p>

FIGUR 28.
 Sone 16
 Sauebeite på
 plantefredning
 og geologisk
 naturminne på
 Bybergstranda.
 Foto A.
 Lundberg



Sone 16 Skarasanden-Byberg, Sola kommune

Verneform: Geologisk naturminne, plantefredning, landskapsvern.
 Sonekategori: A (Spesiell vernesone)

Gnr./Bnr	24/20;25/23, 25, 26, 37
Omtale	Sanddynekyst med breitt bakdynelandskap, i direkte samanheng med sone 15 i nord.Nordaustre del av området er delvis skogkledd. Ein markert strandvoll (naturminne Rindi) strekkjer seg parallelt kysten lengst aust. Det ligg ei hytte i sona.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: God; Trend: betre (fjerning framande planter/skog) <ul style="list-style-type: none"> ■ Lupin har stor utbreiing og trugar anna plantemangfald. ■ Bakdynelandskapet er prega av ferdselsslitasje. ■ Hundelufting og hesteridning.
Spesielle verneverdiar Landskap	Fint utvikla dynebelte frå stranda, via primærdyner til grådyner, dynetrau, vide dyneheier, og strandvollen som naturminne i aust. Det samanhengande økologiske transektet utgjer eit nasjonalt sjeldsynt og særprega landskap med store opplevingsverdiar.
Vegetasjon	Naturtypar: Sanddyner med tangvoll, fordyner, primærdyner, svingeldyner, dyneeng og dynetrau; registrert 12 veg.typar, verdivurdering A (AL 2010). <i>Artsfunn</i> : Marehalm, smårapp, strandkveke, strandrug, sandstarr, sølvmelde, nordsjøreddik, strandskolm, vill-lin, gjeldkarve, krekling, gulmaure, bakkestjerne. Dynegraseng dominerer og er uvanleg omfattande i denne sona. Enkelte år kan ein finne fine driftsvollsamfunn ved bekkeutløp i sør, med kjeldegras, tiggarsoleie, saftstjerneblom m.fl.. Nasjonalt sjeldsynt dynenattlys. Regionalt sjeldsynte: kystfrøstjerne, bittersøte, lodnerublom, vårarve m.fl.. Sjeldne soppartar: Geoglossum cookianum, Lamprospora crouanii m.fl.
Fauna:	Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): Tjeld, songlerke, linerle, heiplerke, møl-ler, sivsanger, løvsanger, tornsanger, svarttrost, rødvingetrast, buskskvett, pilfink, tornirisk, brunsisik, bergirisk, rødstrupe. Jevnleg observasjon av jaktande tårnfalk. Fleire artar vassfugl vinterstid m.a. islom og andre lomar, siland og teist, vadarar om hausten.

Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Å bevare det semi-naturlege økologiske transektet frå sjø til bakdyner og strandvoll, som viktig og nasjonalt sær seldsynt natur- og kulturhistorisk landskap. ■ Restaurere og oppretthalde plantebiotopen som veksestad for typiske og sjeldne planteartar, med robuste bestandar. ■ Synleggjere (hogst) strandvollen Rindi som naturminne. ■ Auke arealet med dyneeng og dynehei ved skoghogst. ■ Hindre spreieing av plantefelt med buskfuru i dynebaklandet ■ Hindre at lupinene tar seg opp igjen
Skjøtsel Restaurering/utbe- tring Kontinuerlig skjøtsel	FM fjerna eit stort areal med buskfuru på 25/37 på slutten av 90-talet, vidare hogst av 50 % av skogen. Aktiv skjerming av slitasjeutsette fordyner og bakdyner. Prioritert bekjemping av åkertistel og lupin. Oppretthalde/utvide (vestover) samarbeid med grunneigar om ugjødsla beite for å hindre oppslag av lupiner (RMP/SMIL-aktuelt). Betre regulering av beitetrykk/gjødselspreg.
Bruksinteresser grunneigar/rettshav.	Det er godkjent køyretrase til sjøen på 25/26. Verneforskrifta set forbod mot hesteriding heilt ut til sjøen i plantefredingsområde (heile sona).
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking. Bandtvangsbestemelsar.	Ferdelskategori 3 (enklare tilrettelegging): Inngår i stranda Hellestø – Byberg som ein av dei mest besøkte strendene i fylket. Avgrensa tiltak i denne sona, i første rekke enkel stimerking/kanalisering for å redusere slitasje. Opparbeiding av turveg/sykkelveg gjennom naturminne/plantevern vil ikkje bli tillat. <i>Forvaltningsmål:</i> Ivareta området sin verdi som ein del av friluftslivstranda Hellestø – Byberg. Uheldig praktisering som luftingsområde for hund medfører slitasje og anna brukarkonflikt. Behov for endra kommunale hundevettker/infotiltak.
Anna t.d. oppsyn, overva- king	<ul style="list-style-type: none"> ■ Oppsynsbehov i høve bandtvang og ridning. ■ Planteliv og insektfauna bør registrerast meir inngåande.

Sone 17 Byberg – Sele, Solaog Klepp

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr

25/8,9 8,25,49,59,64; 51/13,5,19, 23, 25, 27, 44, 102, 103, 172

Omtale

Vekslende sand- og rullesteinskyst med verdifulle strandvoll- og bakdyne-restar. Kulturminne. Sona er svært smalt på grunn av tidlegare oppdyrking, slitasjeprega. Fleire hytteeigedommar.

Tilstand, trend og utfordringar

Tilstand: usikker Trend: stabil – men stort arealpress.

- Skjøtselsbehov i restareal av bakdynehei.
- Uønska framande planter i ekspansjon.
- Omfattande dyneslitasje pga ferdsel, husdyr og riding.
- Tidvis mykje strandsøppel

Spesielle verneverdiar: Landskap

Ope storskala-landskap med sand- og rullesteinskyst. Storslått havstrandlandskap og utsikt mot Feistein fyr.

Vegetasjon

Artstypisk strandvegetasjon med naturtypane strandeng og strandsump, sanddyner med tangvoll, fordyner, primærdyner og svingeldyner. Verdi A, med 14 vegetasjonstypar (AL 2010). *Artsfunn*: Marehalm, kjeldegras, fjøresaltgras, strandrug, havsevaks, fjøresevaks, sandstarr, saftstjerneblom, tiggarsoleie, rundskolm, strandskolm, dverglin, gjeldkarve, røsslyng, gulmaure, raudknapp. Både eittårige og fleirårige tangvollar er fint utvikla. Av dei eittårige tangvollane finst både saltvass-påverka og ferskvasspåverka. Ved bekken i grensa mot Skara-sanden opptre ei velutvikla variant av eittårig melde-tangvoll, saftstjerneblom/strandbalderbrå utforming (V1f). Vegetasjons-typen er sjeldsynt og trua i nasjonal målestokk. Andre eittårige, driftinfluerte vegetasjonstypar er ferskvasspåverka tangvoll (V3), eittårig tangmelde-utforming (V1c) og sandforstrand med nordsjøreddik (V4a). Difust sig av ferskvatn frå baklandet mot sjøen gir brakkvassump fleire stader, dominert av havsevaks. Fordyner finst langs store delar av stranda og både strandarve- og strandkveke-utformingar er fint utvikla, likeså vegetasjonen i primærdynene. I nord finst svingel-dyne (bakdyne, ikkje oppdyrka) med mykje raudsvingel og med innslag av strandrug og urter. Verdifulle restar naturbeite-mark ogkystlynghei, med interessant soppflora.

Fauna

Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): **Ærfugl**, gråmåke, **fiskemåke**, **tjeld**, **songlerke**, linerle, **skjærpiplerke**, **heipiplerke**, **tornsangar** (5), stær, pilfink, **tornirisk**, løvsangar, svarttrost, **buskskvett**, rødstrupe, gulspurv.

Kulturminne

www.kulturminnesok.no

Tidlegare rik på fornminne, men fleire fjerna langs vernegrensa. Framleis gravhaugar og ei hustuft aust av søre/nordre Tangen.

Bevaringsmål

- Ta vare på eit smalt belte med rullesteinstrand (nordre halvdel) og sandstrand (søre halvdel) og noko dyneeng i nord.
- Sikre artsrik og særprega biotop langs bekken i nord.
- Oppretthalde verdifor **prioriterte** hekkefugl.



FIGUR 29.
Sone 17 Den raudlista arten dverglin (*Radiola linoides*) veks i området. Foto A. Lundberg

<p>Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Fjerne rynkerose og lupin i den nordre delen (25/25). ■ Opne den delen av bekken i nord som er lagt i røyr, sikre at utløpet er ope. ■ Utbetring eller fjerning av massetippene 38 og 39. ■ Slitasjetiltak langs stinett i sanddyner, kanalisering ned til strandflata hvis praktisk mogleg, alternativt langs framtidig Nordsjøsykkelveg i aust. ■ Om mogleg redusere beitetrykk og utbetra sandmark-erosjon på 51/13, i samarbeid med grunneigar (SMIL/RMP-aktuelt). ■ Havarert lekter ved Nordre Tangen burde vore fjerna men førebels ned-prioritert. ■ Vedlikehalde opne kystlynghei-restari nord (RMP/SMIL) ■ Årleg fjerna strandsøppel på Bybergstranda.
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshav.</p>	<p>Godkjende køyretreasear, dyrka og gjødsla mark jmf sonekart. Ferdsel med hest for grunneigarar/rettshavarar krev nærmare avklaring med Fylkesmannen.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser</p>	<p><u>Ferdselskategori 3</u> (enklare tilrettelegging): Området er mykje nytta til friluftsliv heile året, med tilkomst/parkering i Sele hamn, ved motorkrossbanen, eller heilt nord på Hellestø. <i>Forvaltningsmål</i>: Få tilakseptable løysing for ny Nordsjøsykkel-rute langs sonegrensa. Aktuelt med sti-merking og kanalisering for å redusere slitasje i særst smalt dynebelte.</p>
<p>Anna</p>	<p>Oppsyn ulovleg motorisert og hest i sanddynemark.</p>

Sone 18 Sele hamn, Klepp kommune

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: C (Spesiell tilrettelegging og tiltak)

Gnr./Bnr	51/3, 18, 19, 20, 21,25, 40, 50, 61, 69, 87, 90, 93, 96, 97, 104, 105,107,114,117, 122,124,133,134,135,136,137,143,174,203
Omtale	Sand- og rullesteinstrand og bakanforliggende kystlynghei og naturbeitemark. Nasjonalt sjeldsynt fossilt strandvollsysteem. Sele småbåthamn har restaurert naustmiljø. Omlag 10 hytter. Rik på fornminne. Betydeleg motorisert og anna ferdselslitasje.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: Betre Trend: stabil/betre (utbetring hamn, parkeringsgjerder, skjøtsel framande artar). Vegetasjonen er intakt, men prega av slitasje og sårbar. <ul style="list-style-type: none">■ Manglande tradisjonelt beitebruk av naturbeitemark.■ Uønska planteartar i utbreiing.■ Sele hamn: unngå deponeringar og skjemmande lagring/opplag. Ulovlege uttak rullestein.■ Slitasje frå motorisert, hest, fotferdsle.
Spesielle verneverdiar	Karakteristisk rullesteinstrand i aktiv utforming av sjøen sør for hamna, blokkstrand i nord, sanddyner lengst sør. Spesiell geologisk verdi med eit av dei største og finaste fossile strandvollsysteem i Norge («Rinden») 10 -12 m.oh. Storskala-landskap mot Feistein fyr. Etter seinare utbetringar framstår hamna på en god måte. Tangarhaug-fornminne utgjer eit særst viktige landskapselement.
Landskap	
Vegetasjon	Naturtypar: Strandeng, tangvoll, svingeldyne, dyneeng, dynehei og dynetrau; med 9 veg.typar, verdi B (AL 2010). <i>Artsfunn</i> : Marehalm, strandrug, sandstarr, duskstarr, strandmelde, honningkarse, lodnerubloom, gjeldkarve, røsslyng, gulmaure. Typisk artsutval for grus- og sandstrender, men også innslag av meir sjeldsynte artar som lodnerubloom og duskstarr (uvanlege mengder). Langs stranda finst fragment av brakkvasseng, meir velutvikla brakkvassump og tangvollar. Lenger inne store areal med svingeldyne, dyneeng/ dynehei og dynetrau, naturbeitemark og kystlynghei. I sør nasjonalt sjeldsynte artar som strandtistel og sandløvetann.
Fauna	Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): Ærfugl, vipe,tjeld, songlerke, heipiplerke, torsangar (5), steinskvett.
Kulturminne	Særst rikt fornminneområde. På slutten av 1800-talet fann ein store mengder flintreiskaper frå steinalder («Flintmarkene på Sele»). Stort felt med fornminne (graver, rydningsrøyser, tufter) nord for hamna. Bronsealder-gravhaugen Tangarhaug er blant dei mest imponerande kulturminnene på Jæren, med fleire omkringliggende fornminnegraver.



FIGUR 30.
Sone 18
Restaurert Sele
hamn. Forn-
minne Tangar-
haug i bakgrun-
nen. Foto A.
Lundberg

Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ta vare på sjeldsynt strandvollkyst med dominerande rullesteinstrender, dyneeng, kystlynghei og ugjødsla naturbeitemark ■ Bevare eit godt restaurert hamnemiljø, utan nye inngrep. ■ Sikre habitat og robuste bestandar for truga planteartar. ■ Oppretthalde verdi for prioriterte hekkefugl.
Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel	<ul style="list-style-type: none"> ■ Hamnemoloane har fått betre utforming (Tipp 40, kat. 2).i seinar tid. ■ Opprydding hamneområdet, m.a. fjerne konteiner. ■ Fjerne lupiner og hagerose. Ta initiativ til skjøtsel av gamal kulturmark (RMP/SMIL-aktuelt). ■ Årleg behov for rydding strandsøppel. ■ Kanaliseringstiltak mot ferdselsslitasje.
Bruksinteresser grunneigar/rettshav.	Hamnestyre/eigar kan vedlikehalde hamna i samråd med fylkesmannen. All ny deponering av stein/massar forbode, evt. utbetring av moloar etter nærmare avklaring. Dispensasjon til St. Hansbålved hamna kan påreknast. Fleire godkjende dyrkaog gjødsla areal og køyretrasear, jfr. sonekart.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1-5.	<u>Ferdskategori 3 (enklare tilrettelegging):</u> Viktig besøksområde/offentleg sikra areal(1,5 daa) for turar mot Bore i sør og Hellstø i nord. Tilrettelagt med toalett. I 2005 avgrensa køyreområdet vha jordvollar nord og sør for hamna. <u>Forvaltningsmål:</u> Offentleg areal bør tilretteleggast effektivt for parkering (avlastning for p-plass på Buasanden). Sette opp infotavle. Kanaliseringstiltak for ferdsle langs kysten og frå hyttefelt.
Anna	Oppsyn av ulovleg motorisert ferdsle.

Sone 19 Bore, Klepp kommune

Verneform: Landskapsvern.Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr	42/1,5,6,9,10,11,15,17; 44/1,3,4,5,6,8,11,24,31,32,34,39, 40, 42,43,46; 51/17,22, 28,34,36,40,51,61,110,118,163,182;52/ 1
Omtale	Lang sandstrandkyst med fint utvikla primærdyner og bakanforliggende dyne-graseng. I sør større areal med buskfuru. Eit av dei mest brukte friluftsområda. Fleire offentleg sikra natur- og friluftssareal, p-plassar. Figgjo-elva som nasjonalt laksevassdrag nord i sona. Omkring 10 hytter/bygg, tilgrensande campingplassar.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: God Trend: stabil - betre (p-avgrensing, skjøtsel siste 10 år). <ul style="list-style-type: none">■ Stadvis sterk slitasje frå friluftsliv og køyring■ Stadvis husdyrbeite/gjødsling øydelegg nasjonale verdier.■ Ulovleg parkering – problem for landbruk/nødhjelp■ Uønska planteartar i nasjonalt særst sjeldsynt bakdyneeng (tinnved, rynke-rose, buskfuru, gran).■ Mangelfull tradisjonell beiteskjøtsel - tilgroing.■ Stadvis ulovleg deponering og massetak.
Spesielle verneverdiar Landskap	Blant dei største sanddynestrender i Noreg, med tilhøyrande velutvikla vegetasjonstypar og artsmangfald. Det særprega primærdynebeltet er flott utvikla. Figgjoelva som verna vassdrag utgjer eit sentralt linjedrag. I nord dukkar det gamle strandvoll-systemet av rullestein opp av sanden. Store opplevingskvalitetar for regionalt friluftsliv.
Vegetasjon	Naturtypar: Sanddynelandskap med tangvollar, fordyner, primærdyner, svingedyner, dyneeng og dynehei; her med noko av det største arealet i Noreg. 9 veg.typar. Verdi A. (AL 2010) <i>Artssfunn</i> : Marehalm, strandkveke, strandrug, sølvmelde, vårarve, lodnerublom, nordsjøreddik, strandskolm, blodtopp, blodstorkenebb, gjeldkarve, nattlys, gulmaure, bakkestjerne, flekkgrisøyre. FM: Truga strandtistel og sandløvetann (nord for elveosen), og sjeldne sanddynesopp som <i>Cyanthus striatus</i> , <i>Leptoglossum muscigenum</i> , <i>Lamprospora crouanii</i> , <i>Geoglossum cookianum</i> , m.fl.
Fauna	Området omkring Fuglingane er særst viktig og verneverdig sjøfuglområde, med store overvintrande bestandar av hav-ender, skrav og ulike dykkarar. Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): Nordre halvdel: ærfugl , tjeld , storspove , småspove, songlerke (4), heiplerke (6), tornsangar (5), sivsangar, steinskvett , buskskvett , stær, tornirisk , gulsporv. Søndre del: ærfugl , sandlo , storspove , ringdue, linerle, heiplerke (6), tornsangar (5), møller, løvsangar, fuglekonge, svarttrost, kjøttmeis, bokfink, tornirisk , brunsisik, songlerke (4). Heile forvaltningsområdet inngår i område 4 for viktige hekkeområde for fugl i Ivo (Folvik, 2001).Truleg rik, men lite undersøkt insektfauna.
Kulturminne Brukstradisjonar	Ingen kjende fornminne i verneområdet. Laksefisketradisjonane i desse nedre delane av Figgjoelva er høgst levande.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none">■ Ta vare på eit av dei største, samanhengande sanddyne-landskap i Noreg, herunder mest mogleg naturlege sandkystprosessar.■ Restaurere sanddynevegetasjon/dyneeng på tidlegare p-plassar Buasanden, Elvenes og Elvenesvegen; sør for Bore camping (44/39), og på 42/9, 42/11 og 42/42.■ Oppretthalde planteverdiane i dynelandskap og bakdyneeng gjennom skadeutbetring, tradisjonell skjøtsel, og fjerning uønska artar.■ Oppretthalde verdi for prioriterte hekkefugl (sjå ovanfor).■ Vedlikehalde opplevingskvalitetane i eit særprega storskala-landskap, eit av dei viktigaste friluftsområda langs Jæren.



FIGUR 31.
Sone 19 Mektige sanddyner og regionalt friluftsområde på Bore-sanden. Foto A. Lundberg

<p>Skjøtsel Restaurering/utbedring</p> <p>Kontinuerlig skjøtsel</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Dyrka mark og gjødsla beite på offentlig sikra natur- og friluftsområde skal tilbakeførast til ugjødsla sanddynemark. ■ All skog på statleg grunn i sør er fjerna i 2009, oppfølgjande skjøtsel. ■ Utbetre sår/skjerming i sanddyner, spesielt «Midtre Bore». ■ Aukande overbeite, erosjon og oppgjødsling i bakdynemark på gnr.bnr. 44/5 er særst uheldig og bør utbetrast i samarbeid med grunneigar. ■ Vurdereigangsetting av <u>ekstensivt</u> beite av naturbeitemark i samarbeid med grunneigarar (RMP/SMIL-aktuelt). ■ Fjerning tinnved og rukkerose i heile sona. ■ Vidareføre (SNO) lupin-slått langs heile Elvenes.
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshav.</p>	<p>Godkjende trasear for motorisert tilkomst til hytter/næringsareal. Godkjende areal gjødsla beite/dyrka mark, jfr sonekart. Hesteriding er lovleg på strandflata, gjennom dynene på godkjente trasear (jfr. sonekart).</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking. Bandtvangsbestemelsar.</p>	<p>Ferdskategori 2 (meir omfattande tilrettelegging): Fleire offentlig sikra areal (jfr. sonekart). Buasanden : Parkering er avgrensa med steingard. Ny trase Nordsjøsykkelveg over ny bru til Elvenes og vegen sørover. Forvaltningsmål: Skilt til alternativ parkering Sele hamn. Elvenes: Toalettbygg, ny parkerings-avgrensing og svillesti til sjøen. Forvaltningsmål: informasjonsskilt om verneområdet. Fullføre p-gjerder langs veg. «Midtre Bore» er hovudinngangsområde. Borestranda er upeika aktuelt løyve-område for større arrangement og tilstelningar. Forvaltningsmål: Nytt informasjonsskilt. Supplerande p-areal på Bore – påfølgjande stopp i parkering og restaurering sanddyne-mark. Fjerning skjemmaende avfalls-container. Køyretrasear på Buasanden, Elvenes og «Midtre Bore» bør få traktorluse (betongssperre) istadenfor bom. «Bore Sør» Forvaltningsmål: Kanalisering ferdsle frå campingplass. Infotiltak i samarbeid med camping-eigar. Søndre del mot Fuglinane skal skjermast pga fugleverdiane.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn, overvaking, forskning</p>	<p>Dokumentere vegetasjonsutvikling på avstengde tidlegare parkeringsareal og lupin-areal. Flora- og insektfauna bør registrerast nærmare. Hindre ulovleg masseuttak</p>

Sone 20 Hodne-Reve hamn, Klepp kommune

Verneform: Landskapsvern.Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr

41/1, 3, 33;42/4, 5, 6, 8, 9, 19

Omtale

Særs smal vernesone. Typisk utforming av fossil moreklintkyst med dominerande rullesteinstrand. I nord og sør overgangssoner til sandstrand. Under-sjøiske tang- og tarebelte gir frodig tangvollvegetasjon. Området er delvis brukt som kulturbeite/dyrka, med karakter-steingardar. 4 fritidshus er plassert i området. Reve hamn treng opprustning.

Tilstand, trend og utfordringar

Tilstand: God, men skjemma hamn. Trend: stabil

- Opprustingsbehov Reve hamn
- Oppretthalde ekstensivt beite langs strandsona.
- Stoppe vidare deponering, og ulovleg motorisert ferdsle.
- Stadvis mykje strandsøppel

Spesielle verneverdiar

Landskap

Den markerte klintkysten har klar nasjonal verdi, som landskapsform og geologisk typeområde. Lagserie med gamle avsetningar, eldre enn 35.000 år. Steingardsstrukturane gir kulturlandskapet spesielle opplevingskvalitetar.

Vegetasjon

Naturtypar: Tangvoll, fordyner, natureng og kulturbeite; med 10 registrerte veg. typar. Verdi A (AL 2010). *Artsfunn*: Artane er typiske og viktige for dei aktuelle vegetasjonstypene, som strandkvann og strandrug. Det same gjeld andre, meir sjeldsynte eller plantegeografisk interessante artar, slike som marehalm, dvergsmyle, kjeldegras, strandkveke, sandstarr, tiggarsoleie, honningkarse, strandkål (to fine førekomstar), tranehals, strandarve, gjeldkarve, røsslyng og østersurt (fire førekomstar). Den siste er i markert tilbakegang og truga i Noreg. FM: Frisk fattigeng med gåsemure, rødsvingel, gul-maure, tiriltunge, smalkjempe. Går over i ugjødsla naturbeite-mark med mykje urter: strandstjerne, strandnellik, jonsokblom, men også stor andel nitrofile artar.

Fauna,

Fuglingane og Reve hamn er særs viktig og verneverdig sjøfugl-område, med store overvintrande bestandar av hav-ender, skrav og ulike dykkarar. Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): **Ærfugl, sandlo, tjeld, raudstilk, gråmåke, raudnebbterne** (5), linerle, **heipiplerke, steinskvett, tornirisk**. Spesielt vinterstid og i trekk-periodar kan det være store samlingar av sjøfugl utanfor strandområdet. Brattkanten utgjør oppdriftsområde ved rovfugltrekk.

Kulturminne

Ingen kjende fornminne. Fine steingardar set preg på landskapet langs vernegrensa.

Bevaringsmål

- Ta vare på ein av dei mektigaste og lengste moreneklint-kystane i Noreg, utan nye inngrep av noko slag.
- Ta vare på og restaurere tradisjonelle steingardar og geiler, i samarbeid med grunneigarar.
- Sikre førekomsten av sjeldsynte planteartar på rullesteinstrand, (spesielt strandkål og østersurt), og urterike brattkantar. Moderat og ugjødsla beitebruk, men skjerme sjeldsynte artar.
- Sikre området sin funksjon som fuglebiotop, inklusive sjøareala, spesielt **prioriterte hekkefugl**.
- Reve hamn bør utviklast til ei estetisk fin og funksjonell hamn .



FIGUR 32.
 Sone 20
 Nasjonalt
 sjeldsynt
 moreklintkyst
 Hodne – Reve.
 Foto P. K.
 Austbø

<p>Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Hamna bør detaljplanleggast og bearbeidast landskapsmessig. Stoppe vidare deponering og utbetre massetipp 41 og 42. Årleg mykje strandsøppel må fjernast, spesielt i Moldvika. Lokal skule hjelper til med rydding år om anna. Vedlikehald av steingardar og gjerdeklyv (SMIL-aktuelt). Vidareføre tradisjonelt beite i kysthei og naturbeitemark i samarbeid med landbruket (SMIL/RMP-aktuelt), prioritet frå 42/6 og sørover .</p>
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshav.</p>	<p>Godkjende traktorvegar/trasear, fulldyrka og gjødsla areal, jfr. sonekart</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdselskategori 1 -5. Stiar/traséar med mer.</p>	<p><u>Ferdselskategori 3-4:</u> Ingen offentleg sikra friluftareal, men etter måten mykje ferdsel langs stranda. Noko behov for kanalisering og utbetring i fuktige parti. Aktivt jordbruk og sårbart fugleliv tilseier avgrensa/minimal tilrettelegging og kanalisering.</p>
<p>Anna</p>	<p>Overvake utvikling av fuglebestandar i høve forstyrning.</p>

FIGUR 33.
Sone 21
Orreosen med
særprege plan-
teliv, mellom
anna pollsevaks.
Foto A.
Lundberg



FIGUR 34.
Oversiktsbilde
sone 21 med
Orrevatnet na-
turresevat i aust
og Revtangen
i vest - samla
sett blandt dei
viktigaste fugle-
områda i landet.
Foto Norsk Fly-
og flyfoto.



Sone 21 Reve hamn - Orreosen, Klepp kommune

**Verneform: Plante-/ fuglefreding (Ramsar), landskapsvern (også 2 km ut i sjø), referanseområde.
Sonekategori: A (Spesiell vernesone) og C (Spesiell tilrettelegging og tiltak)**

Gnr./Bnr	40/0,1,2,3,4,5,8,9,10,16,21,22,33,38,42; 41/1,3,4,5,9,10,13,18
Omtale	Den lengste strandlinja av sonene på Jærstrendene, om lag 5 km. Noregs lengste samanhengande sandstrand med sanddyner. Sanddynene er mektig, med opptil 500 m bakdyne-landskap. I nord rullesteinstrand (Listamorenen). Rik kultur-historie. Orresanden med Friluftshuset er eit av dei viktigaste friluftsområda. Om lag 5 hytter og fleire andre bygg. Stadvis slitasje og arealpress.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: God Trend: stabil – men mangearta press: <ul style="list-style-type: none"> ■ Stort parkeringspress på toppdagar - skade på vegetasjon. ■ Uønska framande planteartar, tilgroing ■ Uheldig drenering av grunnvassnivå i i bakdyner ■ Unødig forstyrring av fugleliv (Ramsarområde) ■ Svarthalespove m. fl. får øydelagt hekking ved grasslått ■ Stadvis gjødslingspress langs vernegrensa. ■ Ferdsselsslitasje, ulovleg køyring

Spesielle verneverdiar

Landskap

Nasjonalt typelandskap og referanseområde. Store geologiske verdier, med strandvollar, Listamoren (ca. 15 000 år gammalt israndtrinn) og ca 36.000 år gamle interstadiale sediment sør for Reve hamn. Stor landskapsmessig og økologisk variasjon i forvaltningssona skapar stor variasjon i vegetasjonstypar/naturtypar og artar av planter, fuglar og dyr.

Vegetasjon

Registrerte naturtypar: Natureng, vasskantvegetasjon, vassvegetasjon, tangvoll, fordyner, primærdyner, svingeldyne, dyneeng, dynehei og dynetrau, med 22 veg.typar, verdi A (AL 2010). Plantefreding av internasjonal verdi, med alle suksjonsstadier frå forstrand, primærdyner, via rike fuktenger/dynetrau og dynehei, til lynghei og skog i aust. Vegetasjonen i fordynene og primærdynene er særst godt utvikla, men i området finst også noko av den mest velutvikla bakdynevegetasjonen i landet. Orreelva-osen bidreg med heilt andre habitat og artar; likeså kanalar gjennom sanddynene. I Orreosen veks vassgro, pollsevak, tiggarsoleie, evjebrodd og vassveronika. Dei mest dominerande planteartane er marehalm og strandrug i dei store sanddynene, saman med førekomstane av sandstarr, strandkolm og andre. I fordynene på sjøsida er strandkveke vanleg. Tangvollsona varierer frå år til år, med tangvollspesialistar som tangmelde, strandmelde, svinmelde og sølvmelde, den siste med dei mest talrike førekomstane i landet, saman med strandarve og nordsjøreddik. Her finst også hybriden mellom tangmelde og sølvmelde, elles i verda berre kjend frå Karmøy. Dyneengene er nokre stader særst artsrike. Tørre variantar inneheld artar som kystfrøstjerne, lodnerublom, gjeldkarve, jærstøte, sandvintergrønn, gulmaure og bakkestjerne. I dyneenger på friskare sandjord kan ein finne ormetunge, jåblom, vill-lin, skjoldblad. Andre sjeldne artar (FM): islands-grønknurle, engmarihand, vårarve, marinøkkel, purpurmarihand, jærflangre, krossknapp, og strandtorn, vår-marihand, småtveblad, brude-spore, bakkestarr, duskstarr, og vårmure. I fuktige dynetrau veks blåstarr og sandsev. Store førekomstane av kjevle-starr. Også plante-skogen inneheld sjeldsynte planteartar, som sandvinter-grønn, stortviblad, jærflangre, knerot, olavstake og vaniljerot (FM 09). På rullesteinstranda i nord veks østersurt (to stader). Strandkål veks ved ein bekk nord for Revtingen, i eit fuktig søkk langt bak primærdynene. Sterkt truga kransalge stinkkransalge (*Chara vulgaris*) funne i kanal innafor Revtingen.

Diagnostisk viktige mosar er ribbesigd (*Dicranum scoparium*), stridplanmose (*Distichium inclinatum*), storbust (*Ditrichum felixicaule*), storklokkemose (*Encalypta streptocarpa*), sandsilkemose (*Homalothecium lutescens*), matteflette (*Hypnum cypressiforme* var. *lacunosum*), messingmose (*Loeskyponum badium*), sandgråmose (*Racomitrium canescens*), labbmose (*Rhytidium rugosum*), buttvrimose (*Tortella inclinata*) og piggnoppgullhette (*Ulota phyllantha*). Også lavfloraen er artsrik, med artar som flikskjell (*Cladonia foliacea*), gaffellav (*Cladonia furcata*), kalkbeger (*Cladonia pocillum*), *Toninia sedifolia*, *Diploschistis muscorum*, orelav (*Hypotrachyna revoluta*) og liten prakt-krinslav (*Parmotrema chinense*). Sanddynene på Orre inneheld også ei rekkje soppartar, blant særst mange kan nemnast slørsopp (*Cortinarius* sp.) som dannar mykorrhiza med krypvier, rødskevessopp (*Entoloma* sp.), potetrøysopp (*Scleroderma citrinum*) og traktfrysesopp (*Thelephora caryophyllea*).

Fuglefredingsområde (Ramsar-status).

Utløpet av Orre-elva er viktig lokalitet for ande- og vade-fuglar. Barskogen nord for elva har særst stor verdi for sporvefugl under trekk. Revtingen er internasjonalt kjend som viktig raste- og beiteplass for vade- og sjøfugl under vår- og haust-trekket, med mangeårig (frå 1937) forskning og overvaking v/ Stavanger Museum.

<p>Fauna</p> <p>Kulturminne www.kulturminne-sok.no Brukstradisjonar</p>	<p>Heile sona inngår i område 5 for viktige hekkeområde for fugl i Ivo (Folvik, 2001) og er Ramsar-område: Revtangen: ærfugl, sandlo, tjeld, makrellterne (5), songlerke, linerle, skjærpiplerke, heipiplerke, sivsanger, steinskvett, buskskvett, tornirisk. Orre: vipe, songlerke, heipiplerke, hagesanger, sivsanger, løvsanger, gulsanger, fuglekonge, gråtrast, rødvingetrast, steinskvett, stær, buskskvett (6), rødstrupe, bokfink, grønnsisik, grønnefink, tornirisk (5), brunsisik, gulsporv. Området Orrevatnet – sjøen eit av dei mest artsrike fugleområde i landet, 65 hekkande artar, trekk og overvintringav vadefugl og vassfugl. Ei rekke sjeldne artar. Svarthalespove (6) hekkar på fleire areal langs vernegrensa, tidlegare også avosett, myrsnipe og brushane. Sona er også blant dei viktigaste for <u>insektliv</u> langs Jærstrendene.</p> <p>Særs lang kulturhistorie: «Resedosane»-gravfeltet (41/9) frå jernalder, 400 m SV for Reve hamn, med 15 haugar og nokre rydningsrøyser. Tyskerbunkeren vart bygd på gamal gravhaug. Gravrøys (41/9) Ytre Reve. Gravrøys (40/2) i skogen aust for Skårtangen. Vrak og skipsnød førte til oppretting av Refve Redningsstasjon. Kystkulturlaget har sett opp kopi av gammalt seglingsmerke på Revtangen. Aktivt landbruksareal.</p>
<p>Bevaringsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Sikre landskapspreg, alle soneringar, biotopar og dynamiske naturprosessar i det lengste samanhengande sanddyne-landskapet i Noreg. ■ Restaurere bakdynelandskapet frå bartreplantingar til dyneeng og hei, men skogsområda sin habitatfunksjon for fugl skal bevarast. ■ Sikre og skjerme hekkebiotopar for spesielt svarthalespove, buskskvett, terner og tornirisk. ■ Oppretthalde Noregs mest talrike førekomst av sølvmelde ■ Skjerme og oppretthalde biotopkrav for islandsgrønnekurle (min. 300 individ), jærflangre og strandtorn (jfr. handlingsplanar 2010). ■ Sikre området sin funksjon for fuglelivet, med spesiell vekt på Revtangen som trekklokalitet og Orreosen sine funksjonar gjennom heile året for vade- og vassfuglar (Ramsar-krav). ■ Sikre og informere om eldre og nyare kulturminne.
<p>Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Opne lukka bekkar gjennom midtre og bakre delar av dynelandskapet, så langt som praktisk råd, i samarbeid med grunneigarar (SMIL/RMP-aktuelt). ■ I samarbeid med grunneigarar fjerne vestlege delar av plantefeltet, og forvilla bartre på 40/2 og 40/22, men ivareta skogen som fuglefredningsområde. Fjerne planteskog frå 40/9 (plantefredning), inklusive oppslag som har ekspandert inn i dyneeng og dynehei mot vest. ■ Utbetre slitasje i sanddynene, med kanaliseringstiltak. ■ Vurdere fjerning av gamal bygning på Revtangen, i samråd med grunneigar/Stavanger Museum. ■ Vidareføre omfattande fjerning av framande artar som rynkerose, prioritet i plantefredinga, i nært samarbeid med grunneigarar. (SMIL/RMP-aktuelt). ■ Årvis rydding av strandsjøppel, ved JF og i samarbeid med Orre skule.
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshav.</p>	<p>40/16: ønskjer på sikt å utbetre båtslip/stø som blei tatt av stormen i 2005. 41/3 har i 2006 avklart løyve til plastring av erosjonssår i skråningen vest av Reve hamn. Det er gitt fleire dispensasjonar til uttak av sand, sjøsingel, tare, og vedlikehald av grøfter. Fleire areal har godkjent dyrka mark/gjødsla beite, samt traktortrasear jfr. sonekart. Nokre grunneigarar har generelt problem med laushundar, bålbrenning og uheldig ferdsløse i dynene (også ulovlig motorisert). Grunneigarar 41/1 på Reve ønskjer å avgrense friluftsferdsløse langs stranda. Behov for traktor langs stranda for å reinse utlaup grøfter.</p>



FIGUR 35.
Orresanden mot Sørenes. Nye dyner bygg seg opp mot vegetasjonen. Foto P.K. Austbø

Friluftsliv/allmenne bruksinteresser

Ferdselskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking. Bandtvang

Ferdselskategori 1 Omfattande formidling og tilrettelegging: Nærmaste sone kring Orre natur- og friluftshus-innfallspport til ein av dei viktigaste friluftsområda. Staten har sikra 2 eige-dommar på samla 130 daa, JF har i tillegg 2 leigekontraktar på samla 226 daa. «Utstillingsvindaug» og informasjonssenter for verneområdet og tilhøyrande friluftsliv. Stort undervisnings-potensiale og ekskursjonsområde. Skuleklassar kan sette opp telt umiddelbart nord for gammalt toalettbygg. Vidare avgrensing og kompensierende opparbeiding av p-areal skal ha høg prioritet. Nye informasjonsskilt og sykkelparkeringsanlegg i 2006. *Forvaltningsmål:* 1) Vurdere auka p-kapasitet ved utviding av hovudparkeringsplass mot nord. 2) Samstundes stenging av sesong-parkering vest av huset. 3) Vurdere stopp i parkering på særskildt verdifullt bakdynemark 40/3 nord av fril.huset, etter samråd med grunneigar og Jæren frilufsråd. 4) Vurdere opparbeiding av ny p-plass på offentlig areal 40/36 (ved hovudvegen). 5) Vidare utvikle friluftshuset som formidlingssenter for natur og friluftsliv. 6) Vedlikehald av svillesti til sjøen. 7) Planar om enkelt merka rundturløype/ natursti. 8) Kanaliseringstiltak og stenging av uheldige stiar.

Ferdselskategori 4 - Passivt skjerma: Resten av sona, utan/minimale varigetteretteleggingstiltak, men likevel slik at Orresanden som viktig friluftsområde vert vidareført. Stoppe ulovleg køyring/parkering/forsøpling på 40/9, ved montering av bil-perre, i samarbeid med grunneigar. Tiltak som medfører auka ferdsle og forstyring av fugleliv skal unngås langs heile fugle-fredningsområdet, herunder eitkvart tiltak som kan auka ferdsle mot Revtingen. Aktiv skjerming av trua planteartar (t.d. islandsgrønnekurle) langs stinett. Eventuell framtidig gang- og sykkelvei langs vestre kant av riksveg kan påreknast. Løysast Heilårleg bandtvang i heile sona.

Anna
t.d. oppsyn, overvaking, forskning

Sona har høgaste prioritet for forvaltningstiltak og oppsyn. Aktuelle prosjekt:

- Følgje opp tareskogsførekomstane utanfor Revtingen (tråleforbod-sona), jfr. undersøking 2006, herunder sandyne-kartlegging (posisjon og høgde)
- Oppsyn og overvaking i samsvar med Ramsar-kriterier. Samarbeid fugleovervaking Stavanger Museum/NOF.
- Flora- og invertebrat-undersøkingar. Effekten av ekstensivt beite på verdifull vegetasjon i bakdynene bør nøye overvakast og evt. tilpassast, i samarbeid med grunneigarar.
- Oppsyn av bandtvang, ulovleg motorisert, ulovleg gjødsling med mer.

*Dyr som knitrer i skyggen, alle de skjeve,
forvokste i verden, de med bittesmå ben og altfor mange øyne
kan gjemme seg i gresset, derfor er det til,
lydløst og fullt av måneskinn mellom kontinentene.*

Rolf Jacobsen



FIGUR 36.
Myrperlemorvinge Boloria aquilonarius.
Foto Per Terje Haaland



FIGUR 37.
Sone 22 Relikte strandvollar som naturminne på Reve, med sterkt skadeleg hestetrakk. Foto A. Lundberg

Sone 22 Naturminna Reve og Orre, Klepp kommune

Verneform: Reve: Geologisk naturminne. Orre: Geologisk naturminne, landskapsvern, fuglefreding
Sonekategori: A (Spesiell vernesone)

Gnr./Bnr	Reve: 41/1, 4, 33; Orre: 40/1,16, 42; 41/5, 23, 28
Omtale	Begge områda utgjer fossile strandvollar frå postglacial tid. Større areal med buskfuru/gran.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: god Trend: stabil <ul style="list-style-type: none"> ■ Reve: Unngå markerosjon frå tunge beitedyr ■ Skog skjuler i stor grad dei geologiske formasjonane på Orre-minne.
Spesielle verneverdiar	På kvar si side av vegen ligg dei to naturminna med særst instruktive parallelle fossile stormvollar (strandvollar) med minkande alder mot vest (Orre-ryggane seinglaciale dvs. 10 – 11000 år gamle; Reve-ryggane yngre enn 8000 år).
Landskap	
Vegetasjon	Verdi A (A.L. 2010): Reve naturminnekultarbeitemark, med mindre areal av plantefelt med buskfuru. <i>Artsfunn</i> : 35 artar karplanter; dominert av trivielle gras som engkvein, tunrapp, engrapp, raudsvingel og raigras. I og omkring beitemarkene finst mange ugras: stornesle, smånesle, vanleg høymole, vanleg hønsegras, meldestokk, vassarve, vanleg arve og gjetartaske. Karakterartar frå tidlegare naturbeitemark finst framleis i små populasjonar: jordnøtt, gjeldkarve, blåklokke og ryllik. I Orre naturminne er det berre plantefelt. Arten stivsveve (lengst i SV) er regionalt sjeldsynt tørrbakkeart (FM). Plantelivet i Orre naturminne er ikkje undersøkt like nøye, men det er dominert av buskfuru og noko gran.
Fauna	Orre naturminne inngår i Orre fuglefredingsområde med Ramsar-status. Viktig hekkeområde for svarthalespove (6), heipiplerke, raudstilk og songlerke m.fl.
Kulturminne	Ingen kjende fornminne eller nyare kulturminne.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Vedlikehalde/restaurere til opent landskap, utan tiltak eller erosjon i markoverflata. ■ Bevare fuglelivskvalitetane i Orre naturminne, jfr Ramsar-krav .
Skjøtsel	
Restaurering/utbetring	Reve: Intensivt storfe/hestebeite inneber fare for slitasjeskader. Tidvis plastikkavfall gir skjemmaende preg. Etter 1977-vernet var 25 daa lyngmark, sidan oppgjødsla – aktuelt for tilbakeføring til ekstensivt/ugjødsla beite (RMP(SMIL-aktuelt). Vurdere skogrydding.
Kontinuerlig skjøtsel	Orre: Ryggane er lite synlege grunna omfattande skog. Fjerne buskfuru/ nypanta gran som framande treslag. Naturleg revevegetering med lokale treslag. Skogens verdi som fuglebiotop skal samstundes ivaretakast.
Bruksinteresser grunneigar/rettshav.	Godkjent gjødsla beite på Reve-området, køyretrasear på Orre, jfr sonekart. Orre leiges ut til hestebeite, klar avtale om opprydding av plastrestar. Grunneigarar vil kunne hogge skog etter nærmare avklaring med forvaltningstyresmakta, jfr. skogens verdi for sporvefugl under trekk.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser	
Ferdselskategori 1-5.	Ferdselskategori 4 Passivt skjerma utan tilrettelegging: Fugleverdier, jordbruks- og private interesser inneber at sonene ikkje vert tilrettelagt. Det er likevel aktuelt med informasjonstavle om geologisk historie ved vegen.
Anna	Begge områda bør planteinventerast, samt fugleliv på Orre.

Sone 23 Orreosen – Vik, Klepp kommune

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr	39/0, 1, 2, 4, 6, 7, 32; 40/0, 1, 2, 3, 4, 5, 8, 9, 10, 16, 17, 20;
Omtale	Sandstrand med til dels mektige primærdyner, men manglande bakdyne-landskap pga tidlegare oppdyrking. Dominerande morenekyst med rullesteinstrand i sør, med bukter og viker med sand. Området inneheld ei rad fornminne. Ei hytte lengst sør. Gjødsla beite/dyrka mark. Fleire steintippar.
Tilstand, trend og utfordringar	<p>Tilstand: God Trend: Stabil, men under press: Sanddynene er godt intakte, men sårbare og i endring på grunn av slitasje (hest med sulky, motorisert) og på grunn av gjødsling.</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Unødig forstyrning fuglefredingar i nord og sør ■ Forstyrningar hekkeområde for svarthalespove m.fl. ■ Uønska planteartar i noko utvikling ■ Langvarig ulovleg deponering ■ Ulovleg køyring med sulky og bil, omfattande køyreskader i frontdyner og tarevollsamfunn.
Spesielle verneverdiar	Storskala-landskap med uvanleg mektige primærdyner utan større slitasjeskader, rike fornminnefelt og lang brukstradisjon.
Landskap	
Vegetasjon	<p>Samla 13 veg. typar, verdi A(AL 2010). <i>Naturtypar nord</i>: Sanddynelandskap med tangvoll, fordyner, primærdyner og svingeldyner. <i>Artsfunn</i>: Marehalm, strandkveke, strandrug, sandstarr, sølvmelde, kystfrøstjerne, nordsjøreddik, strandskolm, gjeldkarve, gulmaure.</p> <p><i>Naturtypar sør</i>: Strandeng, strandsump, tangvoll, fordyne, primærdyner, svingeldyne. <i>Artsfunn</i>: Hestehavre, strandrug, havsevaks, smånesle, gjeldkarve, østersurt, gulmaure, raudknapp, samfunn av strandarve, bitterbergknapp og østers-urt. I området finst både vidt utbreidde typar av eittårig meldetang-voll, som tangmelde-utforminga (V1c), og meir sjeldsynte typar, som smånesle-utforming (V1e). Sandstrand finst i deler av området og her er det fine utformingar av strandarve-vegetasjon (V6c) i store, saman-hengande matter. Sanddynene er låge, men fint utvikla og dominerte av strandrug (V7b), gjerne på sand og grus. I baklandet finst svingel-dyner (W1). Nokre stader moren-steinstrand i grensa mellom med fragment av strandeng og strandsump.</p>
Fauna	Taren i strandsona er særskild viktig for fugle- og insektliv. Mykje vadefugl og anna fugl under trekk. Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): Raudstilk, vipe, songlerke, linerle, heippiplerke, steinskvett, tornirisk . Ein av særskilde hekkelokalitetar av svarthalespove (6)(FM, 2007).
Kulturminne	
www.kulturminnesok.no	
Brukstradisjonar	Opprinneleg særskild rikt på fornminne, men mange er fjerna eller skada. Framleis 6 større og mindre gravrøyser, nausttuffer og gards-far langs heile sona. Båtstøer og tarelaer frå nyare tid. Sørlege delar aktivt storfebeite.



FIGUR 38.

Sone 23 Sanden mellom Orreosen og Krossatangen, mot nord. Foto A. Lundberg

<p>Bevaringsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Sikre mest mogleg naturlege prosessar i kystlandskapet med sanddyner og rullesteinsstrand - Auke storleiken på populasjonen av slitasjesvake artar på forstranda (tangvoll), i fordyner og kvite dyner. - Auke førekomsten av dyneengartar (kystfrøstjerne, rundskolm, gjeldkarve, gulmaure, blåklukke). - Sikre hekke-kontinuitet av svarthalespove m.fl. (sjå over). - Utvikle ugjødsla naturbeitemark på 39/2 og 39/7
<p>Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Utbetre køyreskader og deponerte massar på 40/16. Stopp i vidare deponering, og om mogleg utbetring på tipp 44 og tipp 45, og tipp 46 (Haugatangen). Evt. utbetring må samordnast med tilstøytande fornminne. Om mogleg restaurering av skada fornminne.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Årleg fjerning av søppel, samarbeid grunneigarar/Orre skule. - Fjerne geitrams og rukkerose på lesida av dei kvite dynene - Tradisjonell ugjødsla beite av strandsone, samt utvikle ugjødsla naturbeitemark på 39/2 og 39/7 (RMP/SMIL).
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshav.</p>	<p>Gnr.bnr. 40/16 har høve til vedlikehald og evt. opprusting (etter disp.handtering) av båtstø. Godkjente køyretreasear, dyrka mark og gjødsla beite jamfør sonekart. Storfefeite i sørlege delar. All deponering er forbode.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1-5.</p>	<p><u>Ferdskategori 4:</u> Passivt skjerma sone utan tilrettelegging. Sårbart fugleliv ved elveosen, hekking av svarthalespove og landbruksinteresser, gjer at auka ferdslar ikkje er ønskeleg. <i>Forvaltningsmål:</i> Skjermingsone for Ramsar-området i sør/nord.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn, overvaking, forskning</p>	<p>Planteliv og insektfauna bør nærmare registrerast. Handlingsplan svarthalespove 2010. Hindre spreiding av blautgjødsel til baksida av primærdynene (for å dempe geitrams). Prioritert oppsyn motorisert og hestesulky, spesielt på vegen som går nordover og sørover parallelt med stranda frå skiftet mellom 39/3 og 39/5</p>

Sone 24 Vik-Skeie, Klepp kommune

Verneform: Fuglefreding, landskapsvern
Sonekategori: A (Spesiell vernesone)

Gnr./Bnr

38/1, 2, 3, 8;39/3, 4, 5

Omtale

Morenekyst med blokkstrand og tre vikar med smal sandstrand. I tillegg til rikt fugleliv finn ein ei rekke sjeldsynte plantesamfunn, og eit fornminne. Gamal deponi-hamn for stein. Fleire skjemmaende deponeringar og bygg.

Tilstand, trend og utfordringar

Tilstand: Dårlig
Trend: stabil/dårlig

- Særs smal vernesone, betydeleg arealpress/gjødsling
- Ulovlege deponeringar og brenning av avfall.
- Skjemmande steinfyllingar

Spesielle verneverdiar

Vekslinga mellom sand- og rullesteinsstrand med grunne vikar gir eit meir variert landskapsbilete, men vernesona er særs smal og tildels sterkt påverka.

Landskap

Vegetasjon

Dei fleste vegetasjonstypar er robuste og slitesterke, men lokalt er det skjemmaende steintippar. Viss desse blir fjerna, vil området stå fram som eit toppområde av internasjonal klasse. Verdi A. Naturtypar: : Strandeng, strandsump, tangvoll, forstrand, fordyne, primæradyne; med 13 registrerte veg.typar. *Artsfunn*: Hestehavre, kjeldegras, fjøresaltgras, strandkveke, havsevaks, sandstarr, vass-slirekne, tangmelde, strandmelde, sølvmelde, tiggarsoleie, kystfrøstjerne, nordsjøreddik, blodtopp, gjeldkarve, vassveronika, gulmaure, flikbrønsl, småborre og bruskmelde. Tangvollsamfunna er mellom dei mest velutvikla og interessante me har i landet og har internasjonal referanseverdi (A.L.2010). Raudt hønsegras, vass-slirekne og vassarve har her sin naturlege veksestad. Andre artar som inngår i dei ferskvasspåverka tangvollane er strandbalderbrå, froskesev, alaskamjølke og småvasshår (FM). Vekslande stein- og sandstrand skapar stor variasjon i naturtypar og artsmangfald. Utløpet av Skeiekanalen utgjer eit spesielt miljø som er viktig både for plantelivet og fuglelivet. Her finn ein fleire sjeldsynte artar som vassveronika og andre.

Fauna

Heile sona er fuglefreda (Ramsar-status), der vikene er viktige rasteplassar for vadefugl under trekk. Også viktig som vinter-lokalitet for flokkar med storkand, ærfugl, brunnakke og kvin-and. Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): **Ærfugl, sandlo (4), tjeld(6), vipe, storspove (5), raudstilk, gråmåke, fiskemåke (1), raudnebbterne, songlerke, linerle, heipiplerke, stær, tornirisk**

Kulturminne

www.kulturminnesok.no

På Åsetangen ligg lett synleg gravhaug kalla «Veden». Aktivt storfebeite i dag.

Bevaringsmål

- Sikre samanhengen og naturlege prosessar i eit variert og ope kystlandskap, med veksling mellom rullesteinstrand og sandstrand
- Skjerme særs velutvikla tangvollar med økosystem og plantesamfunn som er knytte til desse.
- Skjerme biotopfunksjonar for fuglelivet mot unødig forstyrring, særleg som rasteplass for trekkande vadefugl og som overvintringsplass for ender og sjøfugl. Ramsar-krav.
- Oppretthalde verdi for hekkande **prioritert**fugleartar.



FIGUR 39.
Sone 24 Skei-
estranda med
vegetasjons-
typen eittårig
melde-tangvoll.
Foto A. Lund-
berg

<p>Skjøtsel Restaurering/utbe- tring</p> <p>Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Steintipp 47 er skjemmande og har ødelagt delar av biotopverdiane, prioritert utbetring som også ivaretek behov for erosjonsvern mot innanforliggande dyrka mark. Også molo-området burde vore vurdert utbetra, men sekundært.</p> <p>Steindeponi på strandflata 38/3 er no fjerna, steinen lødd langs vernegrensa som steingard. Stadvis forsøpling og skrot på må utbetrast i dialog med grunneigar. Strandsøppel må ryddast årvisst, i samarbeid med grunneigar/ Orre skule.</p> <p>Tilbakeføre til ugjødsla strandeng/naturbeitemark (m.a.39/3, RMP/SMIL)</p>
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshavar</p>	<p>Godkjende køyretreasear, dyrka mark og gjødsla beite, jfr. sonekart.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser</p>	<p><u>Ferdselskategori 4 Passivt skjerma sone:</u> Omsynet til fugleliv og landsbruksinteresser tilseier ingen tilrettelegging eller andre friluftslivtiltak til eller gjennom sona. Heilårleg bandtvang.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn,overvaking</p>	<p>Stoppe deponering og brenning av stein/organiske massar/avfall. Overvaking i samsvar med Ramsar-kriterier. Insektaundersøkingar.</p>

Sone 25 Skeie og Refsnes, Klepp og Hå kommunar

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr	38/ 5, 8,13, 14, 15, 19, 20; 6/ 3, 4, 32, 49, 50; 7/ 2, 4, 32
Omtale	Rullesteinstrand i nord. I sør siste sanddynekyst på midtre Jæren før rullesteinskyst sørover heilt til Kvalbein i Hå. Regionalt viktig friluftsområde. Delar er særst smal og pressa.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: God; Trend: stabilisert, men framleis fleirarta press. <ul style="list-style-type: none">■ Særst smal sone i nordleg del under press frå landbruk■ Slitasjeskader pga fotferdsle, motorferdsle og bruk av hest.■ Uønska framande planter i spreiding.
Spesielle verneverdiar	Opent storskala-landskap med typisk rullesteinsstrand i nordleg del. Sørleg del med fint utvikla primærdynebelte, nokre stader med heilskap til bakdyner.
Landskap	
Vegetasjon	<i>Naturtypar:</i> Sanddynelandskap med tangvollar, fordyner, primærdyner og svingedyner. Verdi A. Registrert 10 veg.typar. <i>Artsfunn:</i> Marehalm, lodnefaks, strandkveke, strandrug, sandstarr, lodnerubloom, strandkål, strandskolm, gjeldkarve, gulmaure, klistersvineblom (A.L. 2010). I nord driftsvollsamfunn med sjeldne artar som sølvmelde og sandslirekne, og verdifullt strandarvesamfunn. R-artar: sodaurt og nebbslirekne. Sanddynevegetasjon med bl.a. sandløvetann. Midtre og sørre parti har sanddynelandskap med tangvollar, fordyner, primærdyner, svingedyner og dyneenger-dominert av bittersøte og bakkesøte. Sjeldne, raudlista soppartar: <i>Geoglossum cockianum</i> , <i>Leptoglossum muscigenum</i> , <i>Lamprospora crouanii</i> .
Fauna	Aktuelle hekkefugl (Foldvik 2001): Tjeld (6), songlerke, heipiplerke (1), steinskvett, buskskvett, tornirisk , løvsangar, bokfink. Sørre del grenser til Ramsar-fuglefredingsområde. Grunnvassområda er bra for smålom og andre dykkarar, og tidvis store andeflokkar.
Kulturminne	Skeieskogen, aust for vernegrensa, har eit større fornminne-gravfelt. Like i vest i verneområdet ei delvis restaurert langrøys.
Brukstradisjonar	På garden Nærland starta den store aksjonen for å stagge sandflukta i 1870.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none">■ Ta vare på eit velutvikla strandvoll- og sanddynekystlandskap, med mest mogleg naturlege prosessar.■ Sjeldne planteartar og deira livsmiljø skal ivaretakast.■ Oppretthalde verdi prioriterte hekkefuglartar.



FIGUR 40.
Sone 25 Skeie-
Refsnes. Fordyne
med strandarve-
vegetasjon. Foto
A. Lundberg

<p>Skjøtsel Restaurering/utbe- tring Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Utbetring eller fjerning av tippene 49, 50 og 51, samt nyare tippar frå 1990-talet, i samarbeid med grunneigarar. Restaurering av steingjerde (JF-program 08/09). Årleg opprydding av strandsøppel (JF i sør). Utbetre og kanalisere slitasjeskader i sanddynene. Fjerning av framande artar i bakdyne-areal.</p>
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshav.</p>	<p>Godkjende trasear for køyring og hesteriding (Refsnesstranda), areal dyrka mark kan drivast som før, jfr. sonekart.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser</p>	<p><u>Ferdselskategori 2 (3): Mindre omfattande/enklare</u> tilrettelegging. Fuglefreda sonar i nord og sør krev spesielle omsyn i desse delane. Ingen gjennomgåande tilretteleggings-tiltak vil derfor bli godkjent. Det er gjennomført etter måten omfattande tiltak på dei 176 deka med offentleg sikra natur- og friluftsområde: JF har opparbeida og avgrensa P-plass, toalett/ renovasjon, og sti til stranda. Nye informasjonsskilt vil bli sett opp i 2009. FM vil kunne godkjenne at større arrangement, skuleklasse-overnattingar m.m. vert lagt til dei sikra areala, i dialog med JF, fortrinnsvis i skogen aust for vernegrensa.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn, overva- king, forskning</p>	<p>Stoppe all vidare deponering av massar. Oppsyn mot hesteriding på sanddyneareal, og ulovleg motorisert. Overvake og evt. aktivt skjerme sårbare planteartar og –samfunn.</p>



FIGUR 41.
Sone 26
Nærland – Hå.
Strandbeite mot
Obrestad fyr, rik
på kulturminne
og fuglefreda.
Foto A. Lund-
berg

Sone 26 Nærland-Hå, Hå kommune

Verneform: Plantefredning, fuglefredning, landskapsvern

Sonekategori: A (Spesiell vernesone) og C (nærmaste areal til Prestegarden)

Gnr./Bnr

7/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 9, 11, 19, 21;9/1;10/1, 2, 4, 5, 7, 8, 10, 11

Omtale

Rullesteinsstrand og overgang til morene-klintkyst i sør. Plante- og fuglebiotopfredingar, rike eldre og nyare kulturminne, m.a. omfattande steingardsstruktur. Brattkanten «Brekå» som relikte moreneklint ved Obrestad fyr (freda fyrmiljø). Naust- og kyst-kultur ved elveosen. Hå-elva som nasjonal lakseelv. Hå gamle prestegard. Regionalt besøksområde. Samla verdi A

Tilstand, trend og utfordringar

Tilstand:God;Trend: usikker - stor og fleirarta påverknad.
Fuglelivet er generelt utsett for mykje forstyrning
Kulturbetinga planteliv treng aktivt ekstensivt beite.
Stadvis markslitasje og konflikta ferdsl/landbruksdrift.
Masse-deponeringar og uttak
Ulovleg motorisert og hestesulky, spesielt på Nærland.

Spesielle verneverdiar
Landskap

Variert og representativt storskala-landskap, med omfattande steingardssystem og kulturminne. Freda Obrestad fyr nasjonalt sjeldsynt som geologisk element (morene-klintkyst). Sers velutvikla rullesteinstrender med rullesteinstrandvegetasjon som dekkjer store areal er typisk for området. I nord er det velutvikla sandstrand og Håelva bidrar til stor grad av variasjon i natur-typar og artsmangfald. Sjeldsynte og trua artar og vegetasjons-typar, som kystlynghei, er også typisk for området. Moreneklint-kysten i området er ein sjeldsynt landskapsform i Noreg og denne er mellom dei mest velutvikla i landet. Området er derfor vurdert som særskilt viktig.



FIGUR 42.
Utsikt nordover omkring Kalabukta, Obrestad-Reime. Moreneklintkyst og rullesteinsstrender. Foto A. Lundberg

Vegetasjon

Naturtypar: Sandstrand (i nord) og rullesteinstrand, tangvollar, naturbeitemark og fragment strandsump. Samla heile 29 veg.typar. Verdi A (A.L. 2010). *Artsfunn:* 120 artar karplanter registrert i 2009. Jamførlista over vegetasjonstypar (A.L.2010), men i tillegg kan nemnast dvergsmyle, hestehavre, knegras, mannasøtgras, lodnefaks, blåstarr, grønnstarr, paddesev, vårarve, gulskolm, klourt, vassveronika, klustersvineblom og småborre.

På sandstranda i nord finst typisk sonering frå sjøsida med tangvollar (saltvass- og ferskvasspåverka), via fordyner til kvite dyner med marehalm og strandrug. På gnr.bnr. 9/1 og 7/5 er fine driftvollsamfunn (tidligere registert sand-slirekne). Fragment av strandeng med saltarve og ferskvasspåverka strand med evjebrodd og liten bestand av havstorr, tidlegare havsevaks og sjøsevaks. Nord og sør for utløpet av Håelva, finst mektige rullesteinstrender med tilhøyrande rullesteinvegetasjon, og velutvikla og intakte havstrandvegetasjonen med stor variasjon av planteartar og vegetasjonstypar. Langs rullesteinsstrendene finst også fragment av strandeng. Naturbeitemark (med raudsvingel og gulaks) er særleg fint utvikla vest for Hå gamle prestegard, i eit felt som er om lag 1 km langt og inntil 70-80 m breidt. Lsør plantefreda område ned av Obrestad fyr har rikmyr og strand-sump med kjempesøtgras. Typiske artar er orkidear som strandmarihand og engmarihand, jåblom, duskstorr, myrsnelle, myrsaulauk, og nebbstorr. Meir sjeldsynt fjellplanter som svarttopp, fjelltistel, sveltull og hårstorr. Sjølve brattskråninga har dominerande lyng og urterik grashei, med vestlandsvikke, fagerperikum, kusymre, bakkesøte og blåfjør.

Fauna

Fuglefredingsområde med Ramsar-status. Viktig trekk-lokalitet for til dels store mengder fugl. Ved elveosen mykje over-vintrande sjøfugl og ender. Ved fyret mykje myrsnipe, gravender og andre andefugl. Viktig trekklokalitet for vadefugl.

Hekkefugl (Folvik 2001): Området rundt Håtangen er område 5 for viktige hekkeområde: . gravand, **sandlo** (3), **tjeld** (3), **vipe** (4), **raudstilk**, **fiskemåke** (1), **raudnebbterne** (2), **songlerke**, **linerle**, **skjærpiplerke**, **heipiplerke**, **sivsangar**, **steinskvett** (5), **tornirisk**. Hå gamle prestegrad - Obrestad fyr: **ærfugl**, **tjeld**, **vipe**, **fiskemåke**, **songlerke**, **linerle**, **heipiplerke**, **sandsvale** (koloni), **steinskvett**

<p>Kulturminne www.kulturminnesok.no</p>	<p>Sona er særskild rik på kulturminne og historie, med stor historisk djubde, særskild preg og identitet. Nærland:Rike fornminnefunn (våpen, smykke, reiskaper) frå steinalder, jernalder. Håtangen:Det mest kjende og best restaurerte strandgravfeltet på Jæren, med omkring 60 gravrøyser. 25 av gravminna frå folkevandringstida (400-550 e.Kr.), men også 5 frå Vikingtida. Resten er frå Jernalderen.10/1 Gravfelt, nordre felt. 50 gravminne; 10/5 2 Gravkamre;</p>
<p>Brukstradisjonar</p>	<p>10/2 Fyr-/losstasjon (Obrestad fyrstasjon). Kongevegen over Jæren frå 1600-tallet føler strendene frå Obrestad til Kvasseheim. Redningsstasjon på Obrestad frå 1854. Området har nokre av dei best bevarte steingardane i landskapsvernområdet. Håtangen har fin gruppe båtnaust i tradisjonell stil, med grunnmur av stein og tak tekka med teglstein. Båttøer, dels murte med hand. Restar av grunnmurar etter båtnaust ved Selvågen. Prestegarden (hovudbygning frå 1787) var tidlegare sentralt knutepunkt for ferdsle langs kysten til lands og i båt. Velkjent m.a.for rikt lakse- og perlefiske. Store og særskilde steinblokker med loale namn girsærskild og identitet (Den doble st eidn,Kongesteidn,Tangarsteinane og Prestaskjeret).</p>
<p>Bevaringsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ivareta landskapskarakteren utan varige forstyrrende tiltak. ■ Oppretthalde internasjonal verdi som fuglebiotop (Ramsar). ■ Oppretthalde verdifor prioriterte hekkefugl. ■ Ta vare på den store og mektige moreneklintkysten, lokalt kalt «Brekka» ■ Skjerme og restaurere kvalitetane på Nærlandssanden ■ Sikre dei mektige og flotte rullesteinstrendene ■ Skjerme rike naturlege vegetasjonstypar og robuste bestandar av sjeldsynte planteartar. ■ Oppretthalde sjeldsynt og spesielt opplevingsrikt kulturlandskap, med spesiell fokus på kulturelement heilt frå steinalder til dagens bygnings- og driftstrukturar.
<p>Skjøtsel Restaurering Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Utbetring/fjerning av fyllingar, prioritet: Tipp 52, tipp 53, tipp 54,tipp 55 og 56. Vedlikehald/restaureringav eldre og nyare kulturelement, i nært samarbeid med grunneigarar og kulturminnestyresmakter (RMP/SMIL-aktuelt). Vidareføre ekstensiv tradisjonell beitebruk, i første rekke på plantefreda areal (SMIL/RMP-aktuelt). Årleg rydding strandsjøppel.</p>
<p>Bruksinteresser grunneigar/rettshavar</p>	<p>Godkjent dyrka mark, gjødsla beite, køyretrasear, jamfør sonekart. Bruk av hest på Nærlandsanden krev nærmare avklaring med fylkesmannen.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking. Bandtvang</p>	<p>Ferdskategori 1 Omfattande besøksområde: Prestegardstunet (utanfor vern), med innandørs og utandørs tilrettelegging og informasjon, er regionalt kultursenter med stort besøk. Eigen steinalder-utstilling(«Spor») i Jærhuset. Forvaltningsmål: Naudsynt tilknytt arrangement/ kortvarige tilstellingar i nærmaste verneområde vil kunne godkjennast etter nærmare avklaring, men nøye vurderast i høve landskap, sårbart fugle- og planteliv, og landbruksdrift. Delar av sona er godt eigna som undervisningsområde for natur og kultur. FMvil få sett opp nye informasjonsskilt om verneområdet. Ferdskategori 3-4 Enkelt tilrettelagt/passivt skjerma:Alt anna areal utan nærmaste Prestegardstunet. Det er tilrettelagt parkering for rørslehemma ved Nærlandstranda. Det er merka sykkelrute på grusveg mellom Nærland Park og Hå gamle prestegard og vidare langs steinstranda til Obrestad fyr og hamn. Forvaltningsmål: Spesielt fuglelivet omkring elveosen, Nærlandsanden, sårbare plantelokalitetar og fornminne skal aktivt skjermast mot forstyrning og slitasje. Heilårleg bandtvang.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn/overvaking</p>	<p>Overvake utviklinga av Ramsar-området, i samsvar med eigne retningslinjer. Nærmare kartfesting av sjeldsynt planteliv. Handheve forbodet mot deponeering, sanduttak,køyring og hestesulky på Nærlandssanden.</p>

Sone 27 Obrestad, Hå kommune

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr

10/4;11/1, 2, 3, 4, 6, 8, 11, 12, 15, 18, 19, 20, 27

Omtale

Karakteristisk fossil more-klintkyst, den mest markerte på heile Jær-kysten. Kulturminnefreda Obrestad hamn med aktiv kystkultur, permanent kunstinstallasjon, og kommunens «1000-års-stad». Rike fornminne og nyare minne. Steintipp, granfelt.

Tilstand, trend og utfordringar

Tilstand: god; Trend: stabil
■ Gjødslingspress på rike vegetasjonstypar i «Brekå»

Spesielle verneverdiar

Landskap

Moreneklintkysten med si spesielle naturhistorie er av dei mektigaste og mest velutvikla langs Jærkysten og i Noreg. Rullesteinsstrendene og sandstranda med tilhøyrande vegetasjonstypar er store og artsrike med innslag av både representative og meir spesielle artar. Mange og viktig fornminne og nyare minne gir historisk djup til landskapet.

Vegetasjon

Naturtypar: Rullesteinstrand, sandstrand, naturbeitemark. Registrert 11 veg. typar (A.L. 2010). *Artsfunn:* Kjempepiggnopp, andmat, dvergsmyle, hestehavre, kjeldegras, fjøresaltgras, fjøresevaks, duskstarr, knortestarr, vass-slirekne, tiggarsoleie, blodtopp, røsslyng, flikbrønsle. Samla verdi A (AL 2010). Velutvikla tangvoll-vegetasjon av ulike typar, eittårige og fleirårige, saltvasspåverka og ferskvasspåverka. På sandstranda nord for hamna er det velutvikla eittårig tangvollvegetasjon (typane V1c og V3) og strandsump med havsevaks (U8b). Vigjåhar ofte fine driftvollsamfunn med regionalt sjeldsynte planter som evjebrodd, saftstjerneblom, kjeldegras og taresaltgras. Innanfor rullesteinstrendene er moreneklint-skråninga dominert av naturbeitemark med dominerande lyng og urterik grashei, med vestlandsvikke, fagerperikum, kusymre, bakkesøte og blåfjør. Langs små bekkar finst eutrof ferskvass-vegetasjon med næringskrevjande artar som kjempepiggnopp, andmat og vass-slirekne. Mange av dei naturlege vegetasjons-typane i området er spesielt artsrike og velutvikla, med innslag av sjeldsynte planteartar.

Fauna

Obrestad-bukta (Vigjå/Sandbukta) har ofte store tal kvinender, haveller, **ærfugl**, stökkender og skarv, samt er viktig trekk-lokalitet for vadefugl. Aktuelle hekkefugl (Folvik 2001): **Ærfugl**, gravand, **sandlo**, **tjeld**, **raudstilk**, **songlerke**, linerle, **heiplerke**, sivsangar, stær, **steinskvett** (5), gråsporv

Kulturminne

www.kulturminnesok.no

Sona har sær s rike fornminneområde, med gravrøyser, ulike gardsanlegg og nausttuft. 11/11:15 gravrøyser; 11/1 Gravhaug; 11/fl.: fiskevær, sjøbruksanlegg (Obrestad hamn); 11/fl.: Hamneområde (Obrestad hamn)

Brukstradisjonar

Kongvegen over Jæren frå 1600-talet følgjer strendene frå Obrestad til Kvasheim. Hamna er freda av Rikstantikvaren etter kulturminnelova. Rik sagahistorie, skipsforlis, og nasjonalt skihopp-renn i «Brekå» på slutten av 1930-talet. Mange krigsminne og krigshistorie etter 2. verdskrig. Lang og framleis aktiv kystfiskarkultur (planar om kystkultursenter). Store delar av området blir beita av storfe, både den bratte moreneklinten og dei meir flate partia på sjøsida



FIGUR 43.
Steinskvetten
finn innsekt i
tarebukta ved
Obrestad hamn.
Arten er ein
prioritert hekke-
fugl i denne
sona. Foto R. S.
Karlsen

<p>Bevaringsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ivareta sjeldsynte einskildartar og vegetasjons typar. ■ Bevare detkarakteristiske morene-klintlandskapet som eit dominerande og intakt landskapselement, utan forstyrrende terrenginngrep. ■ Ta vare på dei velutvikla rullesteinstrendene, sandstranda nord for Obrestad hamn og naturbeitemarkene med tilhøyrande artsrik vegetasjon ■ Ivareta og formidle det rike kulturminneområdet, med hamna og kystkulturen, i nært samarbeid med kommune/FK og grunneigarar. ■ Skjerme rikt fugleliv i Vigjå mot unødig forstyrning, spesiellhekkeområde for prioriterte fugleartar.
<p>Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Prioritert fjerning/utbetring av Tipp 57. Målretta bruk av økonomiske virkemiddel i høve tradisjonell og ikkje-gjødsla beitemark, samt vedlikehald av kulturminne (SMIL/RMP-aktuell). Årleg mykje strandsjøppel må ryddast.</p>
<p>Bruksinteresser (grunneigar/rettshavar)</p>	<p>Godkjent dyrka og gjødsla mark, samt køyretrase, jfr sonekart.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak.</p>	<p><u>Ferdskategori 3</u>Enklare tilrettelegging: Kongevegen er merka med blå merkepinnar langs Kongevegen. Hå kommune sin «tusenårsstad» er tilrettelagd like ovanfor hamna. Parkeringsplass i hamna. <i>Forvaltningsmål:</i> Ny info-tavle om verneverdiane vil bli sett opp i hamna i samråd med fylkeskommunen, grunneigarar og Jæren Kystlaget.</p>
<p>Anna oppsyn, overvaking,</p>	<p>Stoppe all deponering. Oppfølgjande registrering av planteliv. Overvake utvikling i randsone til Ramsar-område i nord.</p>

Sone 28 Obrestad-Reime, Hå kommune

Verneform: Plantefreding, landskapsvern; Sonekategori: A (Spesiell vernesone)

Gnr./Bnr 11/4, 8; 12/3, 6, 8, 12

Omtale Markert fossil moreneklintkyst med blokkstrand og kulturmark. Særs plante-rik strandsone. Særs rik på ulike eldre og nyare kulturminne.

Tilstand, trend og utfordringar Tilstand: God; Trend: Betre (mindre gjødslingspress)
■ Årvisst mykje skjemmaende strandsjøppel

Spesielle verneverdiar Inngår i sjeldsynt, representativt og usedvanleg vakkert landskap Obrestad – Grødalaland, med store plante- og kulturlandskapsverdiar.

Landskap

Vegetasjon

Plantefredinga har noko av den finaste rullesteins- og havstrand-vegetasjonen i landet, med strandenger, kalkrike myrdrag og strandsumpvegetasjon. Registrert 5 veg.typar (A.L 2010). Samla verdi A.176 registrerte planteartar. *Artsfunn*: Duskstarr, engstarr, grisnestarr, pors, kattehale, klourt, temynte (AL 2010). Dominerande artar er krypkvein, hestehavre, raudsvingel, strandkryp, mannasøtgras, havsivaks, tangmelde, strandarve, gåsemure, mjøduert, kattehale og strandkjempe. I den sørlege delen av sona finst eit nasjonalt spesielt våtmarksområde. Det er ein kombinasjon av rikmyr/sig og strandmyr som knapt er omtalt frå Sør-Noreg, med underliggande 40 000 år gamal marin leire med kalkfossilar. Typisk er kombinasjonen av artar som elles inngår i rikmyr og sig og strandartar, slike som engstarr, grisnestarr, hjartegras, tiggarsoleie, temynte og klourt. I området inngår også sjeldsynte orkidear som strandmarihand og engmarihand, og vidare breimyrull, nebbstarr, loppestarr, blåstarr, vill-lin og kvitmyrak. Ein annan nasjonalt særprega vegetasjonstype er strandeng/strandsump dominert av duskstarr. Typen er kjend frå ulike delar av ytre Rogaland, men er førebels lite omtalt. I den sørlege delen av forvaltningssona finst også strandsumpar dominerte av takrøyr eller havsevaks. Mellom rullesteinane finst fragment av strandeng. Artsrike tørrbakkar med rik lyngblomstring om hausten, samt dverkbjørk, klokke-lyng, krekling, krypvier, engkvein, og stadvis meir sjeldsynt nikkesmelle, vestlandsvikke, fagerperikum, kusymre og nattfiol. Andre: saltarve, kjeldegras, saftstjerneblom, rustsevaks, brudespore, purpurmarihand, bust-sivaks, rust-sivaks, vasskjeks, saltarve, villapal, nyperose og øyrevier, fjelltistel, strandvorte-melk og vårmarihand. foruten mange mosar og beitemarksopp.

Fauna	Strandsona har stor verdi for vadefugl under trekk, samt hekkeområde for spesielt steinskvett (5).
Kulturminne www.kulturminnesok.no	Området er rikt på fornminne. Det store gravfeltet på Reime (11/4) er frå folkevandringstid. I tillegg gardsanlegg og driftsminne utgjer dette området ein av dei få stadene langs <i>Kongeveg</i> der ein kan oppleve direkte samanheng mellom spora etter levevis og gravplassen til folk i førhistorisk tid. Det er også ei mengd funn etter våpen og reiskap, over langt tidsspenn. 11/4 Gravfelt, minst 26 gravrøyser; 12/6 Langhaug; 12/6 Gardfar; 12/6 Stakktuft
Brukstradisjonar	Det finst også mange flotte kulturminne frå nyare tid, t.d. tarevegar, tarelaer, båtstø, tankgjerde og tanksperrer, dels i form av grøft, dels i form av steinar («Hitlertenner») frå andre verdskrigen. Både i sjøen og på land ligg store steinblokker og mange av dei har fått namn, som Skarvasteidn og Korpasteidn, Skorvasteidn, Kommelskjeret og Vigrehedlå.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ivareta den geologisk sjeldsynte klintkysten og rullesteinstrendene som geologisk naturdokument og opplevingslandskap. ■ Sikre biotopvilkåra for freda vegetasjonstypar og artar, spesielt unik vegetasjonstype i sør, ei blanding av rikmyr/sig og strandmyr. ■ Ivareta flora- og faunaverdiar på verdifulle restareal av ugjødsle myr og mindre gjødsle fuktmark aust av plantefredinga. ■ Oppretthalde verdi 5 for hekkande steinskvett.
Skjøtsel Restaurering/utbetring	Unngå gjødsel/næringsavsig frå innmarksbruk i aust, i samarbeid med grunneigar (SMIL/RMP-aktuelt). Oppretthalde <u>svakt</u> beitepress i rikmyr/sig/strandmyr-området i sør (12/12). Restaurere kulturminne i samarbeid med FK/grunneigarar.
Kontinuerlig skjøtsel	Fjerna kulturbetinga ugrasartar, t.d. mjødukt og landøyda i plantefredingsområdet, i samarbeid med grunneigarar. Vedlikehald og evt. restaurering av kulturminne. Årvisst mykje strandsøppel i Kalabukta må ryddast vekk.
Bruksinteresser (grunneigar/rettshavar)	Dei ytterste 25 meter frå tidlegare dyrkingskant og austover på 11/4,5 kan berre nyttast som beite, ikkje dyrka mark. På de første 15 meter frå Kongevegstien sin austkant og austover skal det ikkje gjødselast (jfr. godkjenning spreieareal). Likeså 15 m rundt verdifullt myrareal i sør. Aktivt beite av sau og storfe.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1-5.	<u>Ferdelskategori 3-Enklare tilrettelagt</u> : Ingen offentleg sikra friluftareal, men pålemerka kulturminne «Kongeveg». Parkering og informasjonstavle i Obrestad hamn.
Anna	Nærmare areal-kartfesting av sjeldsynt planteliv.



FIGUR 44.
Sone 29 Reime
– Bodle, med
gamal veg,
nausttuffer og
Grødalands-
podlen. Foto A.
Lundberg

Sone 29 Reime - Bodle, Hå kommune

Verneform: Landskapsvern. Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr	12/1,2,3,12;13/1,3,8,9;14/1,2,3; 41/2,4,5,6,20;42/1,16,21,175
Omtale	Storskala-landskap med dominerande rullesteinsstrand, morene-klintkyst i nord, mindre markert i sør. Eldre og nyare kulturminne, og etter måten rikt fugleliv. Markert prega av mange og til dels sær store tippar, stadvis grovavfall. Granskog. Hytte.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: Mindre god; Trend: Stabil, men stort forbedringspotensiale. <ul style="list-style-type: none"> ■ Gjødslingspress i strandbeite ■ Granskog i spreiring ■ Større mengder strandsøppel ■ Denne sona er spesielt prega av ei rekke massedeponi.
Spesielle verneverdiar Landskap	Velutvikla rullesteinsstrender med tilhøyrande og velutvikla rullesteinstrandvegetasjon er typisk for området, likeså den sjeldsynte kysttypen moreneklintkyst. Området er geologisk typeområde for Jæren, og utgjer eit geologisk naturdokument. Mange kulturminne frå jernalder til nyare tid og dagens aktive drift gir sona sær stor kulturlandskapsverdi.
Vegetasjon	<i>Naturtypar:</i> Rullesteinstrand, naturbeitemark, strandsump. Registrert 15 veg. typar. <i>Artsfunn:</i> Under synfaring (A.L 2010) blei det registrert 114 artar karplanter. Nokre av dei er: dvergsmyle, hestehavre, mannosøtgras, havsevaks, fjøresevaks, grisenestarr, knortestarr, rome, sverdlilje, pors, vasspepar, jåblom, blodtopp, engstorkenebb, klokkelyng, røsslyng, strandvindell, klourt, klen-gjemaure, gulmaure, åkerdylle. Østersurt-samfunn med m.a kystjordrøyk. Strandsump med artar som havstorr, saltstorr.

Fauna	Inngår i område 7 for viktige hekkeområde for fugl (Folvik, 2001): Ærfugl, tjeld, vipe , strandsnipe, raudstilk, storspove , enkeltbekkasin, fiskemåke , ringdue, songlerke (3), linerle, sandsvale (koloni), skjærpiplerke (6), heipi-plerke, tornsangar , løvsangar, sivsangar, rødvingetrast, gråtrast, svarttrost, jernspurv, steinskvett (6), bokfink, grønnfink, brunsisik, tornirisk , gulspurv, sivspurv.
Kulturminne www.kulturminnesok.no	Sona har ei rekke jernaldergraver frå Grødalaland og sørover: 14/3 Gravfelt. 21 gravhaugar. Hustuft; 41/6,20,5 15-20 gravhaugar; 41/5 Gravhaug; 41/4 Gravhaug; 41/2 Gravfelt, 4 røyser. I sør stort gravfelt frå jernalder, 10 rundrøyser og 5 avlange, også nausttuft frå jernalder.
Brukstradisjonar	Naust og nausttufter (også forhistoriske), båtstøer, tarelaer og tarevegar vitnar om mykje nytting av kystressursane. På Nord-Varhaug ligg ein gamal skipsopphoggingsplass frå 1909. Fleire tanksperrer frå 2. verdskrig. Bygningen «Luta» frå 1950-talet nytta til luting av halm. Grødalaland bygdetun aust for verne-området syner spesiell jærsk byggeskikk frå ca 1715 til 1830. Minnesmerke etter forsøksboring etter kull frå 1872. Restaurert kvernhus og eit tørkehus på Bodle. Langs stranda finst det mange store steinblokker og mange av dei har namn, som Svarte steinane, Varasteidn, Mågesteidn, Søra Hedlå m.fl.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ta vare på eit storslått kystlandskap med lang rullesteinstrand og moreneklintkyst som geologisk naturmonument. ■ Ta vare på det karakteristiske jordbrukslandskapet inklusiv tradisjonell ugjødsla kulturbeitemark ■ Bevare verdifulle kulturhistoriske landskapselement, herunder fornminne, den gamle Kongevegen, kvernhusanlegg, stein-gardar, naust og nausttufter med meir. ■ Oppretthalde verdi for prioriterte hekkefugl. ■ Sjeldne planteartar skal ha levedyktige bestandar.
Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel	<p>Ei rekke deponi/tippar bør vurderast fjerna/utbeta: tipp nr 62 til og med 73 (FM 2003). Bygningen «Luta» er dominerande idet opne landskapet og bør vurderast fjerna.</p> <p>Restaurering tippar, fornminne, steingardar, båtstøer, naust og andre nyare kulturminne, samt skjøtsel avbeitemark er aktuelle RMP/SMIL-tiltak. Behov for fjerning av mykje avfall (metall og organisk) på fleire av bruka. Hogst av skogspreiing Grødalaland. Fjerning av strandsjøppel ved behov.</p>
Bruksinteresser (grunneigar/rettshavar)	Godkjent dyrka mark, gjødsla beite og køyretrasar som på sonekart kan drivast som før. Sau- og storfebeite.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategorori 1-5.	<u>Ferdelskategorori 3</u> : Enklare tilrettelegging: Ingen offentlege friluftsområde. Kongevegen langs sona er stolpemerka, sti-merking til Grødalalandstunet.



FIGUR 45. Sone 30 Varhaug til Madlandshamn har nokre av dei lengste rullesteinsstrender i landet, med rike kulturminne og godt strandbeite. Foto A. Lundberg

Sone 30: Varhaug-Husvegg- Madlandshamn, Hå kommune

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr	42/13, 16, 21, 23, 83, 86, 90, 126, 57755/4, 5, 9, 1156/1, 6
Omtale	Blokkstrand og rullesteinstrand med innanforliggande husdyrbeite. Mange og varierte fornminne og nyare kystkulturminne. Verdifull vegetasjon i strandeng/strandsump. Mange stein- og massetippar pregar sona.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: Stabil; Trend: Stabil Vegetasjonstypane er robuste og tilstanden er god med liten erosjon eller anna skade. <ul style="list-style-type: none"> ■ Mange og skjemmaende aktive stein- og avfallsdeponeringar. ■ Gjødslingspress i naturbeitemark.
Spesielle verneverdiar Landskap	Storskala-landskap med mektige og lange rullesteinsstrendene som gir området særpreg og vegetasjonen på dei er representativ og typisk. Velutvikla moreneklintkyst, som er sjeldsynt i Noreg. Mange og rike kulturminne og kystkultur-historie gir historisk identitet. Aktivt jordbrukslandskap der dei mange steingardane sett tydeleg preg på landskapsbilde.
Vegetasjon	<i>Naturtypar:</i> Naturbeitemark, fulldyrka eng, kystlynghei, strandeng, strandsump, tangvoll. Registrert 14 veg.typar (A.L. 2010). <i>Artsfunn:</i> 128 artar karplanter (2009). Nokre av dei er kjempepiggnopp, andmat, dvergsmyle, kveke (her i sitt naturlege element, ikkje som ugras), strandrug, krushøymole, vasspepar, tangmelde, smørbukk, gåsemure, blodtopp, klokke-lyng, røsslyng, krekling, klourt, klengjemaure, gulmaure, strand-balderbrå, klistersvineblom. Frodig rullesteinsstrand-vegetasjon; i ytre del fjøresaulauk, saltsiv, raudsvingel, strandkvann, strand-kjeks, strandkryp, strandkjempe, åkerdylle og den sjeldsynte knortestarr. Lenger inne artar som hestehavre, sverdlilje, vendelrot, kattehale, engstorkenebb og svartknoppurt. I sona innanfor rullesteinsvegetasjonen fint eit belte med naturbeitemark, gjerne frisk fattigeng med engkvein, raudsvingen og gulaks, i lag med blomsterplanter av ulike slag. I denne sona kan ein også finne hestehavre-enger. Frisk fattigeng er den mest utbreidde vegetasjonstypen langs moreneklintkysten, men her og der opptrer også fragment av kystlynghei. Langs rikare bakkesig finst soleihov, saftstjerneblom og krypsiv.

Fauna	Aktuelle hekkefugl område 7 (Folvik 2001): Ærfugl , gravand, tjeld , vipe , raudstilk , songlerke , skjærpiplerke (6), heipiplerke , sivsanger, steinskvett , grønnfink, tornirisk .
Kulturminne www.kulturminnesok.no	Rike fornminneområde frå truleg bronsealder, og jernalder: 42/21: Gravfelt min.10 hauger; 42/23:Kirkegard, Gravfelt, Gravminne (Svensh auen),Veganlegg(Kongeveien); 42/13: Gravminne(Steinhaus),Buområde (Storhaus); Gravminne (Klokkars-hauen); 42/90: Gravminne; 42/86: Gravfelt 2 langrøyser; 55/11: Gravfelt 5 gravhaugar,1 gardfar; 55/4,11: Gravfelt; 55/4: Gravfelt(Finnshaug); 55/5: Gravminne; Gravfelt (Fladhaugen); 55/9: Gravfelt; lok. 5070 Gravminne; 56/1: Gravfelt(Soldaterhaugen); 56/6: Innhegning
Brukstradisjonar	Heile stranda-sona har sær srike brukstradisjonarog kulturspor heilt opp til dagens jordbruks- og kystlandskap: Varhaus gamle kirkegard. Tidlegare fleire kyrkjer, med min. 700 års religiøs tradisjon. Minnesmerke etter stort forlis i 1842 («Ingermanns-land») – eia mange forlis. Opphogging av skipsvrak med auksjon, siste på 1950-tallet. Kongevegen går her, både lite synlig og som gardsveg med steingardar på begge sider. Fleire naust og nausttuffer, både som fornminne og yngre, båtstøer og tarevegar. Tradisjon for navnsetting av større steinar med spesielle former. Mange krigsminnesmerker, som tanksperrer, bunkers og kanonstillingar.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ivareta sjeldsynt og representativ steinkyst-landskap. ■ Skjerma og vedlikehalde dei rike fornminna og andre nyare kulturminne mot slitasje, forfall og skader av alle slag. ■ Ta vare på rik vegetasjon og sjeldsynte artar. ■ Oppretthalde ekstensivt ugjødsla beite i strandsona i samarbeid med grunneigarar ■ Oppretthalde verdi for prioriterte hekkefuglar.
Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel	Prioritert sone for fjerning/restaurering av dei mange stein- og avfallstippene:Tipp 74 til og med tipp 85. Bidra til vedlikehald av steingardar, naust og andre kulturminne. Vedlikehalde ekstensivt beite av ugjødsla naturbeitemark (RMP/SMIL-aktuelt). Til tider mykje strandsøppel må ryddast.
Bruksinteresser (grunneigar/rettshavar)	Godkjente areal dyrkaog gjødsla beite kan drivast som før jfr sonekart. Godkjente køyretrasear. Grunneigar 56/1 kan fjerne vrak-metall, samt utbetre steingard langs sørgrensa. Storfe er det vanlegaste beitedyret, men også sauer går på beite (2009).
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1-5.	<u>Ferdskategori 3: Enkel tilrettelegging:</u> Parkering ved Varhaus gamle kirkegård og i Madland hamn. Gamle Kongevegen mot Stavnheimsvika er grusa opp som gardsveg i nord, stolpemerka gjennom sona. <i>Forvaltningsmål:</i> Informasjonsskilt om verneverdiar skal settast opp ved p-plassane.



FIGUR 46.
Sone 31
Steinrikt beite
Madland – Hårr,
med eldre og
nyare kultur-
minne. Foto A.
Lundberg

Sone 31 Madland-Stavnheim-Hårr, Hå kommune

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr 56/2, 669/3, 5, 1270/4, 5, 13, 15, 16, 4271/8, 10, 25, 30

Omtale Nasjonalt karakteristisk kysttype som geologisk naturdokument. Særs mange fornminne, naust og mange ulike nyare kultur-minne. Verneverdig og til dels sjeldsynt planteliv, rikt fugleliv, i sør tilgrensande Ramsar-fuglebiotopen Kvasheimvika. Mange stein- og massetippar.

Tilstand, trend og utfordringar Tilstand/trend: Stabil; Trend: stabil, men gjødslingspress og deponering.
■ Skjemmande stein- og avfallstippar.
■ Oppgjødsling i rike vegetasjonstypar.

Spesielle verneverdiar
Landskap Den sørlegaste delen av Jæren sine rullesteinsstrender, nasjonal verdi som landskapstype, med vekslende rullesteinsstrand, blokkstrand, moreneklint og til dels aktiv strandvoll-system, sammen med uvanleg rikespor etter kystkultur heilt opp til og med dagens jordbrukslandskap.

Vegetasjon
Naturtypar: Rullesteinstrand, naturbeitemark, strandsump, kystlynghei, tangvoll. Registert 17 veg.typar (A.L. 2010) *Artsfunn:* 124 karplanter (2009), nokre av dei er kjempepig-gknopp, andmat, takrøyr, dvergsmyle, hestehavre, kveke, strandrug, havsevaks, pollsevaks, blåstarr, knortestarr, sverdlilje, pors, krushøymole, tangmelde, raud jonsokblom, strandsmelle, strandkål, gåsemure, blodtopp, engstorkenebb, kattehale, strandkjeks, strandkvann, klokkelyg, røsslyng, krekling, østersurt, klourt, temynte, klengjemaure, myrmaure, gulmaure, flikbrønse, strandbalderbrå, klistersvineblom og åkerdylle. På begge side av Madlandshamn frodig rullesteins-strandvegetasjon, likeså strekninga Stavnheimsvika–Hårr- Øyrtangen. Her var før oppgjødsling noko av den rikaste strandvegetasjonen i landet ! I ytre del av rullesteinsbelte finn ein raudsvingel, krypkvein, fjøresaulauk slåttestarr, fjøresevaks, tangmelde, fjørekoll, kvassdå, saltsiv strandkjeks, strandkryp, strandkjempe, og den sjeldsynte knortestarr. Her og der finst fragment av strandeng. I sona innanfor opptrer naturbeitemark i form av frisk fattigeng dominert av gras, men med innslag av blomsterplanter, som fuglevikke, vendelrot, kattehale, og svartknoppurt. Langs rikare bakkesig finn ein soleihov, saftstjerneblom og krypsiv. Gul sverdliljesump i Stavnheimsvika, med havsevaks, strandrøyr, krushøymol, mjødurt, blodtopp, kattehale, engstorkenebb. Lenger inne i soneringa finst fragment av fuktig kystlynghei. I parti med rikare kalkhaldig myr finn ein artar som hjartegras, småsevaks og den sjeldnare duskstarr (ved Tvihaugane).

FIGUR 47.
Sone 32 Rullesteinsstrand i Øyrvika, med brakkvassump og artar som havsevaks og tiggarsoleie.
Foto A. Lundberg



Fauna	Søndre del område 8 for viktige område for hekkande fugl i verneområdet (Folvik, 2001): Ærfugl, tjeld, fiskemåke, vipe, raudstilk, songlerke, linerle, skjærpiplerke (4), heiplerke, sivsangar, steinskvett, grønnfink, tornirisk. Ved Litle Skarstein: ærfugl, gravand, tjeld, vipe, raudstilk, storspove, fiskemåke, songlerke, linerle, heiplerke, sivsangar, steinskvett,
Kulturminne www.kulturminnesok.no	Ei meng steinalderfunn av reiskap er funne på strandgardane. Sona inneheld også uvanleg mange fornminne frå jernalder: 69/3,12: 10 gravrøyser (Strandarøysane),13 andre gravrøyser; 70/4: 2 gravrøyser; 70/16,13: 9 gravrøyser; 70/5:4 gravrøyser; 71/8: 18 gravhaugar, 1 steinlegning; 71/10;26 gravrøyser.
Brukstradisjonar	Mange nyare kulturminne etter tradisjonsrik kystkultur: Kongevegen, tarevegar og tarelaer, nausttuffer, båtstø og eit restaurert naust i Stavnheimsvika, kvernanlegg, krigsminne (store steingardar som tanksperrer, og mine-krater). Også i denne sona er der mange «namnesteinar» langs stranda. Stavnheimsvika er kjend for mykje vrak-gods og båtopptrekk for skipsvrak, mogleg gamal gravplass etter skipsforlis.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ta vare på ein mektig kyst med velutvikla rullesteinstrand. ■ Sikre moreneklintkysten mot inngrep og forstyrring ■ Bevare kulturhistoriske verdiar i form av markerte steingardar, gammalt båtnaustog kystkulturbruk. ■ De usedvanleg mange fornminna skal skjermast mot ytterlegare inngrep og slitasje. ■ Oppretthalde tradisjonelt og ugjødsla beitebruk. ■ Sikre robuste rike vegetasjonstypar og trua planteartar som strandkål og østersurt. ■ Oppretthalde verdi for prioriterte hekkefugl.
Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel	Prioritert sone for fjerning/utbetring av ein rekke stein- og massefyllingar: Tipp 87 til og med 93 (FM 2003). Restaurering med vekt på landskapsbilde og av skada kulturminne. Vedlikehald og kystkulturminne (steingardar, naust m.m). Oppretthalde ekstensivt ugjødsla naturbeitemark (RMP/SMIL) og om mogleg restaurere oppgjødsla rike vegetasjonstypar. Tidvis mykje strandsøppel, og gammalt avfall bør fjernast.
Bruksinteresser	Godkjent dyrka mark/gjødsla beite, jfr. sonekart.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1 -5	Ferdelskategori 4 – Passivt skjerma utan tilrettelegging: Fugleverdiar og fornminne tilseier vidareføring av strengt forvaltningsregime, utan kanalisering- eller tilretteleggingstiltak.
Anna	Ny registrering av status fornminne. Registrering friluftslivferdsle.

Sone 32 Hårr-Kvasheim, Hå kommune

Verneform: Fuglefredning, landskapsvern Sonekategori: A (Spesiell vernesone)

Gnr./Bnr	71/1, 6, 10 103/2, 4, 5, 8, 25, 26, 27
Omtale	Strandvollkyst med grunnvassparti verna som fuglebiotop (Ramsar-status). Kvasheimfeltet i søraust det største strandgravfeltet på Jæren. Forhistoriske nausttufter, nyare naust og kystkulturminne. Tilgrensande innmarksbeite.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand/trend: God/usikker ■ Unødig forstyrning fugleliv ■ Sterkt skadeleg gjødsling av rik strand- og sumpvegetasjon
Spesielle verneverdiar	Sørlegaste del av den opne og nasjonalt karakteristiske steinstrand- og strandvollkysten. Aktiv strandvoll ved Øyren har geologisk verneverdi.
Landskap	
Vegetasjon	<i>Naturtypar:</i> Rullesteinstrandvegetasjon, naturbeitemark. Registrert 12 veg. typar. <i>Artsfunn:</i> Under synfaring blei det registrert 62 artar karplanter A.L. 2010). Nokre av dei er: kjempesøtgras (stor, talrik førekomst), hestehavre, dunhavre, strandrug, havsevaks, fjøresevaks, nordlandsstarr, sandstarr, knortestarr, sverdlilje, krushøymole, tangmelde, tiggarsoleie, kattedhale, karve, strandkvann, klengjemaure, åkerdylle og stivdylle. Flikbrønsl er kjent frå Bringsvågen, i tillegg til nebb-slirekne, i tillegg tiggarsoleie, strandarve, sverdlilje, strand-kvann, klourt, m.fl. Vegetasjonen langs den mest sjønære stranda er dominert av rullesteinsvegetasjon. I den midtre delen av strandlinja finst ein stor og fin brakkvassump med havsevaks, i kombinasjon med ferskvasspåverka driftvoll med tiggarsoleie (på innsida av brakkvassumpen). I baklandet er det breie felt av friske/fattige utformingar og tørre/rike naturbeitemarkar. Strandsump med m.a. hybrid starr-art ved Øyrtangen.
Fauna	Fuglefredning, med internasjonal Ramsar-status. Viktig rasteplass for vade-fugl-trekk (tidvis registert 900 myrsniper). Viktig næringsområde for m.a. gravand, stokkender, krikkender, brunnakkar. Også ei rekke sjeldnare fugleartar. Del av område 8, «viktig hekkeområde for fugl i Ivo» (Folvik 2001): Stokkand, sandlo , tjeld (4), vipe (6), raudstilk (4), storspove (4), fiskemåke (4), makrellterne (1), songlerke (5), linerle , skjærpiplerke (4), heipiplerke (4), steinskvett , stare .
Kulturminne	Fleire strandgravfelt, med Kvasheimfeltet blant dei største i landet. Frå tidspennet 1000 år før og etter Kristus, dei fleste ca 500 e.Kr. 71/1: 2 gravrøyser, 4 nausttufter(Øyarudla); 103/2: 72 gravhaugar, 5 gardfar.
Brukstradisjonar	Dei forhistoriske nausttuftene (frå folkevandringstid) ligg vendt inn mot tidlegare lagune («Harafloen»).Sona har rik nyare kyst-kulturhistorie, med båtstøer og naust ved Øyrtangen. Tarela nord for elveosen. Skipsopphogging på Øyren tidleg 1900. Rundt 1930-talet var det steinkuseverk på Øyrtangen
Bevaringsmål	■ Oppretthalde sona sin verdi som internasjonalt viktig fuglebiotop, minst mogleg unødig forstyrning. ■ Oppretthalde verdi for prioriterte hekkefuglartar. ■ Ta vare på strandvollkysten, med aktiv strandvollutvikling. ■ Oppretthalde planterike ugjødsle vegetasjonstypar, med robuste bestandar av sjeldsynte artar. ■ Bidra til vedlikehald/restaurering av fornminne og kystkulturminne.

FIGUR 48.
Denne dyre-
figuren er fun-
nen i ei av dei
mange gravene
på Kvasnheim,
eit av dei rikaste
fornminnefelt
i landet. Foto
AM/UIS



<p>Skjøtsel Restaurering/utbe- tring Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Ein steintipp bør utbetrast. Samarbeid med grunneigarar om vedlikehald av kystkulturminne (SMIL-tilskot). Fjerning strandsøppel. Oppretthalde eksten- sivt ugjødsla beite (SMIL/RMP).</p>
<p>Bruksinteresser (grunneigar/rettsha- var)</p>	<p>Større areal med godkjent gjødsla beite og køyreveg til naustmiljø, jfr. sonekart. Tradisjonell aktivitet og vedlikehald i Kvasnheim-hamna kan halde fram som før, men større tiltak på moloar eller bygg/anlegg må avklarast på førehand.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1 -5.</p>	<p>Ferdelskategori 4 - Passivt skjerma utan tilrettelegging: Sårbart fugleliv, kulturminne og husdyrhald tilseier ingen merking eller tilrettelegging. FM vil nøye følgje graden av forstyrning frå aktivitet i hamna og Friluftsfyret Kvasnheim. Om naudsynt tilrå innføring ferdels-restriksjonar (§ 3 pkt. 16 i verneforskrifta).</p>
<p>Anna t.d. oppsyn, overvaking,</p>	<p>Prioritert overvaking av fugleverdiane og forstyringsfaktorar. Oppfølgjande kartfesting av rike vegetasjonstypar og artar.</p>



FIGUR 49. Sone 33 Kvasheim – Kvalbein. Grus- og steinstrand, med strandkål-utforming. Slike tareviker er avgjerande for eit rikt fugleliv. Foto A. Lundberg

Sone 33 Kvasheim-Kvalbein, Hå kommune

Verneform: Landskapsvern Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk)

Gnr./Bnr	102/2 103/3, 4, 6, 8, 13, 25, 26
Omtale	Overgangstype mellom strandvollkyst og morenekyst, med mindre markert strandprofil. Rike gravfelt og kystkulturminne med Kvasheim fyr. Inkludert undersjøisk landskap.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: god Trend: stabil <ul style="list-style-type: none"> ■ Satsing på Friluftsfyret Kvasheim krev spesielle omsynfor fugleliv. ■ Gjødslingspress på strandplanter ■ Fjerning deponering/sjøppel i strandsona.
Spesielle verneverdiar Landskap	Storslått ope landskapsrom med utsikt frå nord langs rullesteinsstrandmot Raunen. Forvaltningssona utgjer den søre delen av den store og samanhengande rullesteinstranda langs den søre delen av Jærestrendene; meir eller mindre samanhengande frå Håtangen til Kvalbein, ei kyststrekning på nær 20 km. Dette er truleg ei av dei lengste rullesteinstrendene i Europa ! Aktivt beitelandskap, store fornminnefelt omkring Kvasheimfyret.
Vegetasjon	<i>Naturtypar:</i> Rullesteinstrandvegetasjon, strandeng, naturbeitemark Registrert 12 veg.typar (A.L. 2010) <i>Artsfunn:</i> Under feltarbeid 2009 blei det funnen 59 artar karplanter. Av desse kan me nemne dunhavre, fjøresaltgras, lodnefaks, strandrug, havsevaks, fjøresevaks, bogestarr, knortestarr, saltsev, strandarve, tiggarsoleie, strandkål (tre populasjonar), karve, strandkvann, klengjemaure, gulmaure, klistersvinelom, åkerdylle og stivdylle. Småmure (reg. sjeldsynt).. Langs sjøen finst rullesteinstrandvegetasjon, helst fleirårige driftinfluerte typar (av tang og tare). Også store felt med strandeng. I baklandet velutvikla naturbeitemarker, både vanleg fattigeng med engkvein og raudsvingel og artsrike med dunhavre. I nord inngår mykje karve, typisk for veldrenerte enger som ikkje er gjødsla, men typen er blitt sjeldsynt i det moderne jordbrukslandskapet. Her og der finst også brakkvassenger og brakkvassump.
Fauna	Inngår i område 8, viktig hekkeområde for fugl i lvo (Folvik, 2001): Ærfugl, tjeld, sandlo (6), storspove, heipiplerke, songlerke, skjærpiplerke. Stor fuglerikdom ved fyret og Fuglevika (mykje tare).

<p>Kulturminne www.kulturminnesok.no</p> <p>Brukstradisjonar</p>	<p>Kvassheim-gravfelta er blant dei største i landet, dei fleste frå dei første 500 år e. Kr. Aust for fyret ligg 4 gravhaugar og 1 hustuft. Like mot sør ligg 25 gravhaugar godt synlig som eit felt. 103/8: 4 gravhaugar, hustuft; 102/2: Gravminne.</p> <p>Fyret oppretta 1912. Lange kystkultur-tradisjonar og redningshistorie. Tufter etter naust på 103/3, 102/2. På 102/3 gammalt naust for redningsbåt («Det kvite naustet» eller «Tryggnauset»). 4 tydelige nausttufter Fuglevika, båtopp-trekk (m.a. for losbåten) og tarelaer.</p>
<p>Bevaringsmål</p>	<p>Ta vare på ei stor og velutvikla rullesteinstrand av internasjonal referanse-verdi.</p> <p>Vedlikehalde ope beite-kulturlandskap, med rik strandvegetasjon.</p> <p>Omfang og artsinnhald i naturbeitemarkene skal oppretthaldast, spesielt dei med mykje karve, i nært samarbeid med grunneigarar (SMIL/RMP).</p> <p>Sikre robuste bestandar av trua/sjeldsynte planter.</p> <p>Bevare eldre og nyare kulturminne.</p> <p>Oppretthalde verdi 6 for prioriterte hekkefugl, og unngå unødig forstyrning av trekkande og overvintrande fugl.</p>
<p>Skjøtsel</p> <p>Restaurering/utbetring</p> <p>Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Fjerne/utbetre avfall og steindeponi. Utbetring av slitasje i sti. Steinrydding langs sti/gamalt traktor veg frå fyret og sørover. Behov for felles ordning for søppelrydding i strandsona. Bidra til aktivt ugjødsla beitebruk (SMIL/RMP). Unngå gjødsling i nedre strandparti.</p>
<p>Bruksinteresser (grunneigar/rettshavar)</p>	<p>Avgrense mogleg konflikt mellom friluftsfærdsle og beite/beitedyr. Ny stormkasta laus stein på beite kan deponerast naturleg i strandsona. Godkjent dyrka/gjødsla areal, vegjfr. sonekart.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser</p> <p>Ferdselskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking. Bandtvangsbestemelsar.</p>	<p><u>Ferdselskat. 1 Besøksområde:</u> Friluftsfyret Kvassheim fyr: statleg sikra friluftsområde (2 daa)/«partnerskapsområde»/ «universell tilrettelegging».</p> <p><u>Forvaltningsmål:</u> Utvikling av Friluftsfyret Kvassheim som besøks- og informasjonssenter. Stort formidlings- og undervisningspotensiale. Spesielle omsyn til fuglefrednings-området i nord. Infoskilt om kulturminne på plass, nytt infoskilt verneområdet 2009.</p> <p><u>Ferdselskat. 3 Enklare tilrettelegging.</u> Resten av sona: punktutbetring i sti til Kvalbein, men ingen opparbeiding. Spesielle omsyn aktivt landbruk.</p>



FIGUR 50. Sone 34 Velutvikla sandkuler som ikkje er dyrka, Kvalbein ved Krossen -Nedre Dunkjen. Slike sandkuler var vanlege i bakdynene på Jæren, men det er ikkje mange igjen. Dei som ennå er att, er særst verdfulle. Foto A. Lundberg

Sone 34 Kvalbein og Raunen, Hå kommune

Verneform: Landskapsvern, fuglefreding

Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk) og A (Raunen, Spesiell vernesone)

Gnr./Bnr 102/1, 3, 5, 13, 24

Omtale Sandstrand med godt utvikla sanddyner og svært verdifulle rester av bakdyne-eng. Svaberg og rullestein ved Holmastø, med to eldre båtstøer og fleire båtstøer. Raunen består av rullestein, og utgjer her ein synlig del av Listamoren (15.000 år) som ligg på tvers over heile Ognabukta; med rikt fugleliv og restaurerte Rauna Redningsstasjon frå 1896. Inkludert under-sjøisk landskap. Søknad om Ramsar-status for Raunen i 2009.

Tilstand, trend og utfordringar Tilstand: god; Trend: stabil/usikker
 ■ Unngå/utbetre slitasje i sand, kanalisering til stranda.
 ■ Ulovleg hesteriding i sanddyner. Beiteerosjon i dynene på 102/1 og 102/3 (sterk erosjon) i 2009.

Spesielle verneverdiar Kvalbeinsanden har usedvanleg velutvikla og aktivt sanddynebelte, med rester av bakdyne-eng med stor planteverdi. Listamoren ut i sjøen ved Raunen. Raunen er historisk landemerke.

Vegetasjon *Naturtypar:* Sanddyner, rullesteinstrand, strandberg, naturbeitemark, med 15 vegetasjonstypar (AL 2010). *Artsfunn 2009:* registrert 92 artar karplanter, m.a. andmat, marehalm, hestehavre, dunhavre, kjeldegras, hjartegras, mannosøtgras, lodnefaks, bladfaks, strandkveke, strandrug, sandstarr, blåstarr, sandsev, saltsev, sverdlilje, strandmarihand, jærflangre, harerug, tangmelde, strandarve, sandarve, vårarve, strandsmelle, nikkesmelle, tiggarsoleie, kystfrøstjerne, nordsjøreddik, bitterbergknapp, gåsemure, rundskolm, strandkolm, blodstorkenebb, karve, gjeldkarve, bogeminne-blom, gulmaure og raudknapp. Tidlegare også kritisk trua strandtorn. Raudlisteartar av sopp og lav. Langs den flate forstranda finst eittårig tangvoll-vegetasjon og ferskvasspåverka tangvoll. Framføre sanddynene er det fordyner med strandkveke. Dei kvite dynene er velutvikla med marehalm, strandrug, strandkolm og andre. Sanddynene har mange ulike habitat som gir rom for høgt biologisk mangfald, med innslag av næringskrevjande og sjeldsynte artar. Særleg i sør er det artsrike bakdyner.

FIGUR 51.

Raunen er fuglefredingsområde, og det er søkt om RAMSAR-status for området. Foto A. Lundberg



Fauna	Del av område 9, viktige hekkeområde for fugl i Ivo (Folvik, 2001): Ærfugl, tjeld (2), storspove, fiskemåke, sildemåke, songlerke, linerle, skjærpiplerke, heipiplerke, buskskvett. Fuglelivet er spesielt rikt på Raunen, med hekking av måker, terner, gravand, ærfugl og i seinare år storskarv.
Kulturminne Brukstradisjonar	Mange krigsminne, utgravte gravhaugar. Naust. Forlis/rednings-historie (Tryggnauset i nord). Historisk malarkunst-landskap.
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none">■ Bevare dei karakteristiske sanddynene med bakland utan skjemmaende sår eller inngrep.■ Sikre livskraftige bestandar av truga planter.■ Ta vare på båtnaustmiljøet ved Holmastø (SMIL/RMP-aktuelt).■ Oppretthalde verdi for hekkande prioriterte fugleartar.■ Ivareta Raunen som hekkebiotop for terner og andre sjøfuglar, i samsvar med Ramsar-krav.
Skjøtsel Restaurering/utbetring Kontinuerlig skjøtsel	Steintipp nr. 100 på 102/3 lengst nord er nyleg utbetra, men området er sterkt erosjonsutsett. Behov for restaurering og vesentleg lågare beitetrykk. Omfattande fjerning av uønska planteartar ved campingplassen i sør 2005-2008. Vedlikehald av svillestiar. Ferdsselslitasje må møtast med kanalisering og infotiltak. Årleg vedlikehald av statleg gjerde langs austsida av primærdynebeltet, i samråd med grunneigar 102/1.
Bruksinteresser (grunneigar/rettshavar)	Jan. 07: grunneigar ønskjer at gjerde langs Brusand camping på sikt vert flytta til å følgje eigedomsgrensa (= vernegrensa). Grunneigar 102/1 har løyve (2007) til opparbeiding av turstittel sjøen ved eigedomsgrensa i nord. Han føreheld samstundes rett til tilkomst med traktor i same område. Godkjente traktortrasear til sjøen, jfr. sonekart. Godkjent gjødsla areal på 102/3 og sør for hytte 102/5. Bruk av hest er forbode i vegetasjonsdekka sanddyner og strandsone, med unntak på opparbeida veg langs søre sonegrensa til osen (verneregel §4 –pkt. 6), og vegetasjonslaus strandbredde. Vedlikehald av pumpeanlegg ved Fuglestadåna kan skje utan vidare, løyve til evt. naudsynt utbetring kan påreknast. Løyve til evt. framtidig landfeste for laksenot-rett ved elveosen kan påreknast. St. Hans bål ved Holmastø kan vidareførast same stad.
Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1 -5. Stiar/traséar, kanaliseringstiltak, skilt	<u>Kategori 3 Enklare tilrettelegging</u> : enkle kanaliseringstiltak (merkepinningar) frå nord for å styre ferdsl til og frå Brusand- Campingplassen - Kvalbein Gard - Kvasheim. Evt. info-skilt om verneområdet/redningshistorie ved Tryggnauset/102/1. <u>Kategori 5 - Ferdslsrestriksjonar</u> : Raunen, ferdslsforbod på land 15.04 t.o.m. 31.07.
Annat.d. oppsyn,overvaking,	Sårbare sanddyner tilseier streng handheving av forbod mot hesteriding, og overvaking ferdslslitasje.



FIGUR 52.
Sone 35
Brusand med
plantefreda
sanddyner og
strandvege-
tasjon. For-
dynene er
særs sårbare for
slitasje. Stranda
også eit statleg
sikra friluftsom-
råde. Foto A.
Lundberg

Sone 35 Brusand, Hå kommune

Verneform: Plantefredning, landskapsvern, Ramsar-område
Sonekategori: A (Spesiell vernesone)

Gnr./Bnr	100/1,25,28; 101/7; 102/1,24; 108/1,45,87,91,94,95,102,129, 133, 243
Omtale	Referanseområde for sanddynekyst, i ekspansjon siste 60 år. Nasjonalt sjeldsynt brakkvass-lagune med primærdyner i vest, open lagune og fuktige dynetrau, bakdyneeng og tørrare lynghei aust til vegen. Eit av dei mest markerte og tydelege geologiske landskapsskiller i landet, ved overgangen frå lausmassefattig knauselandskap i Egersunds-feltet ved Varden, til det flate, lausmasserike Låg-Jæren nordover frå Brusand.
Tilstand, trend og utfordringar	Tilstand: betre Trend: god/usikker-tilgroing og slitasje <ul style="list-style-type: none"> ■ Området er i aktiv naturleg endring over tid. Det er ei utfordring å la desse prosessane få fortsette og samtidig ivareta omsyn for friluftsliv og reiseliv. ■ Ulovleg hesteridning, tidvis i frontdynene/fosterdynene. ■ Tilgroing av tre og buskar på tørrare areal. ■ Tilgroing av vatn og våtare parti med takrøyr inneber akutt fare for raudlistearter.
Spesielle verneverdiar Landskap	Nasjonalt eineståande og heilskapleg sanddynelandskap med stor kontrast til landskapet i sør. Lagune og elvelaup skapar variasjon. Inkludert undersjøisk landskap.
Vegetasjon	Blant dei mest interessante og verdifulle planteområde i fylket og nasjonalt ! <i>Naturtypar:</i> Sanddyner, kulturbetinga engvegetasjon, kystlynghei, fattigmyr, vasskantvegetasjon, vassvegetasjon, undervass-, strandeng og strandsumpvegetasjon, med heile 27 veg.typar (A.L. 2010). <i>Artsfunn:</i> registrert 118 artar karplanter: mellom annakjempepiggnopp, andemat, vassgro, smalblada vasspest, takrøyr, marehalm, hestehavre, dunhavre, strandkveke, strandrug, havsevaks, fjøresevaks, sandstarr, blåstarr, flaskestarr, musestarr, sandsev, liljekonvall, sverdlilje, strandmarihand, jærflangre, sandvier, pors, strandarve, sandarve, vårarve, kystfrøstjerne, nordsjøreddik, blodtopp, rundskolm, vestlandsvikke, strandskolm, blodstorkenebb, vanleg blåfjør, klokkesøte, klokkelyg, røsslyng, klokkesøte, raudknapp, bakkestjerne, flekkgrisøyre og geitskjegg. Andre artar som er kjende frå området, men som ikkje blei registrert under synfaringa, er myrflangre, engmarihand, brudespore, bittersøte, bakkesøte og skaftevjeblom.

	<p>Samanheng og vekslingane mellom ytre strandsone, primærdyner, bakdyner med dynetrau og fuktige dyneenger, elvelaup og kantsonar. Normalt fine soneringar med strandreddik framfor aktivt dynebelte, i tillegg til dominerande marehalm og strandkveke. Her finn ein også artar som strandflatbelg og meir sjeldne artar som sodaurt, saftstjerneblom, sølvmelde og purpurmarihand,. Bakdynene med våte enger har fine pionersamfunn av breistarr, ulike sivartar, krypkvein, breiflange, bittersøte og bakkesøte m.fl. Sjeldne artar som pusleblom og firling (einaste i Rogaland), i tillegg til ei rekke sjeldsynte kulturmarksartar: hjartegras, nebbstarr, pusleblom. Innanforliggende romefukteng har klokkesøte, rødknapp, sylblad, flikbrønsle, geiteskjegg. Langs elvebredda finns sjeldne artar som vassgro, skåftsevje-blom, jærsviv og kransalger. Dynelynghei med dynetrau, der ein finn orkidear som bleiflangre, brudespore,jærmarihand (hybrid), strandtistel, engmarihand, natffiol, mosen Dactylorhiza sphagnicola. Nasjonalt sjeldne artar som strandmarihand, jærmarihand og strandtistel, og ei rekke soppartar (raudlisteartar: Sepultaria arenicola, Leptoglossum muscigenum, Rhodocybe popinalis med fleire, og mosen Bryum warneum). Lengst aust røsslynghei på sandgrunn - nasjonalt verdifulle og sterkt truga vegetasjonstype.</p>
Fauna	<p>Del av område 9, viktige hekkeområde for fugl i Ivo (Folvik, 2001): Vestre del Brusand:Tjeld, raudstilk, storspove, fiskemåke (6), svartbak, terner, ringdue, songlerke (6), linerle, heipiplerke, sivsangar, rørsangar, gråtrost, kjøttmeis, buskskvett, brunsisik, tornirisk. Austre del Vaulen: tjeld, enkeltbekkasin, raudstilk, fiskemåke, terner, ringdue, songlerke, skjærpiplerke, heipiplerke, torsangar, sivsangar, løvsangar, fuglekonge, svarttrost, rødvingetrost, røds-trupe, svartmeis, gjerdesmett, bokfink, brunsisik. Vaulen-området er tidvis viktig hekkeområde for hettemåke og terner, sterkt utsette for forstyring. Sjøen utanfor Brusand – Ogna viktig område for dykkarar og Jærens einaste faste overvintrings-populasjon av storlom. Sona vidare til Ogna er blant dei viktigaste for insektliv langs verneområdet, i tillegg til Orre-Reve, med ein rekke nasjonalt eineståande artar (NINA 2009).</p>
Kulturminne	<p>Pansersperringane som lange rader med betong («Hitler-tenner») er karaktertrekk. Nordvest for Hitlertennene er det også ei seks meter brei og tre meter djup grøft som tanks-sperre.</p>
Bevaringsmål	<ul style="list-style-type: none"> ■ Sikre det opne, nasjonalt eineståande, sanddyne- og lagunelandskapet som referanseområde, og eit av dei mest verneverdige område i Noreg ! ■ Ivareta dei ulike marktypene (inkl. ugjødsla naturbeite), vatn og våtmarksona, herunder suksesjonstrinn og økologiske gradientar frå ytre strand til veg i aust, jfr. Ramsar-krav. ■ Sikre habitat og såleis robuste bestandar for eit sjeldsynt stort biologiske mangfald av planteartar, insekt og småkryp. Nokre opptre med store populasjonar, som jærflangre. ■ Sona skal ikkje ha «Svartelisteartar», eller under full kontroll. ■ Rikskogbelte langs elva skal utvikle seg naturleg. ■ Sikre vasstanden i Fuglestadåna. ■ Oppretthalde verdi for hekkande prioriterte fugleartar og som trekk- og overvintringslokalitet i strand/sjø. <p><i>Verkemiddel:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Kanalisere ferdsel til forstranda.



FIGUR 53. Sone 35 Bru-sand sett frå «Hitlertennene» på Kvalbein. Bak stranda og dei store frontdynene ser ein bakdyneenger, Fuglestadåna og lagunen. Eit særst sjeldsynt naturlandskap. Foto A. Lundberg

<p>Restaurering/utbetring Kontinuerlig Skjøtsel</p>	<p>1.prioritet: klargjere landskaps- og vegetasjonsendringar som inneber trugsel mot raudlisteartar. Spesielt utviklinga av takrørvegetasjonen må handterast. Om mogleg etablere gjerding og ekstensivt beitebruk i samarbeid med grunneigarar (SMIL/RMP). Vidareføre fjerning av bartre, osp og anna lauskog unntatt rikskog-kantsone langs elva buskar/tre, i tillegg lupiner, berberis, tinnved og rynkerose. Enkelttre av furu og vier-vegetasjon kan stå att (også fugleverdi). Slått/brenning av lyng bør vurderast i høve uheldig konkurranse. Spesifikk habitat-skjerming og -skjøtsel for sjeldne planter og insekter.</p>
<p>Bruksinteresser (grunneigar/rettshavar)</p>	<p>Bruk av hest er forbode i heile sona, med unntak av på opparbeida veg langs nordre sonegrense til osen (verneregel §4 – pkt. 6). Tidlegare sameigepartar på statlig område 102/24 har strandrettar/vassrettar. Normalt vedlikehald av eksisterande pumpeanlegg kan skje utan vidare, løyve til evt. naudsynt utbetring kan påreknast. Løyve til evt. framtidig landfeste for laksenot-rett kan påreknast.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking. Bandtvangsbestemelsar.</p>	<p><u>Ferdskategori 3-4 Enkel tilrettelegging/skjerming:</u> Ein vesentleg del av arealet (900 daa) er statleg sikraStore og sårbare plante-, fugle- og landskapskvalitetar tilseier svært avgrensa tilrettelegging, spesielt i sentrale område. Ferdsel er i dag godt kanalisert frå parkering/toalett på nordsida av Fuglestadåna over ny terskel over elva til strandflate. Likeså p-plass og svilllesti frå Varden camping i sør og til stranda. Nyleg opparbeida sykkel/gangveg langs vegen, vidare mot sør går Nordsjøtur-vegen langs gamal jernbanespor til Ognå. <i>Forvaltningsmål:</i> Ivareta badestranda som viktig friluftsområde, inkl. universell tilrettelegging frå camping til strand. Samstundes unngå slitasje på sanddyner, planteliv og forstyrring av fugl. Aktuelt område for nye informasjonsskilt i nord (og sør) 2010. Betre kanalisering frå Varden til sjøen.</p>
<p>Anna t.d. oppsyn,overvaking,</p>	<p>Oppsyn hekkande fugl. Nærmare kartfesting av sjeldsynt planteliv og biotopotvikling. Overvaking av dei mest sjeldsynte planteartane i området, slike som engmarihand, strandmarihand, brudespore, jærtistel og klokkesøte. Systematisk insekts-registrering og kunnskap om habitat-krav.</p>

Sone 36 Varden-Osen, Hå kommune

Verneform: Plantefredning, landskapsvern

Sonekategori: B (Vanlig kulturlandskapsbruk) og A (Spesiell vernesone)

Gnr./Bnr

95/49,64,120,127,212,364,368,444, 508100/1, 5, 9, 12, 25, 27

Omtale

«Dette er ein av dei flottaste perlene langs Jærstrendene og eit av dei flottaste naturområda i landet. Sona har derfor svært høg verdi.» (AL 2010). Nordgrensa mot Brusand-sonen utgjør eit av dei mest markerte og tydelege geologiske landskapsskilte i landet, ved overgangen til det flate, lausmasserike Låg-Jæren. Skogvokst knauslandskap (Egersundsfeltet) vekslar med bakdynemark og viker med sandstrand og bergstrand. Nord for Ogna-elva finn ein særst verdifulle plantefredning. Representerer store verdiar for rekreasjon og friluftsliv. Planteskog, gjødsle beite og dyrka mark. 2 hytter.

Tilstand, trend og utfordringar

Tilstand: God;Trend: betre (mindre gjødsling)

- Noko slitasje, båttopplag o.l frå aukande ferdsel og campingaktivitet.
- Skog og restaureringsbehov i bakdynemark
- Ulovleg hesteriding og motorisert i sanddyner

Spesielle verneverdiar
Landskap

Veksling mellom bergkollar av anortositt (stadvis labradoriserande feltspat) og skjerna sandstrandbukter gir eit særprega, sjeldsynt og spennande landskapspreg. Inkludert undersjøisk landskap.

Vegetasjon

Naturtypar: Sandstrand, strandberg, strandsump, naturbeite, vasskant og vassvegetasjon (elv), einskilde grunnvass-framspring med kjeldevegetasjon. Samla 32 vegetasjonstypar (AL 2010) *Artsfunn:* Registrert 171 artar karplanter. Nokre av dei er: ormetunge, flotgras, kjempepiggeknopp, hjartetjønna, busttjønna, fjøresaulauk, myrsaulauk, takrøyr, marehalm, dvergsmyle, dunhavre, knegras, hjartegrass, mannosøtgras, strandkveke, strandrug, nålesevaks, sjøsevaks/ pollsevaks, sumpsevaks, fjøresevaks, standstarr, blåstarr, sandsev, kantkonvall, sverdlilje, strandmarihand, jærflangre, sandsev, pors, tangmelde, strandmelde, sylsmåarve, strandarve, sandarve, vårarve, nikkesmelle, kystfrøstjerne, nordsjøreddik, fløyelsmarikåpe, blodtopp, rundskolm, strandskolm, lodnestorkenebb, blodstorkenebb, tranehals, vanleg blåfjør, katterhale, tusenblad, gjeldkarve, klokkelyng, kusymre, jærse, bakkesøte, vass-mynte, temynte, gulmaure, bakkestjerne, katterfot, flekkgrisøyre, kystgrisøyre og geitskjegg. Plantefredinga er blant dei mest verdifulle i landet. Rik sumpvegetasjon med sjeldsynte strandmarihand, engmarihand, kjevlestarr, engstarr, småvassleie, tråttjønna, busttjønna, m.fl. Nasjonalt truga jærtistel. Rike tørrbakkar og beitemark med småmure, hjartegrass, vill-lin, fløyelsmarikåpe, hårstorr, trefingersildre, bakkestarr, engmarihand (fleire former), vårmarihand og brudespore. Knausane dannar ein viktig del av landskaps-mosaikken, dominert av artsrik naturbeitemark med innslag av regionalt sjeldsynte plantearter frå tilgrensande bakdynelandskap.



FIGUR 54.
Sone 36 Varden
– Osen. Holma-
sanden sett mot
Varden i nord.
Foto A. Lund-
berg

Fauna

Sonene Brusand – Varden - Ognå (og Reve -Orre) er blant dei viktigaste for insektliv, med ei rekke nasjonalt sjeldne artar (fleire nye artar for landet, NINA 2009).

Del av område 9 for hekkande fugl i lvo (Folvik, 2001): **Sandlo, tjeld, vipe, raudstilk, storspove**, enkeltbekkasin, **raudstilk, fiskemåke**, ringdue, **songlerke**, linerle, **skjærpiplerke, heipiplerke (5), torsangar (6)**, løvsangar, fuglekonge, gråtrost, svarttrost, rødvingetrast, måltrast, **buskskvett, steinskvett**, rødtrupe, kjøttmeis, gjerdesmett, bokfink, grønnefink, brunsisik, **tornirisk, grønnsisik, gulsporv**.

Inngår i storlom-lokalitet Brusand – Varden – Ognå. Mykje fugl seinhaust/vinter, med ender og dykkarar (m.a. horndykkar).

Kulturminne www.kulturminnesok.no

Innanfor Holmasanden ligg Slettabøbuplassen; ei gravrøys, to steinlegningar og fangstplass (steinalder og bronsealder).

100/9: Gravminne; 100/25: Gravminne; 95/164: Gravminne; 95/368: Gravminne; Busetting, 2 steinleggingar; 95/120: Busetting.

Brukstradisjonar

På toppen av Varden ligg ein signalvarde som del av det gamle varslingsystemet. Her er også kanonstillingar frå andre verdskrigen. Sona er viden kjent område for landskapskunst (maleri) frå 1800-talet til i dag. Aktiv landbruksdrift og beite.

<p>Bevaringsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Ta vare på eit særprega og sjeldsynt kultur- og naturlandskap med stor identitsverdi, inkludert marint verneområde. - Den svært store og uvanleg variasjon i landskapstypar og naturtypar skal oppretthaldast på 2009-nivå. - Sikre ugjødsla marktypar og tilknytta robuste bestandar av truga plante-samfunn/artar. - Sikre habitat for truga insektartar og eit rikt fugleliv under trekke/overvint-ring. - Samarbeid med grunneigarar om skogskjøtsel/resturering sanddynemark og tilpassa beitetrykk. - Oppretthalde verdi for prioriterte hekkande fugleartar.
<p>Skjøtsel Restaurering/utbe- tring</p> <p>Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Tynning/fjerning av planteskogen, spesielt langs vestre delen, for restaurere-ring av sandynevegetasjon (SMIL/RMP-aktuelt).</p> <p>Kontroll med slitasje i sanddyner og gjennomføring av naudsynte skjøtsels-tiltak. Plantefredingsarealet har 1. prioritet. Forbodet mot gjødsling bør følgjast opp med fastrute-registrering av vegetasjonsutvikling, saman med ekstensivt beite (SMIL/RMP-aktuelt). Rikmyra aust av elva (plantefreda) må jamnleg ryddast for mykje driv-søppel. Stadvis markerosjon frå beitedyr på 95/102 må utbetrast i samarbeid med grunneigar, likeså utgraving av dyrka mark Hesthamaren. Stogge gjødsling på offentleg areal. Utbetring av gjerde langs sørsida av elva.</p>
<p>Bruksinteresser (grunneigar/rettsha- var)</p>	<p>Området er eit populært turområde og om sommaren blir det også brukt til soling og bading. Den sørlege delen av området blir brukt som husdyrbeite, for storfe, sau og hestar. Opplag av mange fritidsbåtar sør for campingplassen er i strid med verneformålet. Vil krevje a) bruksrett/grunneigarrett til strand-sona og b) opplag berre i brukssesongen (ikkje vinter-opplag). Større areal med gjødsla beite og dyrka mark kan vidareførst, men ikkje i plantefredinga. Det er fleire godkjende traktortrasear til stranda. Gnr.bnr. 95/120 har rett til motorisert ferdsle via plantefreda areal til gjødsla beite-teig i nordaust.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdelskategori 1 -5. Stiar/traséar, parkering, andre kanaliseringstiltak, skilt og merking.</p>	<p><u>Kategori 3: Mindre omfattande tilrettelegging:</u> Statleg sikra natur- og fri-luftsområde Oгна/Stokkalandssjøen (293 daa). Offentleg sikra middels stor p-plass (95/444) «Tanginen» på vestsida av jernbanen på Oгна, med tilkomst-veg. Jordbruks-vegen frå riksveg 44 til Laugarvik skal vere stengt for vanleg ferdsel med bil – bør få «bilsperre». Toalett ved Laugarvika. Nordsjøturvegen er merka langs opparbeida turveg langs austgrensa. <i>Forvaltningsmål:</i> Ny infotavle ved «Tanginen» mars 2009. Konfliktdemping tiltak (informasjon og kanalisering).</p>
<p>Anna</p>	<p>Overvake populasjonsutvikling av sjeldsynte planteartar som jærflangre, strandmarihand, jærseøte, bakkesøte og ormetunge; samt insektsliv (NINA 2009). Overvaking slitasjeutvikling.</p>

Sone 37 Ognasanden, Hå kommune

Verneform: Plantefreding, landskapsvern
Sonekategori: A (Spesiell vernesone)

Gnr./Bnr

91/38; 95/54, 64 120,136, 222, 225, 237, 255, 272, 273, 287, 325, 336, 365, 368

Omtale

Referanseområde sanddynekyst, godt utvikla sanddyner og særleg breitt bakdyneland, elva med strandsoner og elveosen. Området inneheld fint utvikla sanddynevegetasjon med fleire sjeldne artar (også i skogen). Langs jernbanen planta barblandingsskog med furu og gran. Eit større areal dyrka mark. Nasjonal lakseelv. Inkludert undersjøisk landskap.

Tilstand, trend og utfordringar

Tilstand: god; Trend: stabil
■ Uønska planteartar i spreiring.
■ Avgrensa konflikt friluftsliv/landbruk
■ Ulovleg motorisert ferdsle og hesteriding.

Spesielle verneverdiar
Landskap

Særprege referanseområde av nasjonal verdi, inkludert undersjøisk landskap. Storskalalandskap med nasjonale opplevingskvalitetar. Fint utvikla dynebelte frå strand og heilt aust til og med skogen.

Vegetasjon

Naturtypar: Sanddyner, bakdyner, dynetrau, fukteng; med 13 vegetasjonstypar, nokre av dei med uvanleg store areal (bakdyne-utformingane, A.L. 2010). *Artsfunn:* Registrert 115 artar karplanter i 2009. Av desse kan nemnast: ormetunge, marehalm, dvergsmyle, dunhavre, hjartegrass, smårapp, strandkveke, sandstarr, blåstarr, sandsev, strandmarihand, jærflangre, myrflangre, strandarve, nikkesmelle, lodnerubloom, jåblom, rundskolm, strandkolm, skogskolm, vill-lin, vanleg blåfjør, kattehale, gjeldkarve, vaniljerot, røsslyng, småmure (før), jærstøte, temynte, gulmaure, raudknapp, bakkestjerne, kattedot, flekkgrisøyre og geitskjegg, mange av dei nasjonalt sjeldsynte. Sypressvortemjolk (opphavleg hageplante) opptre her fleire stader naturalisert, såleis ved stikanten i den nordaustre delen av planteskogen og i sørvendt tørrbakke ved strandberga i sørvest (masseførekomst). Området er elles rikt på regionalt sjeldsynte artar: bakkestorr, bittersøte, kystfrøstjerne, sandløvetann (*Taraxacum erythrosperma*), vårarve, engmarihand, akeleie, svarttopp, dvergvassoleie, nikkesmelle, stakekarse, oksetunge, og ormehode. I dynetrau fint kransalga *Chara globularis*. Nasjonalt sjeldsynte mosar som *Tortella flavovirens*, *T. inclinata*, *Catoscopium migratum*, *Didymodon acutus*; og soppane *Verpa conica*, *Leptoglossum muscigenum*, *L. lobatum*, *L. bryophilum*, *Geoglossum cookianum*, *Lamprospora crouanii* m.fl. Ribbesåtemose (*Campylopus introflexus*) er i ekspansjon i området. Sanddynevegetasjon er den mest utbreidde vegetasjonstypen: Fordyner med strandkveke. I dei kvite dynene (primærdynene) dominerer marehalm og strandrug. Bakdynene er arealmessig størst, med veksling mellom svingel-dyne, dyneeng og dynetrau. Mange av desse er artsrike og inneheld svært sjeldsynte planteartar, til dels i store mengder.
Jernbaneskogen med framande treslag som sitkagran, buskfuru, bergfuru og vrifuru. Feltsjiktet er variert med nasjonalt/regionalt sjeldne artar som myrflangre, strandmarihand, brudespore, olavstake, nikkesmelle, vårarve, skogskolm, skogflatbelg, vaniljerot, knerot, flekkgriseøyre, vårmarihand, småtveblad, korallrot, stortveblad, skogsiv og sandvintergrønn (nasjonalt sjeldsynt).

FIGUR 55.
Sone 37 Ognasanden heilt sør i verneområdet, er referanseområde og plantefreda; ein av dei desidert rikaste sonane langs Jærstrendene.



<p>Fauna</p>	<p>Inngår i område 9, viktige for fugl i lvo (Folvik, 2001): Ærfugl, sandlo, tjeld, vipe, storspove (6), enkelt-bekkasin, raudstilk, fiskemåke (5), makrellterne, raudnebbterne (4), ringdue, songlerke, gjøk, linerle, gråfluesnappar, heiplerke, torsangar, løvsangar, sivsangar, fuglekonge, gråtrast, svarttrast, rødvingetrast, måltrast, buskskvett (5), steinskvett, rødstrupe, svartmeis, stær, bokfink, kråke, brunsisik. Spesielt seinhaust/ tidleg vinter mykje fugl som lomar, ærfugl, havelle og sjørre. Del av fast overvintringslokalitet for storlom og andre dykkarar.</p> <p>Sonene langs Brusand – Varden - Oгна (og Reve -Orre) er blandt dei viktigaste for insektliv langs verneområdet med ein rekke nasjonalt sjeldne artar. Særst rikt insektliv (NINA 2009).</p>
<p>Kulturminne</p>	<p>Nasjonalt landskap for malarkunst. Industrihistorie (tare).</p>
<p>Bevaringsmål</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ta vare på eit særprega og sjeldsynt kultur- og naturlandskap med stor identitsverdi, inkludert sjøområdet. Sona er såkalla referanseområde som velutvikla sandyneområde (FM 1995). ■ Sikre robuste bestandar av truga plantesamfunn/artar, som jærflangre, myrflangre, jærsoete, ormetunge og vaniljerot. ■ Ivareta biotopar for sjeldsynte plante- og dyrelivverdiar. ■ Skogvegetasjonen bør skjøttast, for å fremje sjeldan skog på skjellsandgrunn, med tilknytta spesialisert planteliv. ■ Oppretthalde verdi for prioriterte hekkande fuglearter, og for sjøfugl under trekk/overvintiring.
<p>Skjøtsel Restaurering Kontinuerlig skjøtsel</p>	<p>Gran og buskfuru i skogen bør på sikt erstattast av spreidd norsk furu, lokal lauvskog. Fjerne skog i vestre 30 - 40 m. Aktiv bekjemping av uønska planteartar i sandynemark.</p>
<p>Bruksinteresser (grunneigar/rettshavar)</p>	<p>Skjerme dyrka mark/husdyr langs sørsida av elva. Samarbeid om betre gjerding og skilting.</p>
<p>Friluftsliv/allmenne bruksinteresser Ferdskategori 1 -5.</p>	<p><u>Kategori 4 (3): Passivt skjerma:</u> Offentleg sikra natur- og friluftsområde (160 daa) og «korridor» (12 daa) til stranda. Ikke tiltak som vil auke ferdsle, men kanalisering/info i høve dyrka mark og husdyr, ternekoloni og stadvis markslitasje. Sette opp nytt informasjonsskilt ved inngang i aust. Det er lov å sykle på etablert sti gjennom skogen Svingen – Sirevåg (jfr. § 3 pkt. 11)</p>
<p>Anna t.d. oppsyn, overvaking,</p>	<p>1. prioritetsområde for oppsyn, forskning og overvaking. Nærmare areal-kartfesting av sjeldsynt plante- og insektliv (NINA 2009). Langsiktig overvaking av sjeldsynte planteartar som jærflangre, myrflangre, jærsoete, ormetunge og vaniljerot</p>



FIGUR 56. Vadefugl under trekk langs Jærkysten. Foto R. Mangersnes

Sonekart 1- 37

Sonekarta følgjer nedanfor for alle 37 sonar. Sjø også oversiktskart over sonane innelliingsvis. For å gjere desse lesbare er berre eit utval av tema lagt inn, men kart-basen inneheld ei rekke andre underliggande tema av stor verdi for den praktiske forvaltninga, som biologisk mangfald og naturtypar, friluftsdatabar, kulturminne, diverse eigeomsopplysningar og markslag, og flyfoto.


I følgje verneforskrifta er følgjande brukstema spesielt framstilt på sonekarta:

- **Eksisterande dyrka mark og gjødsla beite** (§3 A-3) ved vernetidspunkt (2003):Areal samsvarer

i hovudsak med NIJOS-arealdatabar. Avvik frå desse skuldast til dømes gjødslingsforbod i plantefredingsområde, klare feil nederst i strandsona, og særskild verdifulle botaniske areal utan aktiv gjødsling i nyare tid.


- **Særskild kjøreløyve/transporttrasear** (§4 pkt. 6 og 7): For motorferdsle, hest og sykling på vegar opparbeida for biltrafikk. Bruk krev nærmare avklaring jfr. plandel 1kap. 5.

- **Ridetrase**(§3 A pkt. 12): Syner lovleg tilkomst med ridehest gjennom verneområde til strandflata. Sjø elles plandel 1 kap. 5.3.18 om hestebbruk.




Sone 2 B Randbergbukta - Tungevågen Randberg

- Landskapsvern
- Fuglefreding
- Plantefreding
- Naturminne
- Sonegrense
- Særskilde kjøreløype
- Fulldyrka
- Gjødsla beite
- Gjødsla jord i drift (innmarksbeite)













Sone 7 A (B/C) Ytre Skjærgård (med Rott) Sola


- Landskapsvern
- Fuglefredning
- Plantefredning
- Naturminne
- Sonegrense
- Fulldyrka
- Gjødsla beite
- Gjødsla jord i drift (innmarksbeite)

Fuglefredning

0 50 100 200 300 400
Meters







Sone 11 B Trælastranda - Ølbør del aust Sola

- Landskapsvern
- Fuglefreding
- Plantefreding
- Naturminne
- Sonegrense
- Særskilde kjøreløyve
- Fulldyrka
- Gjødsla beite
- Gjødsla beite















Sone 16 A Skarasanden-Byberg, Sola


- Landskapsvern
- Fuglefreding
- Plantefreding
- Naturminne
- Sonegrense
- Fulldyrka
- Gjødsla jord i drift (overflatedyrka)
- Gjødsla jord i drift (innmarksbeite)
- Parkering
- Særskilde kjøreløype
- ★ Offentleg friluftsareal











Sone 21 A (C) Reve hamn - Orreosen
Nordre del, Klepp

-  Landskapsvern
-  Fuglefreding
-  Plantefreding
-  Naturminne
-  Særskilde kjøreløype
-  Fulldyrka
-  Gjødsla beite
-  Gjødsla beite

0 50 100 200 300 400 500 600
Meters

